HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 24.01.2017
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 17.01.2017

Arnulf Goksøyr
ordførar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/17	Protokoll frå førre møte
PS 3/17	Delegerte saker
PS 4/17	Referatsaker
PS 5/17	Detaljreguleringsplan for øvre Flusund gnr. 27, bnr. 1 m. fl.
PS 6/17	Søknad om oppstart på detaljreguleringsplan: Del av B43 - Bustadfelt Leikong med naustområde
PS 7/17	Utviding av Flusund Gravplass - juridisk vurdering
PS 8/17	Gnr 38 Bnr 19 - Sal av eigedom
PS 9/17	Avtale - bruk av eigedom 20/27, 20/31 og 20/43
PS 10/17	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av ballbinge på Frøystad samt støtte til tiltaket
PS 11/17	Veg- og parkeringsområde Leikanger skule - behov for tilleggsløyving
PS 12/17	Økonomisk avslutning - Bubilparkering parken, Fosnavåg
PS 13/17	Økonomisk avslutning - Arbeid med offentleg parkeringsplass gnr. 34 bnr. 84 etter reguleringsplan
PS 14/17	Søknad om støtte frå regionale forskningsfond - FoU-prosjekt for taredyrking i Herøy
PS 15/17	Nerlandsøy vasslag BA - Ny søknad om kommunal lånegaranti
PS 16/17	Herøy brannvern -orientering om grunnleggande krav til beredskap, status og vegen vidare
PS 17/17	Herøyterminalen AS- driftsforpliktelsar
PS 18/17	Økonomisk sosialstønad - Herøy kommune
PS 19/17	Søknad om førehandsgodkjenning av startlån og tilskot til etablering
PS 20/17	Søknad om førehandsgodkjenning av startlån og tilskot til etablering
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 1/17	Søknad om skjenkevevilling til eit bestemt arrangement 16.01.2017 - (lukka arrangement)
DS 2/17	Skjenkebevilling - søknad om ambulerande skjenkeløyve for eit bestmet arrangement 03.12.2016 (lukka arrangement)

Referatsaker

RS 1/17	Uttale til søknad om løyve til akvakultur av makroalgar på Skarveskjæret i Herøy kommune
RS 2/17	Uttale til søknad om løyve til akvakultur av makroalgar i Måløysundet i Herøy kommune
RS 3/17	Pressemelding fra Finansdepartementet: Flere tollovertredelser skal avgjøres raskere og mer effektivt
RS 4/17	Regionvis fordeling av utviklingsmidlar og investeringar
RS 5/17	Status i deponisaka pr. desember 2016
RS 6/17	Måløy havneservice AS - oppseiing av avtale
RS 7/17	Høyring: NOU 2016: 26 - Eit framtidsretta kvotesystem + forslag til lov om opptak og bruk av skjermverdige objekt, militære anlegg eller områder og bunnforhold
RS 8/17	Dammer Sædalsvatn og Holmevatn - Gjerdsvika kraftverk - Klassifisering
RS 9/17	Norsk kulturskuleråd, Møre og Romsdal - årsmøte 2017
RS 10/17	Referat frå møte 05.12.2016
RS 11/17	Tenestestruktur i politiet - høyringsuttale frå Herøy kommune - tillegg
RS 12/17	16/6442-5 Utredning av lønns- og arbeidsvilkår for ansatte på skip i norsk farvann
RS 13/17	Furene AS - overdraging av aksjar
RS 14/17	Priv. til red. fra Finansdepartementet: Petter Kvinge Tvedt ny statssekretær for mediesaker
RS 15/17	Melding om vedtak
RS 16/17	Fylkesprisen Årets Bedrift 2016
RS 17/17	Innkalling til kontrollutvalsmøte 30.11.2016
RS 18/17	Endring i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/17 Protokoll frå førre møte

PS 3/17 Delegerte saker

PS 4/17 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/461
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/17	Formannskapet	24.01.2017

DETALJREGULERINGSPLAN FOR ØVRE FLUSUND GNR. 27, BNR. 1 M. FL.

Tilråding:

Formannskapet godkjenner søknad om oppstart for detaljreguleringsplan øvre Flusund med påfølgande varsel om oppstart jf. PBL § 12-8.

Særutskrift:

Vedlegg:
-1. Søknad om oppstart av privat planarbeid 27_1_øvre Flusund 11112016_PDF
-2. Referat frå oppstartsmøte 11.11.2016

Saksopplysningar:

Tiltakshavar og grunneigar Reidar Blankholm søker om løyve til oppstart av planarbeid på gnr. 27/1 m. fl. på Flusund. Formålet med planarbeidet er utarbeiding av ein detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område av gnr. 27 bnr. 1 på øvre Flusund. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt (figur 1).

Planområdet omfattar areal regulert i områdereguleringsplan for indre Bergsøy (PLANID 201247). Dette er gjeldande plan for arealet, og området er avsett til vern av kulturminner (omsynsone H570 og H730).

I kommuneplanens arealdel av 2015 er område for busetnad (B52). Her viser kommuneplanen tydeleg at området er tenkt som eit framtidig bustadområde.



Figur 1: Utsnitt frå gjeldande plan (Områdereguleringsplan indre Bergsøy ID201247). Svart linje viser tiltakshavar si tenkte plangrense. Tilrådinga frå administrasjonen er at ein også inkluderer området til raud linje i planområdet, slik at heile verneområdet inngår i omreguleringa.

Forslagstiller ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye bustadtomter og tilhøryande veg, infrastruktur, leikeplassar og gangstiar i samsvar med kommuneplanens arealdel innanfor planområdet.

Forslagstillar ynskjer å omregulere arealet VK3 til bustadføremål. Framtidig tilkomst til området er tenkt frå vest mot aust med ny avkøyring frå den framtidig offentleg regulerte vegen o_V25. Det er tenkt etablert leikeplassar internt i bustadområdet, interne vegar, gangstiar/korridorar som gir grunnlag for framføring av infrastruktur.

Frå administrasjonen er det gitt tydelege signal på at tilkomstveg skal gå via planlagt V25 jf. referat frå oppstartsmøtet (Vedlegg 2)

Vurdering og konklusjon:

Tiltakshavar har presentert idear som kommuneadministrasjonen jf. kommuneplanen sin arealdel stiller seg positive til. Bustadfeltet vil kome i konflikt med omsynsona i områdereguleringsplanen for indre Bergsøy, men tiltakshavar har gjennom kontakt med kulturminnemyndigheiter syt for at naudsynte utgreiingar og utgravingsarbeid vil verte gjennomført. Vedlagt ligg korrespondanse mellom fylkeskommune og tiltakshaver som stadfester dette. Eit framtidig bustadfelt i dette området vil sette i gong arbeidet med etablering av tilkomstveg V25, som vidare vil kunne føre til nye bustadprosjekt og utvikling av Flusund. Administrasjonen rår til at planområdet omfattar heile vernesona (grønt i figur 1) for å unngå at ein står igjen med små striper med verna areal etter omreguleringa.

Fosnavåg, 02.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

MASKIN-
ENTREPRENØRENES
FORBUND

B.TARBERG AS

Graving – Sprenging – Transport – Planlegging – Byggsøk – Rådgiving

GODKJENT FOR
ANSVARSRETT
DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

Moltustranda 11.11.2016

Formannskapet
Herøy kommune
PB 274
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Vår referanse: 201648

SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID

«Detaljreguleringsplan for øvre Flusund gnr. 27 bnr. 1 m.fleire»

På vegne av grunneigar av gnr. 27 bnr. 1, Reidar Blankholm, søkjer vi her om løyve til oppstart av privat planarbeid for eit område på øvre Flusund. Det er gjennomført oppstartsmøte med Utviklingsavdelinga den 11.11.2016, der det frå administrasjonen blei uttrykt at dei er positive til intensjonane med planarbeidet.

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område av gnr. 27 bnr. 1 på øvre Flusund (Bergsøya) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt.

Det er i dag ein gjeldande reguleringsplanar innanfor aktuell plangrense. Planområdet omfatter areal regulert i områdereguleringsplan for indre Bergsøy (PLANID 201247).

Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for busetnad (B52). Her viser kommuneplanen tydeleg at området er tenkt som eit framtidig bustadområde.



Forslag til plangrense vist med svart stipla linje

Hovudprinsipp for utnytting av området

Forslagstiller ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye bustadtomter og tilhøryande veg, infrastruktur, leikeplassar og gangstiar i samsvar med kommuneplanens arealdel innanfor planområdet.



3D perspektiv av hovudprinsipp for utnytting av tomteområdet

Aktuelle arealformål er bustad - frittliggjande (BFF), leikeplass (LEIK), køyreveg (f_V) gangveg (GS), annan veggrunn (AVG), parkering (P), grønstruktur (FRI) og øvrig kommunaltekniske anlegg (AKA). I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

Forslagstillar ynskjer å omregulere arealet VK3 til bustadføremål. Framtidig tilkomst til området er tenkt frå vest mot aust med ny avkøyring frå den framtidig offentleg regulerte vegen o_V25. Det er tenkt etablert leikeplassar internt i bustadområdet, interne vegar, gangstiar/korridorar som gir grunnlag for framføring av infrastruktur.

I oppstartsmøte med kommunen blei det peika på at tilkomst til området skal skje gjennom o_V25 (som er ein framtidig offentleg (kommunal) samleveg for eit større bustadområde som enno ikkje er realisert). Forslagstiller er samd i at dette bør vere den framtidige tilkomsten til området og ynskjer å ta dette inn i planforslaget. I den vidare planprosessen ynskjer ein å få avklart moglegheitene for å kunne få til ein mellombels tilkomst frå dagens kommunale veg «øvre Flusund» i på vente av at samlevegen blir realisert. Dette slik at det er mogleg for forslagstiller å bygge ut tomteområdet, for samstundes å knyte seg til den nye framtidige vegen når den blir realisert. Vi meiner dette kan løysast gjennom bruk av omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Dialog med fylkeskommunen rundt frigjeving av kulturminner

Når områdereguleringsplan for 201247 indre Bergsøy blei godkjent 27.11.2014 blei området bandlagt og avsett til «vern av kulturmiljø eller kulturminne»(VK3) for eigedomen til Reidar Blankholm gnr. 27 bnr. 1.

I brev frå fylkeskonservator Bjørn Ringstad av 28.08.2014 kan ein lese at fylkeskommunen opnar for ein dialog rundt omregulering av området og frigjeving av dei registrerte kulturminna på eigedomen. Utviklingsleiar Jarl Martin Møller har også vore positiv til intensjonane til å omdisponere arealet til bustadføremål, men understreka viktigheita av ein grundig dialog med fylkeskommunen i forkant av planprosessen. Dette meiner vi no å ha gjennomført og viser til vedlagt korrespondanse.

Basert på den faglege dialogen som har vore mellom grunneigar og fylkeskommunen kring området Vk3, tyder tilbakemeldingane på at det er mogleg med ei omdisponering av arealet til bustadformål under føresetnad at det blir utarbeidd ein detaljreguleringsplan. Fylkeskommunen har vore tydelege på dette i sine tilbakemeldingar. Fylkeskommunen er positiv til omdisponering av området VK3 gjennom ein planprosess. Etter dialog med fornminneseksjonen hjå Universitetet i Bergen, viser det seg at det er gitt ein dispensasjon av Riksantikvaren for lokalitet nr 17 og lokalitet nr 20 utan ytterlegare krav om arkeologisk registrering. Ei formell omdisponering og fjerning av RpBg – områda vil krevje ei reguleringsendring. Dette vil kunne skje gjennom ein prosess der ein utarbeider ein detaljreguleringsplan der ein formelt endrar arealformålet frå vern til bustadføremål gjennom eit planvedtak i kommunestyret.

På vegne av forslagstiller Reidar Blankholm ber vi om at formannskapet gir løyve til oppstart av privat planarbeid slik det her vert søkt om. Formålet og intensjonen med planarbeidet er i samsvar med kommunen sine målsettingar med fleire bustadtomter på Bergsøya.

Med vennleg helsing

Aleksander Z. Tarberg

Aleksander Zahl Tarberg
Daglig leder
B.TARBERG AS
Mob: 46674461
E-post: aleksander@btarberg.no

Vedlegg:

1. Planavgrensing og hovudprinsipp for utnytting av området
2. Korrespondanse med fylkeskommunen
3. Korrespondanse med fornminneseksjonen ved Universitet i Bergen
4. Referat frå oppstartsmøte med Herøy kommune av 11.11.2016
5. Brev frå fylkeskonservator Bjørn Ringstad
6. Brev frå utviklingsleiar Jarl Martin Møller

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA
TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026
b.tarberg@tussa.com
www.btarberg.no

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

Sak:	
Møtestad: Herøy rådhus	**Møtedato:** 11.11.2016
Deltakarar: Frå forslagsstillar Reidar Blankholm (grunneigar) Aleksander Tarberg (plankonsulent)	Frå kommunen Eivind S. Vikestrand Ole Magne Rokseth. Andre:

1. Planføresetnader

Plantype

☐ Områderegulering
☑ Detaljregulering
☐ Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)

Kommuneplanen sin arealdel.....

Kommunedelplan.....

Reguleringsplan.Områdereguleringsplan for Indre Bergsøy.....

Bebyggelsesplan.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

☐ Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

.....

☑ Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

Områdeplan for Indre Bergsøy.....

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)

Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

Mål for planarbeidet:
Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål
Omregulering av deler av gnr 27 bnr 1, området VK3, frå verneområde til bustadføremål.

Namn på planen:
Forslagsstillar sitt forslag til namn: Detaljreguleringsplan for øvre Flusund gnr. 27 bnr.1 m.fl

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

☐ **Planforslaget er i samsvar med overordna plan.**
☒ **Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.**

Merknad:.....

Pågåande planarbeid

☒ Det pågår ikkje anna planarbeid i området

☐ Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

Planprogram
Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ? Nei

Merknad:.....

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)? Nei

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad:.....
.....

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak Nei
Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:.....

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

☒ Kommunale vedtekter/forskrift - parkeringsvedtekt - forskrift om gebyrregulativ ☒ Kommunale retningslinjer - kommuneplanen sine retningslinjer - krav til leikeplassar ☒ Bestemmelsar i arealdel av k-plan	Merknad:

3. Viktige vurderingar	
3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.) 3.2. Strandsona til sjø og vassdrag 3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar 3.4 Miljøvernfaglege vurderingar 3.5 Kulturlandskap og kulturminne 3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS) 3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser 3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy 3.9 Kommunaltekniske anlegg 3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen ☐ Anna:	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: Foreslått at V2.5 i gjeldande plan ved utbygd som fikonstveg Vatn og Avløp: Avløp koplast til AKA8
4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	
Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	Merknad:
5. Kommunalteknisk anlegg	
Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betyding for tiltaket.	Merknad: Ja

☐ Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	Avklarast med Fred
☐ Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Nei

6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er planforslaget i samsvar med overordna plan? Nei

Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng? Ja

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan? Ja, med forbehold om arkeologisk avklaring.

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? Ja

Vidare saksgang:
Avklare kulturminne i vidare planprosess. Tiltakshavar søker om oppstart. Første mogleghet i januar 2017.

Anna:

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Stad, dato Fosnavåg 11.11.2016

Representantar frå kommunen: [signatures]

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar Reidar Blakstad

Advokat Zahl Tarbog (plankonsulent)

Aleksander

Fra: Arve Nytun <Arve.Nytun@mrfylke.no>
Sendt: 11. oktober 2016 11:08
Til: aleksander@btarberg.no
Emne: SV: 27/1 Reidar Blankholm - Flusund - Herøy

Hei Aleksander.

Beklager at du måtte vente, men eg har ikkje gløymt dykk. Eg vil vise til samtalen vi hadde pr. telefon den 20.09 at fylkeskommunen stiller seg positive til ein dispensasjon av omsnakka område. Dette med vilkår om arkeologisk utgraving.

Her må det då ei omregulering til, der lokaliteten skal merkast som rpbo område i plankarte samt endringar i føresegnene. Når ynskjer Reidar å sette i gang dette arbeidet?

Mvh

Arve Eiken Nytun
Arkeolog/Rådgivar – Formidlingskoordinator
Kulturvern
Tlf. 71 25 88 40

Møre og Romsdal fylkeskommune
Kulturavdelinga
http://www.mrfylke.no

Fra: aleksander@btarberg.no [mailto:aleksander@btarberg.no]
Sendt: 10. oktober 2016 20:22
Til: Arve Nytun <Arve.Nytun@mrfylke.no>
Kopi: Arve Nytun <Arve.Nytun@mrfylke.no>
Emne: 27/1 Reidar Blankholm - Flusund - Herøy

Hei Arve.

Eg håper du ikkje har gløymt meg.

Viser til telefonsamtale av 20.09 der du nemde dykk ville vere positive til ei evt omdisponering av VK3.

Eg skulle så gjerne hatt noko frå deg skriftleg, gjerne ein e-post, som stadfester ovannemde. Eg treng dette for å kome vidare med saka.

Høyrer frå deg.

Med vennleg helsing

Aleksander Zahl Tarberg
B. TARBERG AS
Tlf 46674461

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/1556
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/17	Formannskapet	24.01.2017

SØKNAD OM OPPSTART PÅ DETALJREGULERINGSPLAN: DEL AV B43 - BUSTADFELT LEIKONG MED NAUSTOMRÅDE

Tilråding:

Rådmannen rår til at søknaden om oppstart av detaljreguleringsplan for del av B43 vert godkjend.

Særutskrift:

Vedlegg:

1. Søknad om oppstart av planarbeid – Detaljplan for B43 og naustområde – Leikong i Herøy kommune, jf. PBL § 12-8.
2. Referat frå oppstartsmøte.

Saksopplysningar:

I samsvar med § 12.8 i Plan- og bygningslova vert det med dette lagt fram for formannskapet i Herøy
kommune spørsmål om oppstart av arbeid med reguleringsplan for B43 på Leikong i Herøy gnr. 76 bnr. 1 mfl. Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar m/ tilhøyrande infrastruktur. I tillegg finn tiltakshavar det tenleg å ta med naustområde som vil stette opp om tilbodet om bustadtomter.

Tiltakshavar: Raymond Audin Nykrem
Søknad om oppstart av planarbeid – detaljplan for B43 og
naustområde – Leikong i Herøy kommune, jf. PBL § 12-8

Areal planarbeidet vil omfatte:

Kartutsnittet nedom viser planarbeidet sine fasar. I fase 1 vil vi utgreie overordna forhold av betydning der vi ser heile eigedomen til Nykrem som er lagt ut til bustadbygging i samanheng. Dette slik at delutbygging kan skje på forsvarleg vis.

Moment som er tenkt avklara i denne fasen:

- Plassering av vegføringar for utnytting av heile eigedomen innan B43/prinsippskisse: kontroll med konstruksjon av lengdeprofil.
- Skisse med vurdering av /oppdeling i typar utbyggingsareal, leikeplassar inkl.
- Avgrense 1. delområde som kan byggast ut.
- Avklaring av rasfare.
- Avklaring av støysituasjon frå fylkesvegen.

I fase 2:

I denne fasen skal vi utarbeide ein detaljreguleringsplan for 1. byggetrin av bustadfeltet samt ta med nytt naustområde.

Bustadfeltet er tenkt til frittståande bustader og bustader i konsentrerte former. Tal bustader sjåast i samanheng med kostnader knytt til vegtilkomst, overvatn mv.

Naustområdet vert ein viktig del av tomtetilbodet. Tenkt avgrensing av naustområde vil avvike frå kommuneplanen. Endeleg avgrensing er ikkje klar. Siktemålet er å få til to rekkjer med naust og båtopptrekk. For å sikre båtopptrekket mot bølgjer kan det vere aktuelt med ein mindre molo utom opptrekket. Planavgrensinga må inkludere fyllinga. Før forvarsling vil vi søkje å avklare botndjupnene slik at grensa for varslingsområdet kan fastsetjast noko meir sikkert. Naustområdet ser tiltakshavar på

som eit tilbod utover tal bustader i 1. byggetrin for bustadfeltet. Nausta er tenkt med ulik storleik for å gje eit variert tilbod, jf. elles kommuneplanen sine reglar knytt til nauststorleik.



Kommuneplan:

Kommuneplanen sin arealdel 2013-2025 vart vedteken i kommunestyre i K-sak 137/14 i møte 24.11.2014. Området B43 er vist som framtidig bustadareal med krav om reguleringsplan. Langs stranda er sett av areal til naustføremål, men dette arealet er heller smalt og kan vere vanskeleg å få til god løysing for. Ei utviding medfører avvik frå kommuneplanen, men ikkje i omfang som medfører krav om konsekvensutgreiing.



Tilkomst – vegtilknyting offentleg veg:

Dei ulike bustadvegane som skal gje tilkomst til feltet og naustområdet vert frå fylkesveg 61. Plassering av kryss mv. avklarast i fase 1 av planarbeidet.

Særskilde moment:

Arealet inngår ikkje i kommuneplanen sin KU-del. Dette fordi arealet var med i førre kommunedelplan og at arealbruken er ført vidare i den nye planen. Rasfare og støy er særskilde moment som må avklarast. Elles vil avklaringar i høve naturmangfald og kulturminne skje som del av planprosessen. Hovudsaka er å få til ein plan som gjev eit godt attraktivt bustadtilbod. Dette betyr både eit variert bustadtilbod og god disponering av arealet slik at det vert grunnlag for eit godt bumiljø. For realiseringa av utbygginga må planen gjevast ei form som gjer stegvis utbygging av arealet realistisk og at vilkåra elles gjer utbygging økonomisk forsvarleg. Vi vil i den samanheng peike på naustområdet som særleg viktig i høve det samla bustadtilbodet og folk sine forventningar til å kunne nytte kysten i si fritid.

Plantype – utforming:

Tiltakshavar legg til grunn å fremje plansaka som ein detaljplan etter PBL § 12-3.

Vurdering og konklusjon

Tiltakshavar har presentert eit prosjekt for utvikling av nye bustadtomter og naustareal på Leikong. Ideane som er skildra og skissert er stort sett i tråd med kommuneplanen sin arealdel, med mindre justeringar på naustområdet. Ei eventuell utfylling i sjø vil vise tydeleg att i landskapet. I kommuneplanen sin arealdel er det avsett område til etablering av småbåthamn (SH6) i området sørvest for det skisserte naustområdet. Ei fylling med etablering av naust vil kunne etablere ein heilskapleg bruk av området, der ein kombinerer naust, båtopptrekk og på sikt ei småbåthamn.

Det tiltenkte bustadområdet ligg i bratt terreng og det må gjerast utgreiingar for å sikre arealet mot skred og anna geofare. Tiltakshavar er kjend med at tilkomst til tomtene skal vere i høve til vegnormalar for Herøy kommune og at dette kan vere krevjande. Administrasjonen ser positivt på etablering av nye bustader i området og meiner at planane vil gi ei positiv utvikling av areal på Leikong. Etablering av naust til eigedomane vil gi eit godt tilbod til dei busette og kan legge meir til rette for bruk av sjøareala i området.

Fosnavåg, 04.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

AG Plan og Arkitektur AS
Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •Rådgivande ingeniørers forening RIF

19.12.2016

Herøy kommune
Formannskapet
Pb. 274
6099 Fosnavåg

Søknad om oppstart av planarbeid – detaljplan for B43 og naustområde – Leikong i Herøy kommune, jf. PBL § 12-8

I samsvar med § 12.8 i Plan- og bygningslova vert det med dette lagt fram for formannskapet i Herøy kommune spørsmål om oppstart av arbeid med reguleringsplan for B43 på Leikong i Herøy gnr. 76 bnr. 1 mfl.

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar m/ tilhøyrande infrastruktur. I tillegg finn tiltakshavar det tenleg å ta med naustområde som vil stette opp om tilbodet om bustadtomter.

Tiltakshavar: Raymond Audin Nykrem

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA
Telefon: 70 06 16 00
firmapost@agplan.no
www.agplan.no
Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

Areal planarbeidet vil omfatte:

Kartutsnittet nedom viser planarbeidet sine fasar. I fase 1 vil vi utgreie overordna forhold av betydning der vi ser heile eigedomen til Nykrem som er lagt ut til bustadbygging i samanheng. Dette slik at delutbygging kan skje på forsvarleg vis. Moment som er tenkt avklara i denne fasen:

- Plassering av vegføringar for utnytting av heile eigedomen innan B43/prinsippskisse: kontroll med konstruksjon av lengdeprofil.
- Skisse med vurdering av /oppdeling i typar utbyggingsareal, leikeplassar inkl.
- Avgrense 1. delområde som kan byggast ut
- Avklaring av rasfare
- Avklaring av støysituasjon frå fylkesvegen

I fase 2:

I denne fasen skal vi utarbeide ein detaljreguleringsplan for 1. byggetrin av bustadfeltet samt ta med nytt naustområde.

Bustadfeltet er tenkt til frittståande bustader og bustader i konsentrerte former. Tal bustader sjåast i samanheng med kostnader knytt til vegtilkomst, overvatn mv.

Naustområdet vert ein viktig del av tomtetilbodet. Tenkt avgrensing av naustområde vil avvike frå kommuneplanen. Endeleg avgrensing er ikkje klar. Siktemålet er å få til to rekkjer med naust og båtopptrekk. For å sikre båtopptrekket mot bølgjer kan det vere aktuelt med ein mindre molo utom opptrekket. Planavgrensinga må inkludere fyllinga. Før forvarsling vil vi søkje å avklare botndjupnene slik at grensa for varslingsområdet kan fastsetjast noko meir sikkert. Naustområdet ser tiltakshavar på som eit tilbod utover tal bustader i 1. byggetrin for bustadfeltet. Nausta er tenkt med ulik storleik for å gje eit variert tilbod, jf. elles kommuneplanen sine reglar knytt til nauststorleik.

Kommuneplan:

Kommuneplanen sin arealdel 2013-20125 vart vedteken i kommunestyre i K-sak 137/14 i møte 24.11.2014. Området B43 er vist som framtidig bustadareal med krav om reguleringsplan. Langs stranda er sett av areal til naustføremål, men dette arealet er heller smalt og kan vere vanskeleg å få til god løysing for. Ei utviding medfører avvik frå kommuneplanen, men ikkje i omfang som medfører krav om konsekvensutgreiing.



Oppstartsmøte:

Saka har våre drøfta med utviklingslavdelinga v/ Erlend Sporstøl Vikestrand 5.12.2016. Vi viser til referat frå møtet. Tiltakshavar oppfatta møtet som svært positivt og at saka blei møtt med interesse. Oppstartsmøtet avklara moment som må nærmare utgreiast. Arealbruken vert elles i hht. dei rammene som kommuneplanen har fastsett. Naustområdet vert søkt utvida i høve kommuneplanen slik at det kan etablerat to naustrekkjer, båtopptrekk og ev ein mindre molo. Vi søkjer formannskapet om løyve til slik utviding som grunnlag for oppstart av planarbeidet. Nærmare plangrense fastsetjast i samråde med utviklingsavdelinga før forvarsling, jf. nærmare avklaringar i høve kartgrunnlaget.

Tilkomst – vegtilknyting offentleg veg:

Dei ulike bustadvegane som skal gje tilkomst til feltet og naustområdet vert frå fylkesveg 61. Plassering av kryss mv. avklarast i fase 1 av planarbeidet.

Særskilde moment:

Arealet inngår ikkje i kommuneplanen sin KU-del. Dette fordi arealet var med i førre kommuneplan og at arealbruken er ført vidare i den nye planen. Rasfare og støy er særskilde moment som må avklarast. Elles vil avklaringar i høve naturmangfald og kulturminneskje som del av planprosessen. Hovudsaka er å få til ein plan som gjev eit godt attraktivt bustadtilbod. Dette betyr både eit variert bustadtilbod og god disponering av arealet slik at det vert grunnlag for eit godt bumiljø. For realiseringa av utbygginga må planen gjevast ei form som gjer stegvis utbygging av arealet realistisk og at vilkåra elles gjer utbygging økonomisk forsvarleg. Vi vil i den samanheng peike på naustområdet som særleg viktig i høve det samla bustadtilbodet og folk sine forventningar til å kunne nytte kysten i si fritid.

Plantype - utforming:

Tiltakshavar legg til grunn å fremje plansaka som ein detaljplan etter PBL § 12-3.

Framdrift:

Tiltakshavar ønskjer å setje i verk planarbeidet snarast samt seinare kunne setje i verk utbygging straks reguleringsplanen er stadfest. Tiltakshavar torer difor å be om snarleg tilbakemelding på denne førespurnaden.

For tiltakshavar

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar, RIF.

(kaare.gjengedal@agplan.no)

Kopi til tiltakshavar: Raymond Audin Nykrem

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang). Det er eit vilkår at forslagsstiller har sikra fagkyndig deltaking i oppstartsmøte.

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, uttalar frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. kan bringe fram nye moment eller føre til krav/behov for endringar i planarbeidet. Oppstartsmøte skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men ikkje avgjerde viktige punkt som skal gjerast greie for i vidare planprosess fram til endeleg vedtak.

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

Sak:	**Gnr. 76**	**Bnr.**	1 m.fl.
Møtestad:			**Møtedato:**
Deltakarar: Frå forslagsstillar Raymond Nykrem Plankonsulent: AG Plan og Arkitektur AS v/Kåre Gjengedal			Frå kommunen Erlend S. Westrum Andre:

1. Planføresetnader

Plantype

☐ Områderegulering
☒ Detaljregulering
☐ Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
Kommuneplanen sin arealdel…Kommuneplan arealdel for Herøy 2013-2025 (

Kommunedelplan.....

Reguleringsplan.....

Bebyggelsesplan.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Er eigedomsgrenser i området av tilfredstillande kvalitet?
☐ Ja ☒ Nei (Dersom nei, skal det gjennomførast oppmåling/kvalitetssikring før oppstart av plan)

☐ Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

.....

☑ Planen vil erstatte delar av følgjande planar: Del av kommuneplanen Sm. arealdel.

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)
Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

Forslag til planområde er vist i vedlagte kartskisse for fase 1 og fase 2. Område merka som fase 2 er føreslått avgrensing av planområde for detaljreguleringsplan no.

Innleiingsvis vil ein gjere ei vurdering for heile området, jf. fase 1, for å fastsette overordna vegføring mm.

Mål for planarbeidet:
Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Å utvikle eigedomen til tiltakshavar på slik måte at den kan byggast ut trinnvis i hht. Kommuneplanen, her også ei justering av storleiken på naustområdet. Sjå vedlagt dokument S2-005 oppstartsmøte

.....

Namn på planen:
Forslagsstillar sitt forslag til namn:

Del av B43 – Bustadfelt Leikong med naustområde

.....

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

☒ **Planforslaget er i samsvar med overordna plan.**
☐ **Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.**

Merknad: Bustadfelt er i samsvar, havstad avviker mobo.

Pågåande planarbeid

☒ Det pågår ikkje anna planarbeid i området

☐ Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

Planprogram
Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ? Nei

Merknad:..... Planprogram vurdert frå forslagsstillar å ikkje vere naudsynt.

.....

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)? Nei

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad:...Konsekvensutgreiing vurdert frå forslagsstillar å ikkje vere naudsynt. Jf. samsvar med K-plan og utviding av planområdet i høve K-plan med naustområde på 5-7 daa.

.....

.....

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak
Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova) Nei

Merknad:.....Ikkje aktuelt.....

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

☒ Kommunale vedtekter/forskrift - parkeringsvedtekt - forskrift om gebyrregulativ ☒ Kommunale retningslinjer - kommuneplanen sine retningslinjer - krav til leikeplassar ☒ Bestemmelsar i arealdel av k-plan	Merknad:

3. Viktige vurderingar

3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: Vegføringar, bustadformer, høgder
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Naustområde – behov for særlege utgreiingar?
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Avklara i K-plan med unntak
3.4 Miljøvernfaglege vurderingar	
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Støy og avdempande tiltak, rasfare, omsyn til landskap, trafikktryggleik.
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	Obs: Leikeplasser.
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy	Viser til kommunen sin vegnormal.

3.9 Kommunaltekniske anlegg 3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen 3.11 Enkel trafikkanalyse (køyrevegar og sykkelvegar), dagens situasjon. ☐ Anna:	Partane er kjende med nærmaste påkopling for avløp samt vassverk. Evt. overtakelse av veg dersom utbyggingsavtale vert inngått. viser til vegh.bok og retningslinjer frå statens vegvesen.
4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	
Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	Merknad: Ok
5. Kommunalteknisk anlegg	
Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betyding for tiltaket. ☒ Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget ☒ Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Merknad: Ok

6. Kommunen sine råd og vurderingar
Er planforslaget i samsvar med overordna plan? Bustadområdet ja: Nærst: Delvis
Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng? I følge kommuneplanen ja.
Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan? Ja
Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? Ja
Vidare saksgang: kommunen gjeldar opp bua som bergs for behandling i formannskapet.
Anna:

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Endringar som må gjerast i planen etter offentleg ettersyn må gjerast av konsulent.

Stad, dato..Herøy.....5. desember.....

Representantar frå kommunen:.....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar.....

Vedlegg: Oversikt over plandokument og plandata

Materiell	Filtype	Til fastsetting av planprogram/ varsel om oppstart	Til offentleg ettersyn	Til 2. gangs offentleg ettersyn	Kommentarer
Utfylt referat frå oppstartsmøte	pdf				Innsendast minst ei veke før oppstartsmøte
Planprogram	pdf	x	-	-	
Planprogram	word	x	-	-	
Planomtale m/vedlegg	pdf	x	x	x	
Planomtale m/vedlegg	word	-	x	x	
Planomtale m/vedlegg	papir	x	x	x	
ROS-analyse	pdf	x	x	x	
ROS-analyse	word	-	x	x	
ROS-analyse	papir	x	x	x	
Avis-annonser	pdf	x	x	x	
Avis-annonser	word	-	x	x	
Avis-annonser	papir	x	x	x	
Plankart	SOSI	-	x	x	Ei fil pr. vertikalnivå i planen, etter gjeldande SOSI-standard. Skal sendast inn etter offentleg ettersyn når planen er klar til slutthandsaming
Plankart	papir x3	-	x	x	I fargar
Plankart	pdf	-	x	x	Målestokkriktig.
Plankart	dwg	-	(x)	(x)	Dersom slike filer er tilgjengelige.
Teiknforklaring	pdf	-	x	x	Teiknforklaring til plankart
SOSI-kontroll	txt	-	x	x	Ei fil for kvar SOSI-fil.
Føresegner	pdf	-	x	x	
Føresegner	word	-	x	x	
Føresegner	papir	-	x	x	
Varslingsbrev	pdf	-	x	x	
Varslingsbrev	word	-	x	x	
Varslingsbrev	papir	-	x	x	
Innkomne merknader	pdf	-	x	x	
Innkomne merknader	papir	-	x	x	
-illustrasjonsplan	pdf	-	x	x	Målestokkriktig.
- 3-D modell	vrml	-	x	x	Alt. kml/kmz/x3d/3ds
Gebyrgrunnlag	pdf	-	x		

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2016/476
		Arkiv:	D41

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Formannskapet	24.01.2017

UTVIDING AV FLUSUND GRAVPLASS - JURIDISK VURDERING

Tilråding:

Formannskapet ber om at areal for utviding av gravplass på Flusund vert taksert og at det vert gjennomført forhandlingar og satt fram tilbod om kjøp av grunn frå berørte grunneigarar.

Dersom ikkje forhandlingane fører fram skal det leggast fram eiga sak der det vert vurdert oreigning av areal for utviding av gravplassen.

Særutskrift:
Sameiget Flusund v/Per Kristian Furø
Terje R Flusund Flusundvegen 75 6091 Fosnavåg
Kyrkjeverja
Eldrerådet

Vedlegg:
Vedlegg
1 Notat Flusund gravplass

Saksopplysningar:

På bakgrunn av at det no byrjar å verte lite ledig gravreserve på Flusund gravplass vil det vere naudsynt at Herøy kommune startar arbeidet med å skaffe grunn til utviding av Flusund gravplass. Erfaringsmessig tek det ein god del tid frå ein kan starte opp planarbeidet til utvidinga er ferdig og klar til bruk.

Etter Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) § 2 er det kommunen som skal "sørge for at det er tilstrekkelig areal til kirkegard". Vidare seier Lov om Den norske kyrkje (Kyrkjelova) § 15 at det er kommunen sam skal dekkje utgiftene til anlegg og drift av kyrkjegardar etter budsjett frå fellesrådet.

Formannskapet handsama saka i møte 22.11.16 og gjorde slikt vedtak:

Før administrasjonen går i vidare forhandlingar med grunneigarane ber formannskapet om at omstenda rundt dei tinglyste avtalane med grunneigarane av bnr. 27 gnr.3 og bnr. 27 gnr. 6 vert avklara.

Administrasjonen har på bakgrunn av vedtaket henta inn juridisk vurdering frå Judicia v/Reidar Andresen der det sentrale spørsmålet er :

I det videre drøftes hvilken betydning de tinglyste avtalene med grunneierne av bnr. 27 gnr. 3 og bnr. 27 gnr. 6 får for kommunens mulighet til utvidelse av gravplassen nå.

Terje Paulsen Flusund med gnr. 27 bnr. 6 viser til avtale med Herøy kommune av 1986, hvor det fremgår i klartekst at «Det skal ikkje gjerast fleire inngrep i Gnr. 27 bnr. 6 for utviding av kyrkjegarden.» Avtalen er tinglyst.

Også for gnr. 27 bnr. 3 fremgår det i klartekst i tinglyst «Avtale om grunnavståing» at «Det skal ikkje gjerast fleire inngrep i gnr. 27, bnr. 3 for utviding av kyrkjegarden».

En slik avtale med kommunen medfører at Herøy kommune har forhåndsbundet sin myndighetsutøvelse.

Spørsmålet er dermed om kommunen har adgang til slik forhåndsbinding ?

Etter ulovfestet rett utviklet gjennom rettspraksis, har kommunen en forholdsvis snever adgang til å forhåndsbinde sin myndighetsutøvelse. Forutsetningen er at vi er på et område hvor kommunen utøver skjønn.

Judicia v/Reidar Andresen oppsummerer saka slik :

> Samlet sett foreligger det i utgangspunktet en klar og konkret uttalelse, som i tillegg er tinglyst. Avtalen er godkjent av formannskap og kommunestyre, slik at personell kompetanse foreligger. Forhåndsbinding var nødvendig på tidspunktet for avtaleinngåelsen, men det vil likevel stride mot lovens formål å anse kommunen forhåndsbundet for all overskuelig fremtid. Reelle hensyn taler videre mot at avtalen innebærer at man forplikter seg til å frastå fra inngrep i eiendommene i all overskuelig fremtid.
>
> Under tvil kan kommunen ikke anses å være forhåndsbundet til å avstå fra eiendomsinngrep i de aktuelle eiendommene for all overskuelig fremtid. Dette må ses i lys av presumsjonen om at det skal adskillig til for å anse kommunen å ha forhåndsbundet seg, jf. Mardøla-dommen.

Konsekvenser av ein evt.bindande avtale vert vurdert slik:

> Dersom man skulle finne at avtalen er bindende for kommunen, blir spørsmålet hva konsekvensen av et eventuelt brudd på denne blir.
>
> I Rt. 1992 s. 1235 (Fiskerikvote-dommen), uttales det:
>
> > «Jeg er enig med lagmannsretten i at tilsagnene kan gi grunnlag for et erstatningskrav mot staten selv om det skulle være så at departementet ikke rettslig kunne forplikte seg til å gi kvoter i samsvar med tilsagnene. Det blir i tilfelle spørsmål om erstatning for et innrettelsestap.»
>
> Tilsvarende følger av Rt. 1925 s. 988, hvor man fikk tillatelse til import av bisamrotter i forbindelse med anleggelse av en dyrepark. Importen ble imidlertid stanset, da det senere ble nedlagt forbud mot import av slike dyr. Selskapet krevde erstatning, og fikk medhold på grunnlag av at tillatelsen ga dem «en ret til indførsel av dyrene, som ikke myndighetene bakefter uten videre kan frata det uten at betale erstatning.» (s. 992).
>
> Brudd på bindende myndighetsutøvelse kan altså teoretisk sett utløse et erstatningskrav.
>
> Eckhoff fastholder i «Uttalelser, tilsagn, avtaler og vilkår i forvaltningsretten» (Jussens venner 1975 s. 133-182) at tilsagn om at offentlig myndighet ikke vil bli benyttet må betraktes som et enkeltvedtak. Dermed har man også en omgjøringsadgang etter fvl. § 35.
>
> Avslutningsvis nevnes, det som i dag synes å være det praktiske, nemlig at kommunen fortsatt har adgang til å ekspropriere det aktuelle området til gjennomføring av reguleringsplan, jf. orl. § 2 (1) nr. 1 og pbl. § 16-2.
>
> Fremgangsmåten ved en eventuell ekspropriasjonssak bør vi avklare nærmere oss i mellom.

Den fullstendige juridiske vurderinga ligg som vedlegg til saka.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at administrasjonen går vidare i dialog med grunneigarane for å sikre naudsynte gravreservar. Dette inneberer at området som er satt av til gravplass i kommuneplanen vert taksert og det vert satt fram tilbod til respektive grunneigarar med tanke på frivillig løysing.

Dersom ikkje ein når fram med ordinære forhandlingar rår rådmannen til at det vert fremja ei ny sak for formannskap og kommunestyre med sikte på oreigning av naudsynt areal. Ei oreigningssak står på eigen «kjøl» med eiga administrativ og politisk handsaming av spørsmål om oreigning.

Fosnavåg, 06.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

JUDICIA

Herøy kommune
v/ Jarl Martin Møller
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Ålesund, 16.12.2016
Ansvarlig advokat: Reidar Andresen
Vår ref.:16-11115

VEDR. UTVIDELSE AV FLUSUND GRAVPLASS- NOEN VURDERINGER

Det vises til tidligere korrespondanse angående utvidelse av Flusund gravplass.

Nedenfor følger en redegjørelse for betydningen av de tinglyste avtalene fra 1986 med grunneierne, herunder hvilke «handlingsrom» kommunen nå har.

1. Sakens faktiske side

Herøy kommune ønsker å utvide Flusund gravplass, for å sikre areal til fremtidig bruk.

Bakgrunnen er at eldrerådet traff vedtak den 11.4.2016, med følgende ordlyd:

1. *«Ut fra dagens situasjon, med relativt lite ledig areal ved Flusund gravplass, meiner eldrerådet at Herøy kyrkjelege fellesråd no må ta opp saka om utviding av gravplassen.*
2. *Eldrerådet finn det naturleg at ein ved utvidinga legg til grunn det arealet som er avsett til formålet i kommuneplanen for 2013-2015.*
3. *Eldrerådet vil vidara be om at ein ved planlegging av arealet her også vurderer mulegheitene for ein betre tilkomst frå parkeringsplassen og til det nye feltet.»*

Saken ble også behandlet i Fellesrådet, som har traff følgende vedtak den 20.4.2016:

> *«Herøy kyrkjelege fellesråd viser til Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd § 2 og bed om at Herøy kommune snarleg ervervar grunn til utviding av Flusund gravplass i tråd med vedteken kommuneplan for Herøy kommune 2013-2014.»*

På bakgrunn av disse vedtakene sendte rådmannen ut brev den 28.4.2016 til aktuelle grunneiere innenfor område som er avsatt til kirkegård, med tanke på erverv av areal.

Det er eiendommene med bnr. 27 gnr. 3 og bnr. 27 gnr. 6 som er aktuelle. Tilbakemeldingene fra disse grunneierne har vært negative. Begge grunneierne viser i den anledning til eldre avtaler som er inngått, som legger til grunn at gravplassen ikke skal utvides videre mot deres respektive eiendommer.

Siste utvidelse skjedde i 2008, hvor en utvidet gravplassen med ca. 3,7 mål. Siden da er det tilført ca. 3000 nye gravplasser til Flusund gravplass. Fra 2008 er ca. 130 graver brukt, og behovet pr. år utgjør rundt 41 graver.

Situasjonen er altså kritisk med hensyn til gravreserver. Det er dermed få andre alternativer enn utvidelse av eksisterende gravplass.

2. Sakens rettslige side

I det videre drøftes hvilken betydning de tinglyste avtalene med grunneierne av bnr. 27 gnr. 3 og bnr. 27 gnr. 6 får for kommunens mulighet til utvidelse av gravplassen nå.

Terje Paulsen Flusund med gnr. 27 bnr. 6 viser til avtale med Herøy kommune av 1986, hvor det fremgår i klartekst at «Det skal ikkje gjerast fleire inngrep i Gnr. 27 bnr. 6 for utviding av kyrkjegarden.» Avtalen er tinglyst.

Også for gnr. 27 bnr. 3 fremgår det i klartekst i tinglyst «Avtale om grunnavståing» at «Det skal ikkje gjerast fleire inngrep i gnr. 27, bnr. 3 for utviding av kyrkjegarden».

En slik avtale med kommunen medfører at Herøy kommune har forhåndsbundet sin myndighetsutøvelse.

Spørsmålet er dermed om kommunen har adgang til slik forhåndsbinding ?

Etter ulovfestet rett utviklet gjennom rettspraksis, har kommunen en forholdsvis snever adgang til å forhåndsbinde sin myndighetsutøvelse. Forutsetningen er at vi er på et område hvor kommunen utøver skjønn.

I Rt. 1971 s. 228 (Råkollveien) var det spørsmål om kommunen hadde bundet seg ved valg av veitrase. A hadde inngått en makeskifteavtale med kommunen. Året etter vedtok imidlertid kommunestyret en reguleringsplan som medførte at vei ble lagt over den eiendom A hadde overtatt ved makeskifte, og kommunen begjærte skjønn for å erverve grunn til veien.

Ordføreren hadde her gitt A et løfte om at veitraseen ikke skulle berøre hans parsell. Høyesterett legger klart til grunn at «Ordføreren kunne ikke alene binde kommunen med hensyn til valget av trasé for Råkollveien, og det er heller ikke hevdet at noen bindende muntlig avtale ble inngått under møtet 27. november 1967.» Man fant ikke her at kommunestyret direkte eller forutsetningsvis hadde tatt stilling til trasévalget. Ordføreren hadde altså ikke alene personell kompetanse til å forhåndsbinde kommunens myndighetsutøvelse.

I Rt. 1973 s. 107 (Mardøla) kommer Høyesterett med uttalelser om betingelsene for at staten skal være rettslig bundet av utsagn om fremtidig utøvelse av forvaltningsmyndighet.

I saken ble det innhentet samtykke fra Stortinget, før det ved kongelig resolusjon ble besluttet å utbygge Mardølavassdraget ved å lede vannet til Grytten istedenfor til Eikesdal. Nesset kommune og grunneierne hevdet at det forelå bindende tilsagn som var til hinder for overføring til Grytten, men fikk ikke medhold.

Høyesterett uttaler i den forbindelse:

> *«Utgangspunktet må være at tungtveiende grunner taler mot at staten ved dispositive utsagn binder sin forvaltningsmyndighet for fremtiden, og at det derfor er en ganske sterk presumsjon mot at staten er bundet. Jeg viser for så vidt til de dommer som er nevnt av overskjønnsretten, og til dommene i Rt-1931-1138 og Rt-1931-1158 og Rt-1032-639.»*

Man fant her at et kompetent organ hadde gitt utsagnet, men det understrekes likevel at:

> *«Med de strenge krav som må være tilfredsstilt for at den kompetente myndighet skal være bundet, mener jeg at en forutsetning om at staten pådrog seg en rettslig forpliktelse til å avstå fra ytterligere vannoverføring, måtte være kommet klart til uttrykk.»*

Av dommen kan man altså trekke ut at det både må være den som kan treffe vedtaket som har gitt utsagnet (personell kompetanse), og forutsetningen må ha kommet klart til uttrykk. Det foreligger en sterk presumsjon mot at staten er bundet.

Dugnadstimar:

Alt. 1. 30 timar

2 mann à 15 timar x kr. 250,- = kr. 7.500,- -- Ørstafundament,

Eller

Alt. 2. 50 timar.

2 mann à 25 timar x kr. 250 = kr. 12.500,- - Støyping av fundament.

VEDL. 6. A

Navn på anlegget:
Anleggsnr.

FINANSIERING

De ulike deler av finansieringsplanen for anlegget må dokumenteres med vedlegg.
Finansieringsplanen må dekke de samlede kostnader ved bygging av anlegget.

		Beløp	Bilag nr	Beløp godkjent av fylkeskommunen
1. Søknadssum SPELEMIDLAR	Kr	300,000		
2. Egenkapital	Kr	10,000		
3. Kommunalt tilskudd	Kr			
4. Fylkeskommunalt tilskudd	Kr			
5. Private tilskudd	Kr	100,000		
6. Lån	Kr			
7. Dugnad	Kr	100,000		
8. Gaver/rabatter	Kr	20,000		
9. Andre tilskudd MVA-komp.	Kr	107,000		
10. Tidligere spillemidler	Kr			
Sum		**637,000**		-

Dokumentasjon på finansiering:

Egenkapital dokumenters med utskrift fra den opprettede anleggskontoen.
Egenkapital skal være innført på denne kontoen når søknaden fremmes.

Kommunalt tilskudd bekreftes med kopi av vedtaksprotokoll.

Fylkeskommunalt tilskudd bekreftes med kopi av vedtaksprotokoll.

Private tilskudd kan føres opp her, dokumentert med gavebrev, kontoutskrifter, e.l.
Søker må vurdere om private tilskudd heller skal inngå som egenkapital.

Lån dokumenteres med et lånetilsagn fre bank e.l.

Dugnad godkjennes med det samlede beløp som er ført opp i kostnadsoverslaget (se side 2).
Søkeren forplikter seg til å utføre dugnadsarbeid gjennom å føre opp dette beløpet.

Gaver/rabatter bekreftes gjennom gavebrev og/eller skriftlig tilsagn fra ulike firma som gir rabatt på kjøp av varer.

Det vil i regnskapet ikke bli godkjent høyere verdi for dugnad/gaver/rabatter enn det beløp som godkjennes i søknaden.

Andre tilskudd bekreftes gjennom dokumentasjon (tilskuddsbrev e.l.).

Tidligere spillemidler bekreftes gjennom kopi av tilskuddsbrev fra fylkeskommunen.

FØLGENDE VEDLEGG SKAL FØLGE SØKNADEN:

Vedlegg nr 1: Forhåndsgodkjente planer med behovsoppgave for anlegget.
Vedlegg nr 2: Detaljert kostnadsoverslag.
Vedlegg nr 3: Dokumentasjon på de ulike deler av finansieringsplanen (*se ovenfor*).
Vedlegg nr 4: Plan for drift av anlegget.
Vedlegg nr 5: Kopi av bekreftet grunnboksutskrift.
Ved avtale om feste/leie kreves også kopi av tinglyst feste-/leieavtale (min. 20 år).

VEDL. 6. B.

Børge Gjelseth

From: Per Ronald Knutsen <perronald.knutsen@sbm.no>
Sent: Tuesday, November 29, 2016 2:17 PM
To: Børge Gjelseth
Subject: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Børge,

Under forutsetning av fullfinansiering og godkjenning i ulike fora vil Sparebanken Møre bidra med kr. 50 000,- til dette flotte ballbingeprosjektet.

Med vennleg helsing

Per Ronald Knutsen | Banksjef – Autorisert finansiell rådgjevar | Sparebanken Møre, Fosnavåg
Tlf. 90 50 51 13 | sbm.no | Facebook | Engasjert!

SKYPE MED EN RÅDGIVER
CHAT MED KUNDESERVICE
CHAT FRA NETTBANKEN

Fra: Børge Gjelseth [mailto:bgj@mmc.no]
Sendt: 28. november 2016 17:22
Til: Per Ronald Knutsen
Emne: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Per Ronald,

Frøystad grendalag fikk for en stund siden avtale med Herøy kommune om å kunne overta skuletomta på Frøystad.
I denne forbindelse har vi laget en plan over hva som bør gjøres for å gjøre plassen til et trivelig område for små og store.
Vi ser stor verdi i å kunne bygge en ballbinge, og jobber nå med finansieringen av denne.

Slik det ser ut nå vil totalprisen beløpe seg til underkant av 400 000.- ex moms:
300 000.- ballbinge med tillhørende lys, 60 000.- opparbeiding av område, 10 000.- grunnmur.
Bygging, forskaling ++ vil bli gjort i form av dugnad.
Vi håper på å oppnå 50% støtte fra tippemiddler.

Hadde i dag møte med Eileen Gjerde i kommuna.
Det vi mangler nå er en totalplan for finansieringen. Grendalaget har noe egenkapital, men dette er øremerket en gapahuk, samt tiltak på isbana.
Hjelp fra våre lokale sparebanker ville være svært kjærkomment.
Er det mulighet for Sparebanken å kunne støtte tilltaket med Ballbinge på Frøystad?

Mvh
Børge Gjelseth
/på vegne av Frøystad Grendalag

VEDL. 6.C

Børge Gjelseth

From: Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>
Sent: Wednesday, November 30, 2016 9:23 AM
To: Børge Gjelseth
Subject: SV: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Det er ei eiga nemnd som tildeler midlane med oss.
Vanskeleg å forespeila i dag, men ein stad mellom 25 000 og 50 000 vil eg tru kan vere mulig å oppnå.

Med venleg helsing
Svein Nærø
Kontorleiar Herøy
SpareBank 1 Søre Sunnmøre

70070000 – Kundesenter (Alle dagar 7-24)
70070007 – Bedriftssenter (Måndag-fredag 8-16)
98287880 – Direkte
Epost- svein.naro@sparebanken.no
sparebanken.no

Fra: Børge Gjelseth [mailto:bgj@mmc.no]
Sendt: 30. november 2016 09:10
Til: Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>
Emne: Re: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Svein,

Takk for svar.
I denne omgang er spørsmålet om støtte mest tenkt som grunnlag for total finansieringsløsning.
Avtale om tomta kom seint i forhold til frist for søknad om ballbinge. Fristen går ut i morgen, og da må vi ha en plan for finansiering klar.

Per Ronald i SBM svarte at de vil støtte dette flotte prosjektet med 50 000.- dersom ellers alle rammer for slike tiltak er i oppfylt.

Jeg kjenner til at en kan søke prosjektmidler hos dere, og dette vil vi gjøre. Men kan du si noe om sannsynlighet for å oppnå dette, og eventuelt beløp?

Best regards

Børge Gjelseth
Sales & Marketing Director
MMC GREEN TECHNOLOGY AS
Mjølstadneset
N-6092 Fosnavåg
Phone: + 47 815 70 002
Cell: +47 90 06 11 97

Den 30. nov. 2016 kl. 08.48 skrev Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>:

VEDL. 6.D

Frøystad Grendelag
v/ Robert Valø
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544

e-post: robert@baro.no

Plan for drift av anlegget -

Ballbinge Frøystad Grendelag.

Vi har oppretta ei ansvargruppe i Grendelaget som hovedsaklig vil stå for drifta av anlegget.

I tillegg skal også andre foreldre innvolverast i driftsansvaret.
Dei skal syte for at anlegget til ei kvar tid er i god stand.

Vår bane skal være åpen heile året, også vintertid, slik at ungdomane kan møtas meir spontant gjennom heile året. Ballbingen vil være stengt mellom kl.22.00 og fram til kl. 08.00

Bølandet, 15.11.2016

Robert Valø
Frøystad Grendelag

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2012/317
		Arkiv:	Q52

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/17	Formannskapet	24.01.2017
	Kommunestyret	02.02.2017

VEG- OG PARKERINGSOMRÅDE LEIKANGER SKULE - BEHOV FOR TILLEGGSLØYVING

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert tilført nye midlar, 1 200 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga

Bakgrunn:
Det blir innleiingsvis vist til sak PS 149/16 - behov for ekstra løyving.
Med bakgrunn i uforutsette forhold på byggjeplass er det behov for tilleggsløyving.

Saksopplysningar:
Byggjearbeidet for ny veg- og parkeringsplass ved Leikanger skule starta opp 14.11.2016. Det har våre utfordringar i byggjearbeidet i startfasa fram mot jul.

Utførande entreprenør har møtt på vesentleg dårlegare masser enn antatt i store delar av byggjeområdet. Ein har mellom anna møtt på eit stort og djupt myrområde, og masseutskifting måtte utførast. Sakshandsamar vil poengtere at masseutskiftinga var naudsynt. Det var så dårlege masser i området at entreprenør ikkje ville stille garanti på anlegget utan masseutskiftinga. Det har også blitt utført mindre justeringar og tilpassingar på mur/gjerde, det er sett ned ein ekstra sluk og eit mindre parti med fjell måtte skytast.

Etter ei samla vurdering av tilleggskostnadane hittil er det behov for ei ekstraløyving på 1 200 000 kr.

Vurdering og konklusjon:
Med bakgrunn i dette tilrår rådmannen at prosjektet vert tilført meir pengar, til saman 1 200 000 kr. Midlane som trengst for å fullføre anleggsarbeidet, vert å omdisponere frå prosjektet 51916 “Leine-Trolldalen 2”.

I prosjektet “Leine-Trolldalen 2” var det ei generell løyving på 4,9 millionar (u/ mva) Det er i skrivande stund att ca. 1,5 millionar. Det vil med andre ord stå att ca. 300 000 kr om denne ekstra løyvinga blir vedtatt.

Tilråding:
Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert tilført nye midlar, 1 200 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet “Leine-Trolldalen 2”.

Fosnavåg, 10.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JULZAH	Arkivsaknr:	2016/869
		Arkiv:	Q52

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/17	Formannskapet	24.01.2017
	Kommunestyret	02.02.2017

ØKONOMISK AVSLUTNING - BUBILPARKERING PARKEN, FOSNAVÅG

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 165.214 (eks. mva)
2. Forbruket vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga, her
Økonomiavdelinga, her

Bakgrunn:

Saka gjeld økonomisk avslutning av etablering av bubilparkering i parken i Fosnavåg.

Saksopplysningar:

For investeringsbudsjettet for 2016 var det avsett 500.000 kr til byutvikling, prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak. Eksisterande bubilparkering på indre almenning var lite brukt og ein ville då sjå om ny parkering med betre plassering kunne tiltrekke fleire. Ny bubilparkering er etablert med grusdekke og plass til ca. 12 bilar. Det er laga til uttak for vatn og midlertidig løysing for straum med anleggskasse. Parkeringa er gratis og med gratis vatn og straum.

Arbeidet var utført i juni 2016.

Utførande entreprenør var Aurvoll og Furesund AS.

Økonomi:

Rekneskap ved økonomisk avslutning:

Arbeid utført av Aurvoll og Furesund AS på rammeavtale	157.250
Kjøp kabel frå Kvalsvik Elektro AS	6.402
Kjøp av utstyr til vatn- og straumuttak	1.562
Totalt forbruk	165.214

Rekneskapet viser eit forbruk på 165.214 kroner (eks. mva).

Vurdering og konklusjon:

Bubilparkeringa var mykje brukt heilt til seint på hausten og tilbakemeldingane har vore gode.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen

Konsekvensar for beredskap:
Ingen

Konsekvensar for drift:
Mindre auke i drift- og vedlikehaldsutgifter med tanke på auka avfallsmengde, vedlikehald av grusdekke og straumkostnader.

Fosnavåg, 05.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Julia Zahl

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JULZAH	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/778

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/17	Formannskapet	24.01.2017
	Kommunestyret	02.02.2017

ØKONOMISK AVSLUTNING - ARBEID MED OFFENTLEG PARKERINGSPLASS GNR. 34 BNR. 84 ETTER REGULERINGSPLAN

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalforbruk på kr. 430.866 (eks. mva)
2. Kr. 334.786 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak
3. Resterende sum kr. 96.080 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av tildelte RDA-midler til byutvikling

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga, her
Økonomiavdelinga,her

Bakgrunn:
Saka gjeld økonomisk avslutning av arbeid med parkeringsplass ved rådhuset i Fosnavåg, gnr. 34 bnr. 84, etter reguleringsplan.

Saksopplysningar:

For investeringsbudsjettet for 2016 var det avsett 500.000 kr til byutvikling, prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak. Eksisterande parkering ved rådhuset var ikkje utbygd etter reguleringsplan og samtidig ville ein fjerne eit grøntareal i bakkant av parkeringa for å gje betre plass til parkering og stengje utkøyrsla mot Kjøpmannsgata. Parkeringsplassen har no 44 plassar i tillegg til 2 plassar for rørslehemma.

Arbeidet var utført frå slutten av mai 2016 til juli 2016.

Utførande entreprenør for gravearbeid var Aurvoll og Furesund AS, medan NCC var utførande for asfaltarbeid. Arbeid med kantstein og oppmerking var bestilt via Aurvoll og Furesund AS, men utført av Anleggsgartnar Jan Erik Sandal AS og Trafikkservice AS. Euroskilt har levert skilta for HC-parkering.

Økonomi:

Rekneskap ved økonomisk avslutning:

Arbeid utført av Aurvoll og Furesund AS på rammeavtale	227.640
Arbeid med kantstein, Jan Erik Sandal AS	87.910
Arbeid utført av NCC på rammeavtale	86.865
Oppmerking, Trafikkservice AS	26.675
Skilt HC-parkering, Euroskilt	1.776
Totalt forbruk	430.866

Rekneskapet viser eit forbruk på 430.866 kroner (eks. mva).

Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for….)

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen

Konsekvensar for beredskap:
Ingen

Konsekvensar for drift:
Liten auke i drift- og vedlikehaldsutgifter ettersom det er fjerna eit grøntareal og asfalten er utbetra, samtidig som det vil vere behov for vedlikehald av oppmerking.

Fosnavåg, 05.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Julia Zahl

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2017/57
		Arkiv:	U43

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Formannskapet	24.01.2017

SØKNAD OM STØNAD FRÅ REGIONALE FORSKNINGSFOND - FORSKNINGS- OG UTVIKLINGSARBEID OM TAREDYRKING I HERØY

Tilråding:

Formannskapet stiller seg positive til at det vert søkt om stønad frå Regionale forskningsfond og gjennomført eit forsknings- og utviklingsarbeid knytt til vidareutvikling og utnytting av ressursane i havrommet.

Særutskrift:
Avdeling for samfunnsutvikling

Vedlegg:

Saksopplysningar:
Avdeling for Samfunnsutvikling har fått framlagt forslag om å bidra i eit forsknings- og utviklingsarbeid knytt til vidare utnytting av ressursane i havrommet. Dette er særleg retta mot tare- og taredyrking. Av omsyn til konkurransesituasjonen ligg det ikkje ved søknad og delar av forskningsprosjektet er ikkje teke med i saka.

I *nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* vert det innanfor tema *bærekraftig areal- og samfunnsutvikling* peika på at det må leggast til rette areal for utvikling av ny og eksisterande næringsverksemd både på land og på sjø, inkludert landbruk og havbruk.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i sitt *Handlingsprogram for verdiskaping* som målsetting å støtte og vidareutvikle prosjekt knytt til marin nyskaping.

> *Sjømatfylket Møre og Romsdal ynskjer å legge til rette for nyskaping knytt til fiskeri- og havbruksnæringa. Næringa må saman med forsking og forvalting løyse felles utfordringar for å sikre framtidige marknader og utvikle gode produkt.*

I Herøy kommune skal *verdiskaping* vere eit gjennomgåande perspektiv og i samfunnsplanen står det at kommunen vil leggje til rette for ei auka verdiskaping ved å samarbeide med næringsliv og bidra i felles prosjekt som kan vere med å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet. Kommunen har også i satsingsområde *kompetanse og næringsutvikling* vedteke som ei av målsettingane å vere leiande innan fiskeri- og offshorenæringa i landet.

Herøy kommune har starta arbeidet med å følgje opp kommuneplanen sin samfunnsdel med å utarbeide ein meir detaljert *Strategisk næringsplan* som skal utdjupe delar av Samfunnsplanen. I utkast til næringsplanen står det bla. innan satsingsområde fisk og fiskeforedling at *Framtida til vidare vekst og utvikling innan næringa ligg truleg innan oppdrett og «marine ingredients». Dei som driv fiske og fiskeforedling må sjå på nye metodar for å utnytte andre råvarer, men også meir av sjølve fisken som i dag vert forkasta(restråstoff).*

Herøy kommune har saman med Ulstein, Hareid, Sande og Vanylven sluttført prosjektet med *marine grunnkart* som er unikt i Norge. Basert på desse karta har desse kommunane starta eit utgreiingsarbeid som skal vise kva moglegheiter som ligg i havrommet og kva som kan peike seg ut som satsingsområde for kommunen og næringslivet.

Det FoU-prosjektet som no er framlagt for avdeling for samfunnsutvikling vil vere i tråd med både nasjonale, regionale og lokale satsingar.

Forskningsarbeidet vil vere retta mot nye næringar som td. taredyrking og vidareutvikling og omstilling i fiskeoppdrett.

Innhaldet i forskingsarbeidet vil inkludere å

- spesifisere krav til areal (type areal, straumningsforhold, djupne, botnforhold, etc.).

- Identifisere manglar i eksisterande datagrunnlag
- Utvikle kartløysing der behova til næringsaktørane er dekka
- Identifisere utfordringar/flaskehalsar i regelverket og vidareformidle dette til overordna forvaltningsmynde.

**Det kan førekome endringar i innhaldet i forskningsarbeidet, men hovudlinene vil vere som nemnt over.*

Resultat frå forsknings- og utviklingsarbeidet vil verte offentleg tilgjengeleg gjennom ein skriftleg rapport og ny data vert lagt inn i opne kartbasar som er tilgjengeleg for alle. Dette vil skape eit godt fundament for utvikling av nye idear til næring og knopskyting innanfor eksisterande verksemder.

Vurdering og konklusjon:
Avdeling for samfunnsutvikling ser dette som eit spennande prosjekt og vil følgje opp nasjonale, regionale og lokale signal på at dette er eit viktig satsingsområde.

Det må utarbeidast søknad om stønad frå *Regionale forskningsfond (RFF).*
Prosjektet vil vere avhengig av å få denne innvilga for å kunne realiserast. Søknaden må skrivast av fagkyndige innanfor fagfeltet og kommunen må leige inn denne kompetansen. Kostnaden knytt til utarbeiding av ein slik søknad til RFF er estimert til ca. kr 25.000,-. Dette vert teke av eiga drift innanfor avdeling for samfunnsutvikling.

Dersom søknaden vert innvilga vil heile prosjektet ha eit estimert kostnadsoverslag på kr 1.000.000. Kommunen sin del vil vere mellom kr 150.000 -180.000 + eigeninnsats på om lag kr 200.000. Kostnadar vert å ta over eiga drift.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Det må verte avsett om lag kr 175.000 - 205.000 frå driftsbudsjettet til avdeling for samfunnsutvikling for utarbeiding av søknad og eventuelt gjennomføring av heile forsknings- og utviklingsarbeidet.

Rådmannen rår til at formannskapet stiller seg bak ei slik bruk av driftsmidlar for å få utgreidd moglegheiter for vidare utvikling og utnytting av ressursane i havrommet.

Fosnavåg, 10.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/1233
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/17	Formannskapet	24.01.2017
	Kommunestyret	02.02.2017

NERLANDSØY VASSLAG SA - NY SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI

Tilråding:

1.Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 4,0 mill kr som Nerlandsøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 4,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnadar. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (4,0 mill kroner + 10 % - totalt 4,4 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 35 år med tillegg av inntil 2 år, jfr garantiforskriftenes § 3.
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

5.Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.
Garantien vert gitt under føresetnad av at Nerlandsøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.

Særutskrift:
- Nerlandsøy Vasslag SA, v/Aksel Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy
- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest kontrollutvalsdistrikt,
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:
Garanti Herøy kommune - Nerlandsøy Vasslag SA -Epost frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 21.11.2016

Uprenta vedlegg (låg ved i K-sak219/16):
Søknad om garanti
Rekneskap 2015 og budsjett 2016
Oversikt over investeringar
Styrevedtak
Lånetilbod frå Kommunalbanken

Saksopplysningar:

I K-sak 219/16 (27.10.2016) vedtok kommunestyret å garantere for eit lån på 4,0 mill kr og med nedbetalingstid på 40+2 år.

I ein epost datert 21.11.2016 skriv fylkesmannen at ein ikkje har høve til å yte garantiar på over 40 år. I tillegg viser fylkesmannen til at levetida til investeringa er langt under 40 år og at lånetida ikkje kan overstige nedbetalingstida. På dette grunnlaget kan fylkesmannen ikkje godkjenne kommunen sitt vedtak i denne saka.

I framlegg til vedtak er det berre ei endring i høve til vedtaket som vart gjort i K-sak 219/16. Det er punkt 3 der garantitida er redusert frå 40+2 år til 35 + 2 år.

Nerlandsøy Vasslag er det tredje private vasslaget som har søkt kommunal lånegaranti i løpet av dei siste to åra. Dei ynskjer å låne kr 4.000.000,- til diverse tiltak på vasslaget sitt nedslagsfelt som er Teige, Kvalsund og Kopperstad.

Desse tiltaka er omfatta av søknaden:
- Bygningskropp til kr 950.000,- (til bl.a. å huse et naudstraumsaggregat)
- Behandlingsanlegg for kalk, kr 875.000,-
- Flytting av EL-tavle m.m. kr 200.000,-
- Bytte ut og sette i drift totalt 13 nye brannkummer, kr 2.000.000,-

Bygningskroppen har ei avskrivingstid på 50 år, behandlingsanlegget for kalk har ei avskrivingstid på 20 år, brannkummane har ei avskrivingstid på 40 år og dei elektriske innstallasjonane inklusiv naudstraumsaggregat har ei avskrivingstid på 10 år. Gjennomsnittleg avskrivingstid vert då omlag 37 år. Ein har såleis høve til å garantere for eit lån på 35+2 år.

Med ei nedbetalingstid på 35,0 år vil årlege avdrag utgjere omlag kr 115.000,-. I tillegg kjem rentekostnadane som vil utgjere omlag kr 80.000,- gitt ei rente på 2,0% p.a. Basert på Nerlandsøy Vasslag SA sitt rekneskap for 2015 har dei eit overskott som dekker dei auka rente- og avdragskostnadane utan å auke vassavgifta som er på kr 2.800,- per år ink mva.

Kommunal lånegaranti

Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

> "Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier". Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

> «Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varigheit. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa vekta gjennomsnittleg levetid for dei arbeida som er utført.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Nerlandsøy Vasslag SA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar på Kvalsund, kopperstad og Teige. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primæroppgåve og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som vasslaget tek opp har ei vekta løpetid på 35,0 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta som seier at nedbetlingstida maksimalt kan vere på 40 år.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primæroppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følje av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 4,0 mill kr +10%. Kommunen sitt «dilemma» er at vassforsyning er ei kommunal primæroppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga er tilfredsstillande.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 4,4 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 123,0 mill kr (69,0 mill som gjeld vassverk, 51,2 mill (Sunnmørsbadet AS) og 11,5 mill på andre aktørar (barnehagar og idrettslag).

Vurdering og konklusjon:

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Med betre vassleidningar vert ein mindre sårbar ved t.d. brannar. Sikrare vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:
Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største. Ein viss effekt vil ei slik utbygging uansett har på drifta då gebyra har auka mykje dei 2-3 siste åra og Herøy kommune har mange abonnement i Stemmedal Vasslag SA.

Andre konsekvensar
Rådmannen meiner at same vedtaket må gjerast i denne saka som sist ein lånegaranti var til handsaming i kommunestyret. Det er bakgrunnen til at ein har tatt med punkt 5 i tilrådinga.

Fosnavåg, 23.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1708
		Arkiv:	M80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/17	Formannskapet	24.01.2017

HERØY BRANNVERN -ORIENTERING OM GRUNNLEGGANDE KRAV TIL BEREDSKAP, STATUS OG VEGEN VIDARE

Tilråding:

1. Det vert snarast mogleg bygd opp ein minimumsberedskap ved Fosnavåg stasjon som tilfredsstiller kommunen sine plikter fastsett i gjeldande lov og forskriftsverk.

2. Administrasjonen får i oppdrag å legge fram eiga politisk sak med forslag til ny brannordning og ROS-analyse innan 01.07.2017. Saka skal også omfatte økonomiske konsekvensar m.m.

Særutskrift:
- Hovudtillitsvalgt Fagforbundet v/Eli Karin Kvalsund, her
- Hovudtillitsvalgt NITO v/Ole Magne Rotevatn, her
- Hovudtillitsvalgt Delta v/ Marit Iversen Skår, her
- Hovudverneombod Olaug Andreassen, her

Vedlegg

1. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova)
2. Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrifta)
3. Gjeldande «Brannordning for Herøy kommune» vedteken i K-sak 34/14
4. ROS-analyse Brannvernet 2013

Bakgrunn

17 av brannvernets brannkonstablar sa opp stillingane sine frå og med 1. desember 2016. Dei har 3 månaders oppseiingstid og vil gå ut av brannvernet frå og med 1. mars 2017. Dei ledige stillingane ved Fosnavåg stasjon vart utlyste 6. desember 2016. Stillingane ved Myrvåg stasjon er førebels ikkje utlyste då ein først vil ha ei politisk vurdering av brannvernberedskapen.

Situasjonen som har oppstått er sjølvsagt beklageleg, men gir også kommunen moglegheit for å vurdere status og vegen vidare for beredskapsstyrken til brannvernet.

Brannsjefen vil i denne saka gjere greie for status og peike på ulike moglegheiter for framtidig organisering av brannberedskapen.

Saksopplysningar

Lov, forskriftsverk og lokalt vedteken brannordning:
Kommunen sine plikter og fullmakter vedk. etablering og drift av brannvesen framgår av brann- og eksplosjonsvernlova kapittel 3 med tilhøyrande dimensjoneringsforskrift. Sjå vedlegg 1 og 2.

Kommunen sin brannvernberedskap er i dag, med eitt unntak, organisert i samsvar med vedteken brannordning med bakgrunn i gjeldande lov og forskriftsverk og gjennomført ROS-analyse. Unntaket er at det manglar 5 røykdykkarar ved Fosnavåg stasjon for å ha fulle lag med 5 delt vakt. Sjå vedlegg 3 og 4.

Kommunen sin beredskapsstyrke:
Første brannordning for Herøy kommune vart vedteken i 1998 og bygde då på den risiko og sårbarheit ein då såg føre seg utan at det vart gjennomført ei heilskapleg ROS-analyse etter dagens reglar. Då ein i 2014 reviderte og vedtok ny brannordning med tilhøyrande ROS-analyse vart i store trekk brannordninga av 1998 vidareført. Ein ser i etterkant at ein kanskje burde ha vurdert brannordninga nærare i forhold til minimumskrava til beredskapsstyrke. M.a. med bakgrunn i at Myrvåg omsorgssenter i mellomtida hadde vorte sprinkla og at vassforsyninga pr. i dag er vesentleg betra i forhold til slik situasjonen var i 1998.

Herøy kommune har ein stor og kostbar beredskapsstyrke som etter vedteken brannordning skal omfatte 35 deltidsbrannmenn inkludert 5 overbefal med 5-delt dreiande vakt. Styrken har i realiteten aldri vore på meir enn 30 då det ikkje har vorte løyvd midlar til 5 røykdykkarstillingar for å få fulle lag ved Fosnavåg stasjon. Det er utfordrande og kostbart å ha ei så stor beredskapsstyrke. Ikkje minst er det utfordrande å rekruttere nok mannskap. For nærare detaljar om brannordninga vert det vist til vedlagt brannordning og ROS-analyse.

Beredskapstyrke og støttestyrke er etter gjeldande brannordning fordelt slik:

Fosnavåg stasjon:

- 5 overbefal
- 5 utrykkingsleiarar
- 5 sjåførar

- 10 røykdykkarar *)

*) Har 5 røykdykkarar i dag og manglar såleis 5 røykdykkarar i følgje vedteken brannordning pga. manglande løyving.

Myrvåg stasjon:
- 5 sjåførar - tankbil
- 5 støttemannskap/røykdykkarar (ikkje i beredskap)

Minimumskrav til beredskap:
I følgje dimensjoneringsforskrifta er kravet til vaktberedskap knytt til storleik på tettstad. I kommunar eller brannvernregionar med **tettstad(ar) med meir enn 2000** innbyggarar skal det vere dreiande overordna vakt. Brannsjef og stadfortredar skal inngå i vaktordninga.
I kommunar med **tettstad over 3000 innbyggarar** skal beredskapen vere organisert i lag bestående av deltidsmannskap med dreiande vakt. I Herøy er det berre på Bergsøya det er tettstad over 3000 innbyggarar. Det skal i slik tettstad vere minst eitt vaktlag og evt. nødvendig støttestyrke. Kvart lag skal minst bestå av

- 1 utrykkingsleiar
- 3 brannkonstablar/røykdykkarar

Evt. støttestyrke er
- førar for tankbil
- førar for snorkel/stigebil

I tillegg kjem overordna dreiande vakt som nemnt ovanfor.

Kravet til minimumsberedskap er såleis knytt til Fosnavåg stasjon. Med fulle lag og 4-delt vakt gir dette ei minimums beredskapsstyrke på 20 tilsette inkludert overbefal.

Det er ikkje krav til tankbil- og røykdykkarberedskap.

Innsatstid/alarmering
Innsatstid er tida frå innsatsstyrken er alarmert til den er i arbeid på skadestaden.

I §4-8 i «dimensjoneringsforskrifta» står det følgjande krav. Sitat:
«Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehus/
sykehjem m.v., strøk med konsentrert og omfattende næringsdrift o.l., skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter.

Innsatstiden kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risiko. Kommunen skal dokumentere hvordan dette er gjennomført.

Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikke overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres.

Innsatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.» Sitat slutt.

Innsatstid for hovudbrannbil i Fosnavåg til dei to omsorgsentra i kommunen er:
- Herøy omsorgssenter: Under 10 minutt
- Myrvåg omsorgssenter: Om lag 20 minutt

Herøy omsorgssenter er ikkje sprinkla. Myrvåg omsorgssenter er sprinkla for å kompensere for auka risiko pga. utrykkingstid for hovudbrannbil frå Fosnavåg.

Alarmering vert iverksett frå 110-sentralen i Ålesund. Graden av alarmering er avhengig av kor alvorleg hendinga er. Alarm går til næraste utrykkingskøyrety/brannbil uavhengig av kommunegrenser. Det vil sei at det ved brann eller anna alvorleg hending i t.d. Myrvåg vil Ulstein brannvesen verte alarmert. Innsatstid for Ulstein brannvesen til Myrvåg vil vere under 20 minutt. Vi har gjensidige bistandsavtalar med både Ulstein og Sande kommune.

Økonomi
Brannvernet hadde i 2016 eit samla budsjett på vel 8,9 mill. kroner. Førebels rekneskap for 2016 syner eit meirforbruk på om lag 600.000 kroner. Det vesentlege av kostnaden er knytt til løn og godtgjeringar.

Med utgangspunkt i ei årsløn på 400.000 kroner og 5-delt beredskapsvakt vil ei 2,05% brannkonstabelstilling inkludert vaktgodtgjersle, faste tillegg, utrykkingar og sosiale utgifter koste om lag 160.000 kroner pr. år. Brannkonstabel utan beredskap/vaktgodtgjersle vil ha ein kostand på om lag 55.000 kroner pr. år.

Krav til opplæring og kompetanse for brannmannskap framgår av Dimensjoneringsforskrifta kaittel 7. Sjå vedlegg. Kostnaden med opplæring av utrykkingsleiar og brannkonstabel (røykdykkarar/sjåfør) vil variere alt etter forkunnskapane til kvar enkelt. Full opplæring av brannkonstabel/røykdykkar vil gå over ein 2-3 års periode, med ein samla estimert kostnad på om lag 40.000 kroner. Opplæring i oppgåvene som utrykkingsleiar og sjåfør etter gjeldande krav medfører ytterlegare kostnader.

Dersom ein vel å gå over til beredskap i samsvar med minimumskrava i lov og forskriftsverk dvs. at heile beredskapsstyrken er lagt til Fosnavåg og at ein ikkje har fast dreiande tankbilberedskap vil det medføre ei større årleg innsparing.

Brannutrusting
Brannvernet er oppsett med

- hovudbrannbil i Fosnavåg med dreiande vaktlag/innsatsstyrke
- tankbil med dreiande sjåførvakt i Myrvåg

(I tillegg har ein pr. d.d. ikkje avhenda den gamle brannbilen ved Fosnavåg stasjon så denne står i dag som reserve.)

Funksjonen til tankbil i Myrvåg er vassforsyning til hovudbrannbil ved behov, men den er også utrusta med utstyr for røykdykking og bilberging m.m.

Vassforsyning
Tilgang til vatn ved brann er kritisk. Dei siste 5-10 åra har vassforsyninga vorte vesentleg oppgradert og utbygd slik at dei største tettstadane i kommunen har rimeleg god tilgang til sløkkevatn. I område med meir spreidd busetnad er imidlertid vassforsyninga dårlegare og det kan vere behov for vassforsyning frå anna kjelde eller tankbil. Samla sett har behovet for tankbil vorte redusert, men det er framleis behov for å ha tankbil i brannvernet.

Status beredskapsstyrken
Pr. i dag er det 27 deltidstilsette i Herøy brannvern. 3 stillingar er på grunn av naturleg avgang vakante. Totalt 17 konstablar har sagt opp stillingane sine og sluttar i brannvernet 1. mars 2017. Mannskap som ikkje har sagt opp stillingane sine er då

- 2 brannkonstablar i støttestyrke utan beredskap ved Myrvåg stasjon
- 3 overbefal, 1 utrykkingsleiar, 1 sjåfør og 3 røykdykkarar i beredskap ved Fosnavåg stasjon

Tenesteplikt i brannvernet

Iflg. §17 i brann- og eksplosjonsvernlova kan kommunen i særskilte tilfelle pålegge ein kvar myndig person busett i kommunen tenesteplikt i brannvernet.

Vurdering og konklusjon:

I den utfordrande situasjonen ein har i brannvernet der store delar av innsatsstyrken har sagt opp stillingane sine vurderer ein at ein i første omgang må konsentrere seg om å få på plass lovpålagt minimumsberedskap ved Fosnavåg stasjon. Dvs. ei innsatsstyrke på 16 brannkonstablar og 4 befal med 4-delt dreiande vakt. Totalt 20 stillingar. Behovet for rekruttering er då

- **3 utrykkingsleiarar**
- **3 sjåførar**
- **6 røykdykkarar**

Det skal godt gjerast å klare å rekruttere og ikkje minst lære opp tilstrekkeleg antal brannkonstablar før dei som har sagt opp går ut av stillingane sine 1. mars 2017. Ein kan såleis bli nøydd til å pålegge teneste i brannvernet etter §17 i brann- og eksplosjonsvernlova. Det vil då vere naturleg å sjå til dei som har sagt opp stillingane sine i første omgong.

Ein rår til at det vert gjennomført ein gjennomgang/revidering av gjeldande brannordning og ROS-analyse som vert lagt fram for politisk handsaming i eiga sak. Saka må også omhandle økonomiske konsekvensar m.m.

Med bakgrunn i gjeldande lov og forskriftsverk, saksutgreiinga og vurderingane ovanfor og den utfordrande situasjonen ein totalt sette er opp i vil rådmannen tilrå at:

1. **Det vert snarast mogleg bygd opp ein minimumsberedskap ved Fosnavåg stasjon som tilfredsstiller kommunen sine plikter fastsett i gjeldande lov og forskriftsverk.**

2. **Administrasjonen får i oppdrag å legge fram eiga politisk sak med evt. forslag til ny brannordning og ROS-analyse innan 01.07.2017. Saka skal også omfatte økonomiske konsekvensar m.m.**

Fosnavåg, 16.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

LOVDATA

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)

Dato	LOV-2002-06-14-20
Departement	Justis- og beredskapsdepartementet
Sist endret	LOV-2015-05-29-36, LOV-2015-06-19-65 fra 01.10.2015
Publisert	I 2002 hefte 6
Ikrafttredelse	01.07.2002 unntatt Svalbard, 01.01.2003
Endrer	
Kunngjort	
Korttittel	Brann- og eksplosjonsvernloven

Kapitteloversikt:

Kapittel 1. Innledende bestemmelser (§§ 1 - 4)

Kapittel 2. Alminnelige plikter (§§ 5 - 8)

Kapittel 3. Kommuners plikter og fullmakter (§§ 9 - 18)

Kapittel 4. Plikter i virksomhet (§§ 19 - 25)

Kapittel 5. Krav til produkter (§§ 26 - 27)

Kapittel 6. Gebyr, kompensasjon og erstatning m.m. (§§ 28 - 30)

Kapittel 7. Tilsyn, håndheving, sanksjoner, opplysningsplikt m.m. (§§ 31 - 42)

Kapittel 8. Avsluttende bestemmelser (§§ 43 - 46)

Se om Svalbard noten til lovens § 45. Jf. *tidligere* lover 21 mai 1971 nr. 47 om brannfarlige varer samt væsker og gasser under trykk, 14 juni 1974 nr. 39 om eksplosive varer og 5 juni 1987 nr. 26 om brannvern m.v.

Kapittel 1. Innledende bestemmelser

§ 1. *Formål*

Loven har som formål å verne liv, helse, miljø og materielle verdier mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønskede tilsiktede hendelser.

0 Endret ved lov 19 juni 2009 nr. 84.

§ 2. *Saklig virkeområde*

Loven gjelder alminnelige plikter til å forebygge brann og eksplosjon samt sentral og lokal organisering og gjennomføring av brann- og eksplosjonsvernsarbeidet.

Loven gjelder også ulykkes- og skadeforebyggende plikter i forbindelse med håndtering av farlig stoff og ved transport av farlig gods på land, samt krav til beredskap og innsats overfor akutte ulykker der brannvesenet har en innsatsplikt.

Kongen kan fastsette forskrifter for Forsvaret som avviker fra denne loven når særlige grunner tilsier det.

§ 3. *Stedlig virkeområde*

For Svalbard, Jan Mayen og bilandene gjelder loven i det omfang og med de stedlige tilpasninger Kongen bestemmer.

Denne loven gjelder ikke for den virksomhet som foregår i sjøområder i forbindelse med undersøkelser etter, utvinning og utnyttelse av naturforekomster på havbunnen eller i dens undergrunn i indre norske farvann, norsk sjøterritorium og den del av kontinentalsokkelen som er undergitt norsk statshøyhet.

Kongen kan bestemme i hvilket omfang denne loven skal gjelde på norske skip og flyttbare innretninger.

§ 4. *Definisjoner*

a) Med byggverk menes bygning, konstruksjoner og anlegg.

b) Med farlig gods menes varer definert i de til enhver tid gjeldende rekommandasjoner fra De forente nasjoner om transport av farlig gods.

c) Med farlig stoff menes i denne lov:

- brannfarlig stoff: fast, flytende eller gassformig stoff, stoffblanding, samt stoff som forekommer i kombinasjoner av slike tilstander, som i kraft av sitt flammepunkt, kontakt med andre stoffer, trykk, temperatur eller andre kjemiske egenskaper representerer en fare for brann,
- eksplosjonsfarlig stoff: fast, flytende eller gassformig stoff, stoffblanding, samt stoff som forekommer i kombinasjon av slike tilstander, som i kraft av sine egenskaper lett vil kunne forårsake eksplosjon ved støt, gnidning, eller ved kontakt med tennkilder eller andre stoffer,
- trykksatt stoff: annet fast, flytende eller gassformig stoff eller stoffblanding enn brann-, reaksjons- og eksplosjonsfarlig stoff, som er under trykk, og som derved kan representere en fare ved ukontrollert utslipp,
- reaksjonsfarlig stoff: fast, flytende eller gassformig stoff, stoffblanding, samt stoff som forekommer i kombinasjoner av slike tilstander, som ved kontakt med vann, ved sitt trykk, temperatur eller andre kjemiske forhold, representerer en fare for farlig reaksjon, eksplosjon eller utslipp av farlig gass, damp, støv eller tåke.

d) Med håndtering menes enhver omgang med farlig stoff slik som tilvirkning, oppbevaring, behandling, transport, lasting, lossing, erverv, handel, innførsel, utførsel, overføring, bruk og tilintetgjøring.

e) Med produkt menes:

- farlig stoff, eller ferdige varer hvor slikt stoff er en bestanddel og hvor de farlige egenskaper fortsatt er fremtredende,
- innretninger, utstyr, apparater, emballasje og annet som benyttes ved håndtering av de farlige stoffene eller i forbindelse med transport av farlig gods,
- innretninger, utstyr, apparater og annet som er beregnet på deteksjon, varsling eller bekjempelse av brann, eksplosjon eller annen skade.

f) Med virksomhet menes ethvert offentlig og privat foretak uansett om foretaket er etablert med henblikk på forretningsmessig fortjeneste eller ikke.

g) Med storulykke menes en hendelse som har en ukontrollert utvikling og som umiddelbart eller senere medfører alvorlig fare for mennesker, miljø eller materielle verdier.

0 Endret ved lov 19 juni 2009 nr. 84.

Kapittel 2. Alminnelige plikter

§ 5. *Den enkeltes plikt til å forebygge og begrense skadevirkningene ved brann, eksplosjon og annen ulykke*

Enhver plikter å vise alminnelig aktsomhet og opptre på en slik måte at brann, eksplosjon og annen ulykke forebygges.

Enhver plikter ved brann, eksplosjon eller annen ulykke straks å underrette de som er utsatt for fare og ved behov varsle nødalarmeringssentral. Det samme gjelder ved overhengende fare for en slik hendelse.

Enhver som oppholder seg nær en brann, eksplosjon eller annen ulykke plikter etter evne å gjøre det som er mulig for å begrense skadevirkningene.

Enhver plikter å delta i brannvesenets rednings- og slokkearbeid når innsatsleder krever det, samt stille eiendom, bygninger, materiell og eventuelt personell til disposisjon for slik innsats. Det kan gjøres inngrep i den enkeltes materielle verdier dersom dette er nødvendig for å gjennomføre redningsinnsats eller begrense skade. Inngrep i privates eiendom kan likevel bare foretas dersom dette er nødvendig for å sikre liv eller verne verdier som er større enn det som går tapt eller står i fare for å gå tapt ved inngrepet.

Departementet kan gi forskrifter om den enkeltes plikt til å forebygge og begrense skadevirkningene ved brann, eksplosjon og andre ulykker.

§ 6. *Forebyggende sikringstiltak og vedlikehold*

Eier av byggverk, område, transportmiddel, produksjonsutstyr, annen innretning eller produkt plikter å sørge for nødvendige sikringstiltak for å forebygge og begrense brann, eksplosjon eller annen ulykke.

Eier og bruker av byggverk, område, transportmiddel, produksjonsutstyr, annen innretning eller produkt plikter å holde bygningstekniske konstruksjoner, sikkerhetsinnretninger og øvrige sikringstiltak til vern mot brann, eksplosjon eller annen ulykke i forsvarlig stand og påse at disse til enhver tid virker etter sin hensikt.

Eier eller bruker skal etter en eventuell brann, eksplosjon eller annen ulykke sørge for vakthold og andre nødvendige sikringstiltak når leder av brannvesenet krever dette.

Departementet kan gi forskrifter om eiers og brukers plikter til rapportering, sikringstiltak, vedlikehold og vakthold etter denne bestemmelsen.

§ 7. *Tiltak ved store arrangementer*

Den ansvarlige for store arrangementer, utstillinger, forestillinger, møter og andre tilstelninger skal i god tid før arrangementet sende melding til lokal tilsynsmyndighet, dersom arrangementet skal avholdes i et byggverk eller på et område som normalt ikke benyttes til denne type arrangementer.

Ved melding om arrangementer kan kommunen kreve de opplysninger som er nødvendige for å vurdere faren for brann, og fastsette de nødvendige brannsikringstiltak og begrensninger, herunder krav til ansvarshavende arrangør.

Kommunestyret selv kan gi lokale forskrifter med nærmere bestemmelser om meldeplikten.

§ 8. *Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid*

Virksomheter plikter å gjennomføre et systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (internkontroll) for å sikre at krav fastsatt i eller i medhold av denne loven overholdes. Tilsynsmyndigheten kan bestemme at også andre skal gjennomføre systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid. Det skal kunne dokumenteres overfor tilsynsmyndighetene at loven, forskrifter og enkeltvedtak blir etterlevet.

Departementet kan gi forskrifter om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid.

Kapittel 3. Kommuners plikter og fullmakter

§ 9. *Etablering og drift av brannvesen*

Kommunen skal sørge for etablering og drift av et brannvesen som kan ivareta forebyggende og beredskapsmessige oppgaver etter loven på en effektiv og sikker måte.

Kommunen skal gjennomføre en risiko- og sårbarhetsanalyse slik at brannvesenet blir best mulig tilpasset de oppgaver det kan bli stilt overfor. Kommunen skal evaluere hendelser for å sikre kontinuerlig læring og forbedring av det forebyggende og beredskapsmessige arbeidet.

Leder av brannvesenet og øvrig personell skal ha de kvalifikasjoner som er nødvendige for å kunne ivareta brannvesenets oppgaver på en forsvarlig måte.

To eller flere kommuner kan avtale å ha felles brannvesen eller felles ledelse av brannvesenet. Kommunen kan gjennom avtale overlate brannvesenets oppgaver og ledelse helt eller delvis til en annen kommune, virksomhet e.l. Kommunen må i slike tilfeller etablere ordninger som sikrer at all myndighetsutøvelse etter loven skjer under kommunens formelle ansvar.

Departementet kan gi forskrifter om etablering og drift av brannvesenet, og om krav til personellets kvalifikasjoner.

0 Endret ved lov 29 mai 2015 nr. 36 (ikr. 29 mai 2015 iflg. res. 29 mai 2015 nr. 553).

§ 10. *Dokumentasjon og rapportering*

Kommunen skal dokumentere at plikten etter § 9 første, annet og tredje ledd er oppfylt.

Dokumentasjonen inkludert risiko- og sårbarhetsanalysen og eventuelle avtaler inngått etter § 9 fjerde ledd, skal sendes sentral tilsynsmyndighet.

På forespørsel fra sentral tilsynsmyndighet skal kommunen rapportere om alle ressurser, hendelser og evalueringer etter § 9 annet ledd annet punktum.

Departementet kan gi forskrifter om dokumentasjons- og rapporteringsplikt.

0 Endret ved lov 29 mai 2015 nr. 36 (ikr. 29 mai 2015 iflg. res. 29 mai 2015 nr. 553).

§ 11. *Brannvesenets oppgaver*

Brannvesenet skal:

a) gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farer ved brann, brannverntiltak og opptreden i tilfelle av brann og andre akutte ulykker
b) gjennomføre brannforebyggende tilsyn
c) gjennomføre ulykkesforebyggende oppgaver i forbindelse med håndtering av farlig stoff og ved transport av farlig gods på veg og jernbane
d) utføre nærmere bestemte forebyggende og beredskapsmessige oppgaver i krigs- og krisesituasjoner
e) være innsatsstyrke ved brann

f) være innsatsstyrke ved andre akutte ulykker der det er bestemt med grunnlag i kommunens risiko- og sårbarhetsanalyse
g) etter anmodning yte innsats ved brann og ulykker i sjøområder innenfor eller utenfor den norske territorialgrensen
h) sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Kommunen kan legge andre oppgaver til brannvesenet så langt dette ikke svekker brannvesenets gjennomføring av oppgavene i første ledd.

Departementet kan gi forskrifter om brannvesenets oppgaver.

§ 12. *Fullmakter ved brann og andre ulykkessituasjoner*

Leder av brannvesenet

a) har ledelsen av brannbekjempelsen,
b) har skadestedsledelsen ved andre ulykkessituasjoner inntil ledelsen overtas av politiet,
c) har ordensmyndighet inntil politiet kommer til stedet,
d) kan rekvirere eiendom, bygninger, materiell og personell innenfor rammen av § 5 fjerde ledd,
e) kan pålegge eier eller bruker av eiendom som har vært utsatt for brann, eksplosjon eller annen ulykke å sørge for vakthold og andre nødvendige sikringstiltak.

Fullmaktene i første ledd gjelder tilsvarende for den som i lederens sted har innsatsledelsen på brann- eller ulykkesstedet.

Departementet kan gi forskrifter om fullmakter og plikter for leder av brannvesenet ved brann, eksplosjon og andre ulykker.

§ 13. *Særskilte brannobjekter*

Kommunen skal identifisere og føre fortegnelse over byggverk, opplag, områder, tunneler, virksomheter m.m. hvor brann kan medføre tap av mange liv eller store skader på helse, miljø eller materielle verdier.

Kommunen skal sørge for at det føres tilsyn i byggverk m.m. som nevnt i første ledd for å påse at disse er tilstrekkelig sikret mot brann. Tilsynet skal omfatte alle forhold av betydning for brannsikkerheten, herunder bygningsmessige, tekniske, utstyrsmessige og organisatoriske brannsikringstiltak og forhold av betydning for gjennomføring av brannbekjempelse og øvrig redningsinnsats.

Kommunen skal overfor sentral tilsynsmyndighet kunne dokumentere hvordan tilsyn med byggverk m.m. som nevnt i første ledd, som kommunen eier eller bruker, er gjennomført, og hvordan eventuelle pålegg er fulgt opp.

Kommunen kan ved enkeltvedtak bestemme at det skal føres tilsyn med andre byggverk m.m. enn de som er omfattet av første ledd. Kommunestyret selv kan fastsette lokal forskrift om tilsyn med andre byggverk m.m. enn de som er omfattet av første ledd.

Departementet kan gi forskrifter om tilsyn med særskilte brannobjekter.

0 Endret ved lov 29 mai 2015 nr. 36 (ikr. 29 mai 2015 iflg. res. 29 mai 2015 nr. 553).

§ 14. *Ytterligere sikringstiltak og beredskap*

Kommunen kan pålegge nødvendige brannverntiltak i enkelttilfeller for ethvert byggverk, opplag, områder, tunneler m.m.

Sentral tilsynsmyndighet kan pålegge eier av ethvert byggverk, opplag, områder, tunneler m.m som anses å utgjøre en ekstraordinær risiko innen kommunen, å etablere en egen brann- og ulykkesberedskap, eller bekoste og vedlikeholde en nødvendig oppgradering av det kommunale brannvesen.

Departementet kan gi forskrifter om ytterligere sikringstiltak og beredskap etter denne bestemmelsen.

§ 15. *Samarbeid mellom kommuner*

Kommunene skal samarbeide om lokale og regionale løsninger av forebyggende og beredskapsmessige oppgaver med sikte på best mulig utnyttelse av samlede ressurser.

2.1 Oppgåver 4
2.2 Grunnlag for organisering og dimensjonering 4
2.3 Vurdering av risikotilhøve 6

3. ADMINISTRASJON OG LEIING 6
3.1 Administrasjon 6
3.2 Myndeoverføring 7
3.3 Overordna vakt 7
3.4 Planar og rapportering 7
3.5 Internkontroll 8
3.6 Instruksar 8
3.7 Opplæring og kompetanse 8
3.8 Øving av beredskapen 8
3.9 Auka beredskap 9

4. FØREBYGGANDE AVDELING 9
4.1 Brannsynspersonell 9
4.2 Feiepersonell 9

5. BEREDSKAPSAVDELING 10
5.1 Utrykningsstyrke 10
5.2 Reservestyrke 10
5.3 Brannstasjonar 10

6. VARSLING OG ALARMERING 10
6.1 Alarmsentral brann 10
6.2 Varsling over naudnummer 110 10
6.3 Alarmering og utkalling av innsatsstyrkar 11

7. UTRUSTNING AV BEREDSKAPEN 11
7.1 Alarmering og sambandsutstyr 11
7.2 Personleg vern 11
7.3 Materiell generelt 11
7.4 Materiell ved Fosnavåg brannstasjon 11
7.5 Materiell ved Myrvåg bibrannstasjon 12
7.6 Vassforsyning 12

8. AVTALAR 12

1. FORMÅL OG FORUTSETNINGAR

1.1 Formål

Dette dokumentet er Herøy kommune si brannordning og skal syne at brannvernet og feietenesta er organisert og dimensjonert i samsvar med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og på ein slik måte at lovpålagde og andre oppgåver kan utførast på ein tilfredsstillande måte.

Ved dimensjoneringa er det teke omsyn til regelverket sine standardkrav og den reelle risiko som ligg føre i kommunen.

1.2 Forutsetningar og definisjonar

Brannordninga er ei ajourføring/rullering av gjeldande brannordning frå 1998 (K-sak 90/98 av 03.07.1998). I tillegg til gjeldande lov- og forskriftsverk er ulike vurderingar knytta til standard og kvalitet gjort med basis i ROS-analyse av 2013. Folketal og folketalsfordeling byggjer på SSB sin statistikk pr. 01.01.2012 med tilvising til at dette er same grunnlaget som er nytta i ROS-analysen. Sjølv om folketalet har auka noko sidan 2012 har dette liten innverknad på dimensjoneringsvurderingane.

I brannordninga vert det mellom anna operert med følgjande definisjonar:

Forspenningstid:	Tid frå alarmering til innsatsstyrken er klar til utrykning.
Køyretid:	Tid frå utrykning til styrken er i arbeid på skadestaden.
Innsatstid:	Forspenningstid + køyretid.
Overordna vakt:	Personell i eiga vaktordning med brannsjefens mynde.

2. GRUNNLAG FOR BRANNORDNINGA.

2.1 Oppgåver

Brannvernet har sitt mynde og ansvar etter ***Brann- og eksplosjonsvernloven*** og er organisert og dimensjonert med basis i ***Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen.***

2.2 Grunnlag for organisering og dimensjonering

Følgjande forutsetningar vil vere gjeldande som grunnlag for organisering og dimensjonering etter standardkrava:

Innbyggarar i kommunen pr. 01.01.2012:	8727 personar
Areal:	135 km2
Skogsareal:	5 km2
Tal på røykpiper:	2900 stk

Tettstader i kommunen (ref. SSB pr. 01.01.2012):

Tettstad	Folkemengde
Kvalsvik	244
Kvalsund	525
Remøy	352
Moltustranda	363
Tjørvåg	377
Fosnavåg/Leinstrand	3673
Til saman	**5533**

Folketal i kommunen (ref. SSB pr. 01.01.2012):

Innbyggarar i tettstad:	5533 innbyggarar
Innbyggarar utanfor tettstad:	3194 innbyggarar
Totalt i kommunen:	**8727 innbyggarar**

Det er utført prøveutrykningar til frå begge brannstasjonane i kommunen og desse viser at ein kan nå alle ytterpunkt i kommunen innanfor 30 minutts køyretid. Avstanden internt mellom stasjonane i Myrvåg og Fosnavåg tilsvarar vidare ei køyretid på 16 minutt.

Frå Fosnavåg stasjon:

Tettstad	Forspenningstid	Køyretid	Innsatstid
Moltustranda	6 minutt	15 minutt	21 minutt
Kvalsvik	6 minutt	13 minutt	19 minutt

Frå Myrvåg stasjon:

Tettstad	Forspenningstid	Køyretid	Innsatstid
Moltustranda	6 minutt	13 minutt	19 minutt
Kvalsvik	6 minutt	29 minutt	35 minutt

På tidspunkt der det ikkje er personell på brannstasjonane (ugunstigaste tidspunkt) vil dei objekta som ligg lengst frå stasjonane kunne nåast med slik innsatstid:

Frå Fosnavåg stasjon:

Objekt	Forspenningstid	Køyretid	Innsatstid
Runde Miljøsenter, Runde	6 minutt	18 minutt	24 minutt
Christineborg Gjestehus, Runde	6 minutt	18 minutt	24 minutt

Frå Myrvåg stasjon:

Objekt	Forspenningstid	Køyretid	Innsatstid
Runde Miljøsenter, Runde	6 minutt	29 minutt	35 minutt
Christineborg Gjestehus, Runde	6 minutt	29 minutt	35 minutt

2.3 Vurdering av risikotilhøva

Risikotilhøva i kommunen er registrert og vurdert i eigen ROS-analyse. Kartlagt risiko syner at beredskapen vil vere dekt gjennom minstekrava til vaktlag etter ***Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen*** § 5-1, her under også støttestyrke med sjåfør tankbil på stasjonen i Myrvåg etter same lovs § 5-2.

ROS-analysen skal reviderast med ein maksimal revisjonssyklus på 5 år. Ved vesentlege endringar i risikotilhøva som følgje av mellom anna sterk vekst i næringsutvikling eller bustadbygging, vil revisjon måtte skje oftare. Ny gjennomgang (revisjon) av ROS-analysen vil kunne resultere i behov for auka/forsterka beredskap.

3. ADMINISTRASJON OG LEIING

3.1 Administrasjon

Herøy brannvern har i dag og basert på gjeldande brannordning fylgjande administrasjon:

Brannsjef:	0,415 stilling
Førebyggande avd. – avd.leiar:	0,415 stilling
Førebyggande avd. - utførande	0,830 stilling (p.t. vakant)
Beredskapsavd – avd. leiar:	0,415 stilling
Til saman:	2,075 stilling

Dette var basert på dågjeldande (1998) krav til minimumsbemanning i ***Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen***.

Feiing og tilsyn med eldstadar er organisert under det førebyggande arbeidet i brannvernet. Dette arbeidet er basert på kjøpte tenester gjennom samarbeidsavtale med Ulstein kommune.

Med utgangspunkt i det utvida ansvarsområdet som har bygd seg opp over tid samt også forventa utvikling av folketalet i kommunen, så vert det lagt til grunn at Herøy no skal ha følgjande administrative stillingsressursar:

Brannsjef:	0,50 stilling
Førebyggande avd. – avd.leiar:	0,50 stilling
Førebyggande avd. – utførande:	1,00 stilling
Beredskapsavd – avd. leiar:	0,50 stilling
Til saman:	2,50 stilling

Alle utrekna stillingsbrøkar er runda av oppover til næraste halv eller heil stilling. Stillingane som brannsjef og avdelingsleiar førebyggande avdeling inngår som del av andre stillingar tilknytt kommuneadministrasjonen. Når det elles gjeld brannsjefen sine administrative funksjonar så er desse etter intern avtale fordelt mellom brannsjef og varabrannsjef.

Stillinga som avdelingsleiar i beredskapsavdelinga er forøvrig tillagt ein del andre funksjonar. Dette gjeld mellom anna organisering av kurs og opplæring av befal og mannskap og ulike former for brannvernopplæring retta mot bedrifter, offentlege institusjonar og publikum. Avdelingsleiar tek også noko del i tilsynsarbeidet innanfor førebyggande avdeling. Ovannemnde tilleggsfunksjonar er vurdert til 0,5 stilling.

Feie- og tilsynarbeidet vert å organisere under det førebyggande arbeidet i brannvernet ved vidareføring av samarbeidsavtalen med Ulstein kommune. Dette arbeidet utgjer i storleiksorden 0,4 stilling.

3.2 Myndeoverføring

Alle ikkje prinsipielle saker etter Brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter er delegert frå kommunestyret til rådmannen.

3.3 Overordna vakt

Overordna vakt vert å etablere som 5 – delt vaktordning.

3.4 Planar og rapportering

Brannsjefen skal kvart år utarbeide årsplan over brannverntiltak etter ***Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn*** § 5-2, 3. ledd. Planen skal leggast fram for formannskapet seinast innan utløpet av mars det året planen gjeld for.

Vidare skal det innan same frist utarbeidast årsrapport over førebyggande tiltak som er gjennomført i det foregåande året, jfr. ***Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn*** § 5-2, 4. ledd.

Brannsjefen skal i tillegg til dette også utarbeide beredskapsplanar og innsatsplanar for større risikoobjekt.

3.5 Internkontroll

Det er etablert eit internkontrollsystem som omfattar brannvernet og evt. også feietenesta dersom/når denne vert basert på kommunale tenester.

Internkontrollen skal sikre at alle krav til helse, miljø og sikkerheit vert følgde.

Dette inneber systematiske tiltak som m.a. skal føre til at:

- alle sider ved mannskapa sin tryggleik vert ivaretekne.
- alle i brannvernberedskapen skal ha lækjargransking etter faste intervall tilpassa m.a. alder og stilling i brannvernet.
- brannvernet og feietenesta si verksemd ikkje fører til skade på annan person.
- brannvernet sin innsats ikkje fører med seg utilsikta miljømessige skadeverknader.

3.6 Instruksar

Leiarar og mannskap er underlagt instruksar/stillingsskildringar som sikrar at brannvernet og feietenesta sine plikter etter brannlovgjevinga vert ivaretekne på ein trygg måte. Desse instruksane/stillingsskildringane er/vert ein del av internkontrollsystemet.

3.7 Opplæring og kompetanse

Brannsjefen skal syte for at befal og mannskap får den opplæring som dimensjoneringsforskrifta kap. 7 krev, samt opplæring utover dette for gjennomføring av særskilde oppgåver som er tillagt brannvernet og feietenesta.

Brannsjefen skal syte for å utarbeide utdanningsplan som basis for gjennomføring av denne opplæringa.

3.8 Øving av beredskapen

Brannsjefen skal syte for å utarbeide årlege øvingsplanar som sikrar at leiarar og mannskap får tilstrekkeleg øving til å kunne løyse dei oppgåver dei møter i tenesta.

Kvar øving skal vere tilrettelagt med øvingsmål, disposisjon for instruktør o.s.v. Årlege øvingstal for kvar leiar og kvart mannskap inkludert fellesøvingar og årssamlingar med brannsjefen skal vere minimum 10. Av dette skal minimum 4 av øvingane vere røykdykkarøving og av desse igjen skal minimum 1 øving vere «varm». Kjemikaliedykkarar skal i tillegg ha minimum 1 skarp øving årleg.

I tillegg til dette så skal det innanfor øvingsopplegget avsetjast tid til øvingar for samhandling og samarbeid med andre instansar der slikt samarbeid anten er formelt avtalt eller det av beredskapsmessige omsyn vil vere naturleg.

3.9 Auka beredskap

I spesielle utfartshelgar, høgtider, ved større arrangement eller i periodar med stor fare for brann har brannsjefen mynde til, om han finn det naudsynt, å kunne etablere høgare beredskap.

4. FØREBYGGANDE AVDELING

4.1 Brannsynspersonell

Avdelinga skal ha ei bemanning som sikrar tilfredsstillande ivaretaking av dei førebyggande oppgåvene etter §§ 3-1 og 3-2 i ***Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen.***

Utfrå berekningsgrunnlaget i forskrifta og dagens folketal skal kommunen ha tilsett avdelingsleiar i førebyggande avdeling med ein stillingsprosent tilsvarande om lag 0,45 årsverk og i tillegg om lag 0,9 årsverk i tilsynsressursar på særskilde brannobjekt (utførande). Som nemnt under kap. 3.1 er tilrådde stillingsstorleikar av praktiske årsaker avrunda som følgjer:

Førebyggande avd. – avd.leiar:	0,50 stilling
Førebyggande avd. – utførande:	1,00 stilling

Ulike førebyggande oppgaver som informasjon, kurs/opplæring av offentlege institusjonar, bedrifter og publikum m.v. som også inngår i det lovpålagde arbeidet, kjem i tillegg, jfr. her m.a. § 5-3 i ***Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn***. Avdelingsleiar i beredskapsavdelinga utfører ein vesentleg del av det sistnemnde arbeidet, jfr. her også kap. 3.1.

4.2 Feiepersonell

Ressursane knytta til feiing og tilsyn med eldstadar m.v. skal vere dimensjonert slik at registrerte piper vert feia i samsvar med gjeldande retningsliner. Til å utføre feiearbeidet er gjeldande samarbeidsavtale med Ulstein kommune tenkt vidareført.

Feiepersonell kan ved behov disponerast til anna førebyggande brannvernarbeid enn feiing.

5. BEREDSKAPSAVDELING.

5.1 Utrykningsstyrke

Hovudstasjonen sin faste beredskapstyrke i Fosnavåg skal vere oppsett slik:

- 5 overbefal
- 5 utrykningsleiarar
- 5 sjåførar
- 10 brannmannskap

Samtlege utrykningsleiarar og brannmannskap skal vere utdanna røykdykkarar.

For bibrannstasjonen i Myrvåg er det lagt opp til slik bemanning:

- 5 sjåførar tankbil
- 5 brannmannskap

Brannmannskapa skal vere utdanna røykdykkarar.

5.2 Reservestyrke

Ved særlege behov skal det takast kontakt med redningsskøyta samt heimevernet/ sjøheimevernet/sivilforsvaret (FIG – gruppe), røde kors og evt. andre aktuelle organisasjonar med siktemål at desse skal kunne bistå brannvernet.

5.3 Brannstasjonar

Utrykningsstyrken ved hovedstasjonen i Fosnavåg utgjer 20 personar i deltidsstilling, fordelt på 5 vaktlag med 4 personar. Overordna vakt/befal kjem i tillegg til laget. Vaktordninga er basert på heilkontinuerlig døgnvakt.

Ved bibrannstasjonen i Myrvåg vil utrykningstyrken bestå av 1 person i heilkontinuerlig døgnvakt som sjåfør på tankbil.

6. VARSLING OG ALARMERING.

6.1 Alarmsentral brann

Herøy brannvern er tilknytt felles alarmsentral i Ålesund med naudnummer 110.

6.2 Varsling over naudnummer 110

Publikum skal kunne varsle brann og anna ulykke over naudnummer 110.

6.3 Alarmering og utkalling av innsatsstyrkar

Alarmsentral brann syter for varsling etter fastlagde rutiner ved alle brann- og ulykkesmeldingar ifg. alarminstruks. Leiar og innsatspersonell vert alarmert med godkjent radioalarmeringsutstyr.

På oppmoding frå brannsjef eller befalsvakt skal alarmsentralen varsle/alarmere også andre hjelpestyrkar.

7. UTRUSTNING AV BEREDSKAPEN

7.1 Alarmering og sambandsutstyr

Brannvernet skal ha utstyr for alarmering av personalet og for å oppretthalde naudsynt radiosamband mellom alarmsentral brann og befalsvakta eller evt. utrykningsleiar, depot, køyrety og andre naudetatar.

Røykdykkarar skal nytte naudsynt sambandsutstyr ved innsats.

7.2 Personleg vern

Alt personell som vert sett i innsats, skal ha godkjent personleg verneutstyr tilpassa den aktuelle oppgåva og dei skal vere fortruleg med bruken av utstyret og det det er godkjent for.

7.3 Materiell generelt

Herøy brannvern skal disponere naudsynt og tilfredsstillande materiell til innsats ved brann, trafikkulykker, akutt forureining og andre ulykker og uføresette hendingar som kan ramme lokalsamfunnet. Brannvernet er den viktigaste aktøren i ulykker som kan true miljøet og må såleis også ha utrustning for å takle slike hendingar.

Herøy kommune er dessutan med i Sunnmøre interkommunale utval mot akutt forureining (Sunnmøre IUA) og skal vere oppsett med eit middels stort depot for olje- og forureiningsulykker på sjø og land. Sunnmøre IUA avgjer kva utstyr depotet skal innehalde og finansierer nykjøp utover kommunedepotnivået.

7.4 Materiell ved Fosnavåg brannstasjon

Beredskapsstyrken i Fosnavåg skal ha fylgjande utstyr til disposisjon:

- 1 stk. mannskapsbil med min. 2000 l vatn, mannskapskabin og komplett utstyr som førsteutrykningsbil.
- 1 stk. vakt-/kommandobil med lett utstyr (arbeidslys, førstehjelp mm).
- Pumper, slangar, røykdykkarutstyr og anna sløkkeutstyr tilpassa risikoforhold og elles i høve til dei oppgåver som er tillagt brannvernet.
- Utstyr for overflateredning i strandsoner og på opne og islagde vatn.

Med tilvising til utarbeidd **ROS-analyse for Herøy kommune/brannvernet 2013** bør det også så snart som mogleg skaffast til veges:

- Eigna utstyr for brannsløkking og redning av personar frå store høgder (korgbil/lift).

Alt materiell og utstyr skal kontrollerast og ettersjåast rutinemessig ein gong i veka. Utført kontroll og vedlikehald skal loggførast.

7.5 Materiell ved Myrvåg bibrannstasjon

- 1 tankbil med min. 10000 liter vatn, mannskapskabin og naudsynt utstyr som førsteutrykningsbil.
- Pumper, slangar, røykdykkarutstyr og anna sløkkeutstyr tilpassa risikoforhold og elles i høve til dei oppgåver som er tillagt denne brannstasjonen.
- Utstyr for trafikkredning/frigjeringsutstyr.
- Regionalt mellomstort depot for handtering av akutt forureining (inngår i Sunnmøre IUA)

Alt materiell og utstyr skal kontrollerast og ettersjåast rutinemessig ein gong i veka. Utført kontroll og vedlikehald skal loggførast.

7.6 Vassforsyning

ROS-analysen syner at det fleire stader i kommunen ikkje er tilgang på sløkkevatn. Dette inneber då at vassforsyninga må baserast på leveranse frå tankbil.

8. AVTALAR

Det er inngått tidsuavgrensa avtalar med kommunane Ulstein og Sande om gjensidig sløkkehjelp.

Herøy kommune, Brannvernet, februar 2014

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

HERØY KOMMUNE

BRANNVERNET

2013

INNHALD

1. INNLEIING		4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Mål og akseptkriterie	5
1.3	Forutsetningar og avgrensingar for analysen	5
1.4	Organisering av arbeidet	6
1.5	Styrande dokument	6
1.6	Revisjonsrutiner	6
1.7	Definisjonar	6
2. ANALYSEOBJEKTET		8
2.1	Generelt om Herøy kommune	8
2.2	Herøy kommune	9
2.3	Generelle observasjonar	11
3. METODIKK		12
3.1	Bakgrunn	12
3.1.1	Kategorisering av sannsynlegheit og konsekvens	12
3.1.2	Vurdering av risiko	13
3.2	Avbøtande tiltak	14
3.2.1	Raud hending – risikoreduserande tiltak naudsynt	14
3.2.2	Gul hending – tiltak bør vurderast	15
3.2.3	Grøn hending – akseptabel risiko	15
4. ROS – ANALYSE		15
4.1	Formål med ROS-analysen	15
4.2	Gjeldande brannordning	15
4.3	Erfaringsdata	17
4.3.1	Brann i bygning	17
4.3.2	Trafikkulykker generelt	17
4.3.3	Uhell farleg gods/stoff	17
4.4	Identifiserte fare- og ulykkeshendingar	18
4.5	ROS-analysen	18
5. SAMANDRAG OG KONKLUSJON		19

Vedlegg: Felles ROS–analyse på objektnivå

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Denne risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) skal omfatte uønska hendingar som fell inn under brannvernet sitt ansvarsområde. Formålet med ROS-analysen er å gi ei brei, overordna og representativ framstilling av risiko for menneske, ytre miljø og materielle verdiar i kommunen og såleis danne grunnlag for avgjerder på alle nivå i organisasjonen samt legge premissar for kommunen sitt planarbeid.

Analysen inngår imidlertid i denne omgang primært som grunnlagsmateriale for utarbeiding av ny brannordning for Herøy kommune. Dette skjer gjennom identifisering av evt. behov for risikoreduserande tiltak som grunnlag for dimensjonering av brann- og redningstenesta, avdekking av behov for driftsmidlar og investeringar samt prioritering av arbeidsoppgåver.

For å kunne prioritere arbeidsoppgåver er det avgjerande å få kartlagt kva hendingar det kan være aktuelt/mogleg å forebygge eller evt. redusere risikoen ved når hendinga først har skjedd. Det er vidare eit mål å få beredskapsmessige omsyn integrert i den ordinære planlegginga og dermed medverke til ei betre samla beredskaps- og kriseplanlegging i kommunen.

Grunnlaget for den kommunale brannberedskapen er regulert gjennom Brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002 nr. 20. Lova har som formål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann, eksplosjon, ulykker med farleg stoff/gods samt andre akutte ulykker og kommunen er gjennom lova pålagt å ivareta forebyggande og beredskapsmessige oppgåver på ein effektiv og sikker måte.

Alle kommunar skal ha ein beredskap mot brann og ulykker som sikrar innsats i heile kommunen og brannvernet skal disponere egna og tilstrekkelig utstyr til handtering av dei brannar og ulykker ein kan forvente oppstår basert på ROS-analysen for kommunen.

Brannvernet har med basis i Brann- og eksplosjonsvernlova ei rekke oppgåver utover dei reint brannfaglege. § 11 i lova pålegg mellom anna brannvernet å være innsatsstyrke ved andre akutte ulykker avdekka i kommunen si ROS-analyse. Til eksempel yter brannvernet i dag innsats også ved trafikkulykker, kjemikalieulykker, flaumsituasjonar og andre naturhendingar, tiltak som følgje av konsekvensar etter terror m.v. og er også ein viktig del av beredskapen mot akutt forureining.

Forskrifter til Brann- og eksplosjonsvernlova skal sikre at krava til dimensjonering står i samsvar med brannvernet sine lovpålagte beredskapsoppgåver.

ROS-analysen er utarbeidd av Herøy brannvern.

1.2 Mål og aksepkriterie

Følgjande mål er etablert for den nye brannordninga for Herøy kommune:

- Den skal tilfredstille dagens lover og forskrifter.
- Den skal betre utnyttinga av ressursar og spisskompetanse.
- Den skal medverke til kostnadseffektiv drift.
- Den skal sikre ein fleksibel og målretta organisasjon.

Gjennom forebyggande arbeid skal ein sikre:

- god kompetanse i alle ledd.
- at lovpålagde tilsyn med tilfredsstillande kvalitet vert gjennomført.
- at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på god rettleiing.
- at det vert gjennomført øvingar/opplæring retta mot privatpersonar, næringsliv og offentleg verksemd.

Gjennom brannberedskapen skal ein sikre:

- god kompetanse i alle ledd.
- tilfredstillande bemanning og organisering.
- nok og best mogleg tilpassa utstyr.
- at det vert gjennomført naudsynt opplæring av mannskap og øvingar med tilstrekkeleg omfang og kvalitet.

Feiing skal gjennomførast med basis i:

- å sikre ein optimal brannforebyggande effekt.
- kostnadseffektivisering med sterkare grad av behovsprøving.

1.3 Forutsetningar og avgrensingar for analysen

Følgjande forutsetningar er lagt til grunn for analysen :

- Den skal vere overordna og kvalitativ.
- Den skal omfatte Herøy kommune slik den i dag framstår med befolkning, næringsliv, institusjonar og infrastruktur.
- Den skal ta føre seg hendingar med konsekvensar for liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar.
- Den er avgrensa til å omfatte uønska hendingar som ligg innanfor brannvernet sitt ansvarsområde.
- Den skal bygge på tilgjengeleg materiale om risikoforhold.
- Den skal ikkje omfatte hendingar som er direkte knytta til krig og terror.
- Den skal ikkje gå direkte inn på andre store og samansette hendingar der brannvernet inngår som delressurs, men der andre organ er leiande.
- Den skal ikkje ta føre seg konkrete, isolerte hendingar på detaljert nivå.

1.4 Organisering av arbeidet

ROS-analysen er utarbeidd av brannvernet i Herøy kommune basert på hendingar og informasjon relatert til gjennomføring av tilsyn med særskilde brannobjekt samt med basis i utvalde scenarie for ein del tenkte/sannsynlege hendingar som vil kunne oppstå i kommunen.

1.5 Styrande dokument

ROS-analysen skal gjennomførast i samsvar med prinsippa i NS 5814

Ref.nr	Beskrivelse	Utgitt av
1	Risikostyring, helse, miljø og sikkerheit. Ein kort innføring i risikostyring i din verksemd.	Forskningsrådet
2	Risikoanalyse veiledning til NS 5814	Marvin Rausand
3	Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven LOV 2002-06-14 nr.20)	Justis dep. Sist endra 01.07.03
4	Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (FOR 2002-06-26 nr.729)	DSB Rev.06.11.03
5	Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (FOR 2002-06-26 nr.847)	DSB rev. 06.11.03

1.6 Revisjonsrutiner

Revisjonsansvaret for ROS-analysen ligg til Herøy brannvern. Analysen skal reviderast ved behov, men med ein maksimal revisjonssyklus på 5 år. Neste revisjon skal gjennomførast seinast innan utgangen av 2018.

1.7 Definisjonar (NS 5814)

Akseptkriterie: Kriterie basert på forskrifter, erfaring, og/eller teoretisk kunnskap som skal leggast til grunn for avgjerder om akseptabel risiko. Akseptkriteria kan uttrykkast med ord eller vere talfesta.

Konsekvens: Mogleg følgje av ei uønska hending. Konsekvensar kan uttrykkast med ord eller som ein talverdi for omfanget av skader på menneske, miljø eller materielle verdiar.

Konsekvensanalyse: Systematisk framgangsmåte for å beskrive og/eller rekne ut mogleg skadeomfang på menneske, miljø eller materielle verdiar som følgje av uønska hendingar.

Konsekvensreduserande tiltak: Tiltak med sikte på å redusere konsekvensar av uønska hendingar.

Risiko: Uttrykk for den fare eller det skadeomfang som uønska hendingar representerer for menneske, miljø eller materielle verdiar. Risikoen vert uttrykt ved ein kombinasjon av sannsynlegheita for og konsekvensen av dei uønska hendingane.

Risikoanalyse: Systematisk metode for å rekne ut eller beskrive risiko. Det fins mange ulike former for risikoanalysar, "risiko og sårbarheitsanalyse", også kalla ROS, er ein av desse.

Risikoreduserande tiltak: Tiltak med sikte på å redusere sannsynlegheita for og/eller konsekvensen av uønska hendingar.

Risikovurdering: Samanlikning av resultat frå risikoanalyse med akseptkriterie for risiko og evt. andre avgjerdskriterie.

Uønska hending: Hending eller tilstand som kan medføre skade på menneske, miljø eller materielle verdiar.

Årsaksanalyse: Systematisk framgangsmåte for å beskrive og/eller rekne ut sannsynlegheita for årsaker til uønska hendingar.

2. Analyseobjektet

2.1 Generelt om Herøy kommune



Kommune	Areal (km2)	Innbyggarar pr. 01.01.2012	Tettstadar	Innbyggarar pr. 01.01.2012
Herøy	135	8727	Fosnavåg/Leinstrand	3673
			Kvalsvik	244
			Kvalsund	524
			Remøy	352
			Moltustranda	363
			Tjørvåg	377
			Sum i tettstadar	5533

Tala byggjer på SSB sin definisjon av tettstadar. Leinstrand er her eit omgrep som SSB nyttar for den samla tettstadbusetjinga i Leinebygda og på Nærøya.

Eksisterande bemanning Herøy brannvern:

Kommune	Stasjon	Mannskap inkl. befal	Vaktordning	Røykdykkarar	Depot
Herøy	Fosnavåg	21	Ja	10	Nei
Herøy	Myrvåg	10	Sjåførvakt	4	Nei

2.2 Herøy kommune

Herøy kommune hadde pr. 01.01.2012 eit folketal på 8727 fordelt på 135 km2. Det har vore ein viss auke i folketalet også etter denne tid, men sidan det enno ikkje ligg føre kvalitetssikra tal fordelt på tettstadar pr. 01.01.2013, har ein halde seg til fjorårstala. Om lag 63 % av befolkninga bur i det som SSB definerar som tettbygde strøk.

Karakteristisk for kommunen er elles at ein stor del av befolkninga bur i mange relativt store bygdelag. Fosnavåg by (Bergsøy inkl. Gjertneset og Mjølstadneset) har om lag 3500 innbyggjarar. Dersom ein imidlertid legg til dei sentrale delane av Kvalsund og Leinebygda, som trass brusamband til Bergsøy ligg relativt tett opptil sentrum, kan ein seie at samla folketal i sentrum og tilstøytande sentrumsnære delar er på om lag 4400.

Alle deler av kommunen med fast busetnad er internt samanknytte gjennom veg- og brusamband. Regionalt har kommunen fast samband mot Ørsta/Volda og samband via ferje Hareid – Sulesund mot Ålesundsregionen.

Relevante opplysningar for ROS-analysen:

Stad	Folketal	§ 13-bygg	Innsatstid i minutt frå Fosnavåg	Innsatstid i minutt frå Myrvåg	Sjuke-heimar	Tilgang på sløkkevatn	Vatn på bil i liter
Fosnavåg by	3397	42	<10		1	God	2000
Kvalsvik	272		17-20			God	2000
Nerlandsøy	533	1	12-15			God	2000
Runde	117	2	20-23			Dårleg	2000
Remøy	334		15-18			God	2000
Leine	622	3	12-15			God	2000
Frøystad	575	3	12-15			God	2000
Bø	266		17-20			Dårleg	2000
Moltustranda	504	3		17-20		God	12000
Tjørvåg	691	3		12-15		God	12000
Myrvåg	612	6		<10	1	God	12000
Leikong	610	3		10-13		God	12000

Folketalet i dei ulike bygdelaga (øyane) byggjer på registrerte innbyggjarar i grunnkrinsane pr. 01.01.2011. Når det gjeld oppsettet over innsatstider så er dette rekna frå næraste brannstasjon til det § 13-objektet som ligg lengst borte i dei respektive bygdelaga (øyane) eller til dei mest perifere delane av dei bygdelaga som

ikkje inneheld § 13-objekt. Innsatstida er definert som tida frå innsatsstyrken er alarmert til den er i arbeid på skadestaden.

Hovudbrannstasjon i Fosnavåg rykkjer ut til hendingar i heile kommunen medan stasjonen i Myrvåg i hovudsak har førsteutrykningane til indre del av kommunen (Leikong, Myrvåg, Tjørvåg og Moltustranda). I tillegg er Myrvåg støttestyrke m/tankbil også til resten av kommunen. Alt mannskap er tilsett på deltid og er oppsett med personsøkjarar. Det er totalt registrert 66 §-13 bygg i kommunen og desse er med få unntak lokalisert til sentrumsområdet og Myrvåg (sjå elles oversikt i tabellen på side 9).

I følgje **Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen** skal innsatstida til større tettbebyggelse, sjukehus/sjukeheimar og konsentrerte næringsområde ikkje overstige 10 minutt. Innsatstida kan i einskilde høve vere lengre enn dette dersom det er gjennomført tiltak som kompenserar for den auka risikoen.

For andre tettstadar skal innsatstida ikkje overstige 20 minutt medan den utanfor tettstadar ikkje bør overstige 30 minutt. Dei ulike forskriftskrava synest å vere rimeleg godt ivaretekne for Herøy sitt vedkomande. Alle ytterpunkta i kommunen kan til dømes nåast innanfor ei innsatstid på 30 minutt uansett kva brannstasjon ein rykkjer ut frå.

Vurderinga av tilgangen på sløkkevatn tek utgangspunkt i om bygdelaget (øya) har utbygt felles vassleidningsnett eller ikkje. For einskilde av bygdelaga som står oppført med god tilgang på sløkkevatn kan mindre avgrensa område likevel ha dårleg tilgang. Eksempel på dette kan til dømes vere Leikong, der tilgangen på sløkkevatn i hovudsak er god, men der den er dårleg i dei indre delane av bygda. Tilgjengeleg vatn på bil gjeld tankkapasiteten på førsteutrykningsbilen , brannbil (2000 l) eller tankbil (12000 l), til dei ulike delar av kommunen.

Befolkningsstruktur 2011 i prosent

	Kommunen	Fylket	Landet
Antal kvinner pr. 100 menn 20-39 år	97,1	91,3	93,2
Andel barn og unge 0-17 år	23,8	22,8	22,6
Andel eldre 80 år og over	5,0	5,4	4,5
Andel personar med innvandrarbakgrunn	6,6	7,0	10,2

Busetjing 2011

	Kommunen	Fylket	Landet
Befolkning pr. km^2	63,2	17,4	16,3
Andel busett i tettbygde strøk i prosent	63,9	69,1	79,2

2.3 Generelle observasjonar

Brannar fører kvart år til tap av liv. Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av brannar vert synleggjort ved store kostnader til helseutgifter og skadeutbetalingar. Mykje har vore gjort for å redusere risikoen, men likevel ser ein at ein dei siste åra har hatt svært høge tal på omkomne i brann. Gruppa eldre og uføre synest å vere meir utsett enn andre og dette gir grunn til bekymring.

Bumønsteret i samfunnet har endra seg dei siste åra. Fleire og fleire av dei eldre og pleietrengande bur i dag heime sjølv om dei reelt sett har eit pleiebehov. Dette inneber at mange som tidlegare med basis i helse- og funksjonstilstand, var plassert på institusjon, no bur heime. Personar i denne gruppa har naturleg nok større problem enn andre med å kome seg ut av huset utan hjelp i tilfelle brann. Nasjonalt kan ein også lese av statistikkane at denne gruppa er overrepresentert når det gjeld talet på omkomne i brann. Prosentvis antal omkomne i bustadbrannar hos personar på 70 år og eldre er om lag 4,5 gangar høgare enn i den øvrige delen av befolkninga. Det er dessutan påreknа at talet på personar over 70 år vil auke vesentleg i åra som kjem. Å forebygge at stadig fleire eldre misser livet i brann som følgje av denne utviklinga, vil difor vere ei stor utfordring.

Miljøendringar vil også føre til nye utfordringar i framtida. Flaum, ras, storm og skogbrann er eksempel på hendingar som er rekna med å auke i framtida. Brannvernet sitt personell og utstyr vil heilt klart verte brukt i slike hendingar.

Variasjonane i folk sine døgnrytmer er også større enn tidlegare i det stadig fleire arbeider skift. Dette gir brannvernet ein del utfordringar sidan det er vanskelig å forutsjå kvar folk oppheld seg om natta.

Samfunnet har vorte stadig meir avhengig av straumforsyning og IT. Det har på denne bakgrunn vist seg at sjølv små brannar kan lamme kritisk infrastruktur i store område, noko som inneber store konsekvensar for kritiske samfunnsfunksjonar.

Også i Herøy har ein dei seinare år hatt aukande innslag av utanlandsk arbeidskraft. Basert på konkrete eksempel frå ulike delar av landet er ein kjend med at buforholda for deler av denne arbeidskrafta ikkje er dei beste. Det at mange menneske oppheld seg eller bur tett i gamle hus med tidvis mangelfulle tekniske installasjonar kan innebere at ein brann får uvanleg store konsekvensar.

På vegnettet i Herøy kommune har ein relativt sett liten gjennomgangstrafikk samanlikna med ein del andre kommunar. Den generelle trafikkauken må ein imidlertid pårekne også her, noko som tilseier at talet på trafikkulykker også er venta å auke i tida som kjem. Slike ulykker vil ofte kunne vere ein belastande del av brannmannskapa sitt arbeid.

3 Metodikk

3.1 Bakgrunn

Metoden er basert på retningsliner i NS 5814 "krav til risikoanalyse" og prinsippa i "Risikoanalyser, veiledning til NS 5814". NS 5814 definerer risiko som :

> ***Uttrykk for den fare eller det skadeomfang som uønska hendingar representerer for menneske, miljø eller materielle verdiar. Risikoen vert uttrykt ved ein kombinasjon av sannsynlegheita for og konsekvensen av dei uønska hendingane.***

Risiko vert ofte knytt til uønska hendingar, dvs. hendingar som ein i utgangspunktet ikkje reknar med skal skje. Det er difor knytta usikkerhet til både om hendinga vil kome til å skje (sannsynlegheit) og omfanget av hendinga (konsekvens) dersom den skulle skje. Uønska hendingar er her definert som hendingar som kan utgjere ein fare for menneske, dyr, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar.

3.1.1 Kategorisering av sannsynlegheit og konsekvens

Kor ofte ei uønska hending/ein uønska tilstand kan inntreffe, vert uttrykt ved omgrepet sannsynlegheit (frekvens på hendinga). Følgjande kategoriar for sannsynlegheit vert nytta:

Sannsynlegheitskategori	
1. Lite sannsynleg	Sjeldnare enn 1 hending pr. 50 år
2. Noko sannsynleg	I gjennomsnitt 1 hending pr. 10-50 år
3. Sannsynleg	I gjennomsnitt 1 hending pr. 1-10 år
4. Svært sannsynleg	Oftare enn 1 hending pr. år

Konsekvenskatogoriar er definert for tap av menneskeliv/helseskade, skade/negativ påverknad på ytre miljø og tap av materielle verdiar. Kategoriane er oppsummert i tabellane nedanfor :

Konsekvenskategori	**Tap av menneskeliv/helseskade**
1. Svært liten konsekvens	Ingen eller små personskader, ikkje varig
2. Liten konsekvens	Kritisk, varig skade
3. Middels konsekvens	Dødeleg skade, ein person
4. Stor konsekvens	Dødeleg skade, to til fire personar
5. Svært stor konsekvens	Dødeleg skade, fem eller fleire personar

Konsekvenskategori	Miljø
1. Svært liten konsekvens	Ubetydeleg miljøskade
2. Liten konsekvens	Lokale konsekvensar
3. Middels konsekvens	Regionale konsekvensar med restitusjonstid < 1år
4. Stor konsekvens	Regionale konsekvensar med 1-10 års restitusjonstid
5. Svært stor konsekvens	Regionale konsekvensar med restitusjonstid > 10år

Konsekvenskategori	Materielle verdiar
1. Svært liten konsekvens	Under kr 200.000.
2. Liten konsekvens	Kr 200.000. – 3,5 mill. kr
3. Middels konsekvens	3,5 mill. kr – 10 mill. kr
4. Stor konsekvens	10 mill. kr – 35 mill. kr
5. Svært stor konsekvens	Over 35 mill. kr

3.1.2 Vurdering av risiko

I ein ROS-analyse vert uønska hendingar sett inn i ei risikomatrise basert på hendingane si sannsynlegheit og sin konsekvens. Risikomatrisa har 3 soner :

GRØN	Akseptabel risiko – avbøtande tiltak er ikkje naudsynt
GUL	Akseptabel risiko, men avbøtande tiltak bør vurderast
RAUD	Uakseptabel risiko – avbøtande tiltak er naudsynt

Akseptkriteria for risiko er gitt av dei farga sonene i tabellane nedanfor.

	KONSEKVENS				
SANNSYNLEGHEIT	1.Svært liten	2.Liten	3.Middels	4.Stor	5.Svært stor
1. Lite sannsynleg					
2. Noko sannsynleg					
3. Sannsynleg					
4. Svært sannsynleg					

Figur risikomatrise for tap av menneskeliv/helseskade

	KONSEKVENS				
SANNSYNLEGHEIT	1.Svært liten	2.Liten	3.Middels	4.Stor	5.Svært stor
1. Lite sannsynleg					
2. Noko sannsynleg					
3. Sannsynleg					
4. Svært sannsynleg					

Figur risikomatrise for skade/negativ påverknad på ytre miljø

	KONSEKVENS				
SANNSYNLEGHEIT	1.Svært liten	2.Liten	3.Middels	4.Stor	5.Svært stor
1. Lite sannsynleg					
2. Noko sannsynleg					
3. Sannsynleg					
4. Svært sannsynleg					

Figur risikomatrise for tap av materielle verdiar

3.2 Avbøtande tiltak

Med avbøtande tiltak meinar ein forebyggande eller konsekvensreduserande tiltak med formål å redusere risikoen og som inneber til eksempel at hendingar kan flyttast frå raud sone til akseptabel gul eller grøn sone i risikomatrisa. Dei avbøtande tiltaka medfører at klassifiseringa av risiko for ei hending vert forskyven vertikalt eller horisontalt i matrisa.

Når det gjeld bygningar så vil det ved vurdering av risikoreduserande tiltak kunne skiljast mellom følgjande kategoriar:

- Objekt med vesentleg avvik frå TEK/FOBTOT.
- Objekt der kravet til maksimal innsatstid og/eller tilgang på sløkkevatn ikkje er oppfylt.
- Andre forhold som vanskeleggjer ein tilfredsstillande innsats.

Objekt tilhøyrande den første kategorien må gjennom tilsyn påleggast brannteknisk oppgradering. For den andre kategorien vil spørsmålet om eventuelle tiltak vere basert på om kravet til maksimal innsatstid (avhengig av type objekt) er oppfylt og om tilgangen på sløkkevatn er tilfredsstillande/akseptabel.

Den siste kategorien vil omfatte objekt (bygningar) med stor høgde, vanskelege tilkomstforhold og liknande som i sum gjer sløkkesituasjonen lite tilfredsstillande eller uakseptabel basert på tilgjengeleg utstyr.

Eventuelle avbøtande tiltak knytta til andre hendingar (trafikkulykker, ulykker med farleg gods/stoff, akuttforureing m.v.) vil i hovudsak måtte ta utgangspunkt i om mannskapa som skal handtere situasjonen, har god nok opplæring og om ein har eller har tilgang på tilfredstillande utstyr.

3.2.1 Raud hending – risikoreduserande tiltak er naudsynt

Hendingar som ligg i det raude området i matrisa, er hendingar ein på grunnlag av akseptkriteria seier at ein ikkje kan leve med. Dette er hendingar som må følgjast opp i form av tiltak. Tiltaka må i hovudsak rette seg mot årsakene til hendinga og på ein slik måte at sannsynlegheita for nye hendingar vert redusert.

3.2.2 Gul hending – tiltak bør vurderast

Hendingar som ligg i det gule området i matrisa, er hendingar som krev kontinuerleg fokus på risikostyring. I mange tilfelle er dette hendingar som kan hindrast i å oppstå og der tiltak bør vurderast iverksett så langt dette har ein positiv kost/nytte-effekt.

3.2.3 Grøn hending – akseptabel risiko

Hendingar i det grøne området i matrisa inneber akseptabel risiko, noko som inneber at risikoreduserande tiltak ikkje er naudsynt. Dersom risikoen for hendingane kan reduserast ytterlegare utan at dette krev nemneverdige ressursar, bør ein imidlertid også vurdere å iverksetje tiltak for desse hendingane.

4 ROS–analyse

4.1 Formålet med ROS-analysen

Med basis i tilgjengelege erfaringsdata saman med tilhøyrande vurderingar er målet med ROS-analysen å få dokumentert om dagens beredskap er tilfredsstillande for å kunne handtere dei ulike pårekna hendingane i kommunen samt å avdekke område (geografisk og utstyrsmessig) der risikoen som følgje av pårekna hendingar vert vurdert å vere for høg. Grunnlaget for desse vurderingane er beredskapsnivået fastlagt i gjeldande brannordning for kommunen.

4.2 Gjeldande brannordning

Etter gjeldande brannordning (1998) har Herøy brannvern slik administrasjon:

- Brannsjef
- Varabrannsjef
- Avdelingsleiar forebyggande avdeling
- Avdelingsleiar beredskapsavdeling

I tillegg til dette har brannvernet 1 stilling innan forebyggande brannvern. Organiseringa og stillingsbrøkane knytta til dei ulike funksjonane er basert på ***Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen.***

Beredskapen er basert på 2 brannstasjonar med hovudstasjon i Fosnavåg og bibrannstasjon i Myrvåg. Ved hovudstasjonen er beredskapsstyrken oppsett som følgjer:

- 5 overbefal
- 4 utrykningsleiarar
- 12 brannmannskap

Ved bibrannstasjonen i Myrvåg er det fastsett slik beredskapsstyrke:

- 4 utrykningsleiarar
- 6 brannmannskap

Mannskapsmessig har ein i dag ein beredskapsstyrke i samsvar med brannordninga, men ein har eit avvik når det gjeld sjølve organiseringa av styrken. Medan brannordninga seier 4-delt vakt med 5 personar (inkl. befal) på vaktlaget i Fosnavåg er det i dag 5-delt vakt med 4 personar på kvart lag. Organiseringa i Myrvåg er i samsvar med brannordninga der utrykningsleiarane samstundes er sjåførar på tankbilen og går i heilkontinuerleg vakt.

På utstyrssida forutset brannordninga følgjande hovudoppsett:

- Mannskapsbil med minimum 2000 liters tank i Fosnavåg og Myrvåg.
- Tankbil i Fosnavåg.
- Vaktbil/kommandobil for befal.

I tillegg til dette kjem naudsynt pumpemateriell, slangar, røykdykkarutstyr, frigjeringsutstyr til trafikkulykker m.v. Varslinga av brann og andre ulykker skal gå via 110-sentralen i Ålesund.

Dagens situasjon er at ein har kommandobil og mannskapsbil i Fosnavåg og tankbil med eit visst førsteutrykningsutstyr i Myrvåg. Også her er det såleis eit avvik frå gjeldande brannordning, jfr. oppsettet over bilparken ovanfor.

Når det gjeld feietenesta seier brannordninga at denne skal vere dimensjonert slik at registrerte piper vert feia i samsvar med gjeldande retningsliner. I dag vert feiinga gjennomført med utgangspunkt i ein samarbeidsavtale med Ulstein kommune.

Med omsyn til støttefunksjonar så viser brannordninga til redningsskøyta, sjøheimevernet og den regionale FIG-gruppa. Det skal i tillegg foreligge avtalar om gjensidig beredskap med Ulstein og Sande.

Brannordninga fastslår elles at Herøy er med i ***Sunnmøre interkommunale utval mot akutt forureining (Sunnmøre IUA)*** og at kommunen skal vere oppsett med eit middels stort depot for olje- og forureiningsulykker på sjø og land.

Vertskapsrolla for middels stort depot tilseiar at kommunen skal vere vere ein tilleggsressurs for dei næraste nabokommunane når det gjeld hendingar som krev utstyr/innsats ut over kommunenivået og inneber mellom anna at ein har utdanna mannskap og utstyr for gassverninnsats. Herøy vedtok i 2012 ajourført delplan mot akutt forureining.

4.3 Erfaringsdata

Hendingar 2008-2012	2008	2009	2010	2011	2012
Brann i bygning	2	3	6	7	1
her av brann i bygning m/dødsfall		1			
Pipebrann	1	1	2	2	2
Bilbrann	3	1	3	2	2
Brann i båt	1			1	1
Lyng-/gras-/skogbrann	3	3	1	2	
Anna brann		1	2	5	2
Brannhindrande tiltak	2		4	2	6
Trafikkulykke	5	10	10	7	13
Akutt forureining	1	1		1	4
Dykkeroppdrag	3	2		1	1
Annan assistanse	8	3	6	7	12
Unødig/falsk alarm	27	21	21	38	23
Sum hendingar	**56**	**46**	**55**	**75**	**67**

Statistikk innhenta frå 110-sentralen

4.3.1 Brann i bygning

Vurdering av sannsynlegheita for brann i bygning er basert på statistikk i "Handbok i kartlegging av brannrisiko i kommunane" utgitt av DSB. I følgje DSB er gjennomsnittleg kvar 5. brann av større omfang. I ROS-analysen er dette saman med statistikken for Herøy kommune lagt til grunn ved vurdering av ulike pårekna hendingar.

4.3.2 Trafikkulykker generelt

I følgje statistikk frå Statens Vegvesen er det i perioden 2004 – 2011 (8 år) registrert i alt 106 trafikkulykker i Herøy, noko som tilseier eit gjennomsnitt på 13 trafikkulykker pr. år. Over halvparten av ulykkene har funne stad på FV 654. Resten av ulykkene fordeler seg i hovudsak på FV 61, FV 10, FV 16 og FV 18 forutan at det også er registrert ein del spreidde enkeltulykker på det kommunale vegnettet og den resterande del av fylkesvegnettet.

I alt 156 personar er registrert som skadde eller drepne i dei ovannemnde ulykkene. Desse fordelar seg elles på 2 drepne, 15 hardt skadde og 139 lettare skadde.

4.3.3 Uhell farleg gods/stoff

Vurdering av sannsynlegheita for uhell med farleg gods, her under brann og forureining/ lekkasje, tar utgangspunktet i DSB sin statistikk for perioden 1995-2004. I gjennomsnitt er det her pr. år registrert 3 brannar og 27 hendingar med forureining/lekkasje av farleg gods/stoff på veg i Norge. Sannsynlegheita for at det skal skje i Herøy er relativ liten. Herøy har ein viss gjennomgangstrafikk over FV 61 medan transporten på FV 654 i all hovudsak er målretta til verksemder innan

kommunen. Det er ikkje foreteke noko registrering av mengder transportert vare over vegnettet i kommunen.

4.4 Identifiserte fare- og ulykkeshendingar (IFU)

Nedanfor følgjer ein oversikt over grupper av identifiserbare fare- og ulykkeshendingar (IFU):

1.Særskilde brannobjekt, kategori A

IFU 1.1	Brann i institusjon: sjukehus, sjukeheimar, omsorgsbustadar, barnehagar m.m.
IFU 1.2	Brann i overnattingsstader: hotell, pensjonat m.m.
IFU 1.3	Brann i forsamlingslokale: serveringslokale, skular, forsamlingslokale, kyrkjer, kulturhus m.m.
IFU 1.4	Brann underjordiske anlegg: kraftstasjonar, garasjeanlegg m. m.

2.Særskilte brannobjekt, kategori B

IFU 2.1	Brann knytta til store arbeidsplassar og verdiar: store bygningsmessige einingar, viktige bedrifter, store husdyrrom, store opplag m.m.
IFU 2.2	Brann i store samfunnsviktige knutepunkt: kraftstasjonar, transformator- og koplingsstasjonar, vassverk, telesentralar, datasentralar m.m.
IFU 2.3	Brann i objekt som vert omfatta av løyve frå DSB: eksplosive varer, brannfarlege varer samt væsker og gass under trykk.
IFU 2.4	Brann i objekt der brann kan innebere alvorleg trussel mot miljø: lager med giftige stoff, landbrukskjemikalier, medisinar, store søppelfyllingar.

3. Særskilte brannobjekt, kategori C

IFU 3.1	Brann i viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg: museum, objekt med store symbolske eller kunstnariske verdiar.

4. Anna

IFU 4.1	Brann ved store arrangement, utstillingar og tilstellingar som vert halde i område som normalt ikkje vert nytta til denne type arrangement.
IFU 4.2	Brann i andre objekt som utgjer ein ekstraordinær risiko innan kommunen i forhold til innsatstid, tilkomst og mangel på sløkkevatn.
IFU 4.3	Uønska hendingar ved transport av farleg gods/stoff på veg/jernbane.
IFU 4.4	Brann eller andre ulykker i sjøområde.
IFU 4.5	Andre uønska hendingar som medfører akutt forureining.
IFU 4.6	Andre akutte hendingar med personskade (trafikkulykker, arbeidsulykker m.m.)

4.3 ROS-analysen

ROS-analysen med evt. forslag til risikoreduserande tiltak følgjer i vedlegg. Der tiltak ikkje er nærare kommentert vert eksisterande beredskap vurdert å vere tilfredstillande.

5 Samandrag og konklusjon

Risiko- og sårbarheitsanalysen for Herøy brannvern er meint å skulle gi eit bilete av risikosituasjonen på dei område som direkte eller indirekte kjem inn under brannvernet sitt ansvarsområde. Målet er å få dokumentert om dagens beredskap er tilfredsstillande for å kunne handtere dei ulike pårekna hendingane samt å avdekke område der risikoen som følgje av pårekna hendingar vert vurdert å vere for høg.

Ulike avdekka risikoforhold vil imidlertid også kunne nyttast som grunnlag for avgjerder som må takast på alle nivå i kommunen og forøvrig gi nyttige innspel til kommunen sitt planleggingsarbeid.

ROS-analysen omfattar ikkje store og omfattande hendingar som flystyrt, skipsbrannar og –havari i rom sjø, grunnstøytingar og liknande, det vil i prinsippet seie hendingar der andre organisasjonar (regionale og sentrale) er forutsett å ha det primære beredskapsansvaret. Brannvernet vil sjølvsagt også her delta med delinnsats så langt dette er mogleg både direkte og i samband med følgjekonsekvensar av dei ulike hendingane.

Ein særs aktuell følgjekonsekvens i samband med hendingar på sjø vil i denne samanheng kunne vere akutt forureining. Her har kommunen i utgangspunktet førstelineansvaret, men ved større aksjonar vil Sunnmøre IUA eller evt. statleg beredskap kome inn som hovudansvarleg.

Kommunen har vedteke ein kommunal delplan for denne akuttberedskapen som tilsluttar seg beredskapsplanen for Sunnmøre IUA og det vert lagt til grunn, med basis i øvingar og erfaring frå tidlegare aksjonar, at brannvernet her dekkjer sine ansvarsområde på ein tilfredsstillande måte.

ROS-analysen omfattar heller ikkje direkte hendingar knytta til ras, flaum, ekstremver og liknande sjølv om brannvernet naturleg nok også her vil yte innsats. Dette er imidlertid samansette hendingar som vil krevje innsats gjennom koordinering av eit breidt spekter av kommunale tenester og som difor er forutsett dekt gjennom ein samla kommune-ROS.

I den konkrete risikokartlegginga som følgjer hovudrapporten, har ein gjort eit utval av objekt innanfor ulike kategoriar. Det er her lagt vekt på å velje objekt som er forventa å ha høgast risiko utfrå samla vurderingar basert på type objekt, innsatstider, tilgang på sløkkevatn, tilgang på eigna utstyr m.v. Tankegangen her er naturleg nok at dersom dei forutsett «vanskelegaste» objekta har akseptabel risiko, så vil ein også kunne handtere objekt med lavare risiko på ein tilfredsstillande måte.

Med tilvising til ovannemnde har ein i analysen konkludert med at ingen objekt vert vurdert å ha uakseptabel risiko, dvs. at dei hamnar i raud sone i risikomatrisa. Fleire objekt hamnar imidlertid i gul sone, der risikoen i utgangspunktet kan seiast å vere akseptabel, men der det likevel bør vurderast iverksetjing av evt. avbøtande tiltak. Spesielt gjeld dette objekt som vert vurdert å ligge tett opptil raud sone.

I lys av det som her er nemnt og som ein avsluttande konklusjon med basis i gjennomførte risikovurderingar kan ein peike på følgjande område der det vil vere naturleg å vurdere moglege risikoreduserande tiltak:

- **Skaffe utstyr som er egna for brannsløkking og redning av personar frå store høgder.**
- **Tilføre frigjeringsutstyr til Myrvåg stasjon slik at ein reduserar innsatstida i samband med trafikkulykker i indre del av kommunen.**
- **Skaffe til veges og øve på bruk at utstyr for overflateredning i strandsoner og på opne og islagde vatn.**

VEDLEGG 1

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE FOR HERØY KOMMUNE

(S = sannsynlegheit, K = konsekvens, R = risiko)

Scenarie nr.	Bygg/bedrift	Uønska hending	Vurdering av sannsynlegheit	Vurdering av konsekvens	S	K	R	Forslag til ytterlegare risikoreduserende tiltak
Brann i institusjonar: sjukehus, sjukeheimar, omsorgsbustader m.v.								
1	Sjukeheim eller omsorgs-bustad eks. Myrvåg	Generelt branntilløp i pasientrom.	Lite sannsynleg.	Innsatstid under 10 min. God tilgang på sløkkevatn. Brannalarmanlegg. Automatisk varsling. Sprinkleranlegg.	1	3 1 2	GRØN	
2	Omsorgs-bustad eks. Holmsild	Generelt branntilløp i leilegheit.	Noko sannsynleg	Innsatstid under 10 min. God tilgang på sløkkevatn Brannalarmanlegg Automatisk varsling Omsorgsbust. i 2. etasje	2	3 1 5	GUL	Betre vurdering av bebuarar Tilsyn aktuelle bebuar Risikovurdering ved innflytting Regelmessig tilsyn
Brann i overnattingsstader: hotell, pensjonat, vandrarheimar, leirskular m.v.								
3	Eks. Christineborg Gjestehus	Generelt branntilløp	Noko sannsynleg	Innsatstid ca. 20 min frå Fosnavåg, 30 min med tankbil frå Myrvåg. Dårleg tilgang på sløkkevatn Brannalarmanlegg Automatisk varsling Alt på eitt plan	2	3 2 4	GUL	God oppfølgjing av internkontroll Opplæring av og øving med personell Regelmessig tilsyn
Brann i forsamlingslokale: serveringslokale, skular, kyrkjer, kulturhus m.v.								
4	Kyrkje, eks. Leikanger kyrkje	Generelt branntilløp	Noko sannsynleg	Innsatstid under 10 min. God tilgang på sløkkevatn Brannalarmanlegg Automatisk varsling Gamal trebygning	2	1 1 4	GUL	God oppfølgjing av internkontroll Regelmessig tilsyn

Scenarie nr.	Bygg/bedrift	Uønska hending	Vurdering av sannsynlegheit	Vurdering av konsekvens	S	K	R	Forslag til ytterlegare risikoreduserende tiltak
Brann knytta til store arbeidsplassar og verdiar								
5	Større arbeidsplass eks. Marine Harvest	Brann m/amoniakklekasje	Noko sannsynleg	Innsatstid under 10 min. God tilgang på sløkkevatn Industribrannvern Kompliserte sløkkeforhold Behov for evakuering av nærliggande busetnad	2	2 1 5	GUL	God oppfølgjing av internkontroll Opplæring av og øving med personell Regelmessig tilsyn
Brann i viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg								
6	Herøy Gard	Brann i hovudbygning	Noko sannsynleg	Innsatstid ca. 20 min. Dårleg tilgang på sløkkevatn Redusert akseltrykk på bru	2	1 1 3	GRØN	
Anna								
7	Småbåthamn, eks. Jensholmen	Båtbrann	Noko sannsynleg	Innsatstid ca. 15 min. frå Fosnavåg Dårleg tilgang på sløkkevatn Behov for stenging av veg	2	1 1 3	GRØN	
8	Fosnavåg hamn	Båtbrann nær sentrumsbygg	Noko sannsynleg	Innsatstid under 10 min. God tilgang på sløkkevatn Kompliserte sløkkeforhold Evakuering av bebuarar	2	2 1 5	GUL	Skaffe utstyr egna for brannsløkking og redning av personar frå store høgder.
9	Fosnavåg	Brann i høg bygning, eks Mohamar	Noko sannsynleg	Innsatstid under 10 min. God tilgang på sløkkevatn Kompliserte sløkkeforhold Manglar utstyr for å sløkke og redde folk frå store høgder.	2	4 1 5	GUL	Regelmessig tilsyn Skaffe utstyr egna for brannsløkking og redning av personar frå store høgder.
10	Tjørvåg	Brann i bygning med blanda bruk, eks. hyblar+industri ved Smedvik	Noko sannsynleg	Innsatstid ca. 10 min frå Myrvåg God tilgang til sløkkevatn	2	4 1 4	GUL	Strengare praksis i planar og forskrifter for å tillate uheldig blanda bruk.

Scenarie nr.	Bygg/bedrift	Uønska hending	Vurdering av sannsynlegheit	Vurdering av konsekvens	S	K	R	Forslag til ytterlegare risikoreduserende tiltak
11	Jøsok/Voldnes	Brann i bustadhus	Noko sannsynleg	Innsatstid ca. 15 min. frå Myrvåg. Dårleg tilgang på sløkkevatn	2	2 1 2	GRØN	
12	RV 61 Leikong	Trafikkulykke med fastklemde personar	Sannsynleg	Innsatstid på 25 min frå stasjon/bil med frigjeringsutstyr	3	3 1 2	GUL	Utstyre Myrvåg stasjon med frigjeringsutstyr
13	Aktivitet på vatn, fleire aktuelle lokalitetar i kommunen	Person går gjennom isen	Sannsynleg	Innsatstida vil variere avhengig av kva lokalitet det gjeld. Manglar utstyr til redning.	3	3 1 1	GUL	Skaffe til veges egna utstyr og syte for opplæring av mannskap for overflateredning på vatn.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2014/16
		Arkiv:	Q74

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/17	Formannskapet	24.01.2017

HERØYTERMINALEN AS- DRIFTSFORPLIKTELSAR

Tilråding:

Formannskapet vil ikkje i møtekome anmodningane frå Refa Vònin om å lempe på driftspliktene for Herøyterminalen.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga
- Vònin Refa

Vedlegg:

1 Avtale
2 Herøyterminalen

Saksopplysningar:
Refa Vònin har i brev datert 15 oktober bedt kommunen om å vurdere driftspliktene for eigedomen. Dei skriv i sitt brev:

> Det skal også sies at det er identifisert et vesentlig vedlikeholdsbehov på kaianlegget, dels gjelder dette direkte skader på kai og utvasking av masser, men også rustskader på armering. Å utbedre dette vil koste flere millioner, noe vi ikke vil være i stand til hensyntatt driftssituasjonen med Hurtigruten/Norlines.
>
> Vi mener de avtaler som i sin tid ble inngått må ansees klart urimelige overfor Vónin Refa AS som eier, all den tid det har vist seg svært vanskelig å få til positiv drift ved terminalen. Avtalene må etter vår mening tolkes slik at det forutsettes at det er mulig med en regningssvarende drift. Denne forutsetning viser seg ikke mulig å oppfylle. At Norlines også har valgt å si opp speditøravtalen gjør den videre drifta høyst usikker. De påhvilende forpliktelsene kommunen viser til har også vist seg være en klar hemsko mht evt. salg av eiendommen til nye eiere.
>
> Vi mener det ikke bare er i vår – men også i Herøy Kommune sin – interesse om Herøy Kommune kan lempe på sitt syn mht driftsforpliktelser på eiendommen. Et evt. salg vil trolig medføre at lokale interessenter, med helt andre muligheter for å skape drift og ringvirkninger for lokalsamfunnet, kan slippe til.

Brevet ligg vedlagt saka.

Vurdering og konklusjon:

Avtalen som var inngått 11.7.2003 har m.a eit avtalepunkt om driftsansvar, pkt 5.

> 5. Kjøpar overtek dei rettar og plikter (inklusive avtalar) som er knytt til drifta av Herøyterminalen ved overtakingstidspunktet. Dette inneber også at kjøpar driv godsterminalen og dagleg drift/service knytt til hurtigruteanløpet ved Herøyterminalen.

Avtalen ligg vedlagt.

Å sikre hurtigruteanløp i Herøy er svært viktig. Kommunen har ved ei rekkje høve signalisert dette og peikt på at eigar har påtatt seg både eitt samfunnsansvar og økonomisk driftsansvar av Herøyterminalen når ein fekk bygg og eigedom overdratt frå Herøy kommune. I 2003 vart dette vurdert som formålstenleg for begge partar, og det var klart kva slags ansvar som låg til ny eigar.

Herøy kommune har vore tydeleg i alle sine tilbakemeldingar til eigar om at anløp til Hurtigruten i Torvik må sikrast. Det er vidare gjort kjent at hefte ved eigedomen skal haldast, uavhengig av kva slags økonomisk aktivitet som ligg til eigedomen. Dette betyr at eigar må sikre at Hurtigruten har anløp til kaia.

Rådmannen rår til at driftspliktene vert oppretthaldne i tråd med avtale frå 2003.

Fosnavåg, 28.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

AVTALE

Mellom selskap nominert av Frøystad Fiskevegn AS, 6095 Bølandet, og Herøy kommune er det inngått følgjande avtale:

1. Herøy kommune overdreg til selskap nominert av Frøystad Fiskevegn AS (heretter kalla kjøpar) eigedomen Herøyterminalen, gnr. 17 bnr. 23 – 26 i Herøy kommune, med påståande bygningar og kaianlegg.

2. Seljar overdreg også aksjane i driftsselskapet Herøyterminalen AS til kjøpar. Kjøpar overtek også arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i nemnde selskap frå 01.09.03 då kjøpar skal tiltre eigedomen og overta drifta etter denne avtalen.

3. Samla kjøpesum for eigedom og aksjane etter pkt. 1 og 2 vert fastsett til kr 6 000 000 (seksmillionarkroner/N-kr.)

4. Kjøpesummen (kr 6 mill) vert oppgjort med like store avdrag over 10 år til 4,5 % rente rekna frå overtakingstidspunkt. Årlege avdrag med renter skal betalast pr. 1. oktober kvart av åra i perioden. Første betalingstermin vert 1. oktober 2004.

   Kjøpar stiller garanti frå selskap godkjent av kommunen som sikring av den samla kjøpesummen.

   Kjøpar kan løyse inn restkjøpesummen før utgangen av avdragsperioden.

5. Kjøpar overtek dei rettar og plikter (inklusive avtalar) som er knytt til drifta av Herøyterminalen ved overtakingstidspunktet. Dette inneber også at kjøpar driv godsterminalen og dagleg drift/service knytt til hurtigruteanløpet ved Herøyterminalen.

6. Kjøparen har rett til å utføre due diligence i perioden fram til 10.08.03. Partane skal ha synfart eigedomen, og kjøparen overtek den faste eigedomen og driftslausøyret slik det då framstår. Kjøparen skal få all tilgjengeleg informasjon frå seljaren, og kjøpesummen vert basert på dei verdiar som er synleggjort ved synfaring og takst som eigar får utført på eigedomen. Det same gjeld driftsselskapet.

7. Herøy kommune utstedar skøyte mot dokumentasjon frå kjøpar på garantien etter pkt. 4 ovanfor.

8. Dersom kjøpar avviklar verksemda si ved Herøyterminalen og eigedomen kjem på sal, så skal Herøy kommune ha forkjøpsrett til eigedomen.

9. Kjøpar kan likevel utan at Herøy kommune skal kunne nytte seg av forkjøpsretten, la anna selskap fullt og heilt tre inn i avtalen, under føresetnad av at det skjer før overtakinga, og at det i forkant kan leggjast fram dokumentasjon på at det vert stilt tilfredsstillande garanti.

10. Kjøpar ber utgiftene med overdraging av eigedomen (dokumentavgift, tinglysing m.v.)

11. Tvistar om forståinga av denne avtalen skal søkjast løyst ved forhandlingar mellom partane. Om minnelege løysingar ikkje vert oppnådde, skal usemja løysast ved valdgift i samsvar med reglane i kap. 32 i lov om rettargangsmåten i tvistemål. Tvistemålspartane oppnemner kvar ein valdgiftsdommar og formannen i fellesskap. Dersom partane ikkje vert samde om oppnemninga, skal sorenskrivaren i søre Sunnmøre oppnemne alle tre valdgiftsdommarane.

12. Denne avtalen gjeld med atterhald om godkjenning av Herøy kommunestyre og styret for nominert selskap av Frøystad Fiskevegn AS. Det er vidare eit atterhald at det ikkje vert gjort krav mot kommunen om attendebetaling av statstilskot ved at Herøyterminalen vert seld.

Fosnavåg, 11.07.03

For Frøystad Fiskevegn AS

Per Sævik

For Herøy kommune

Ordførar Svein Gjelseth

REFA VÓNIN®

Vónin Refa AS // Strandveien 68 // NO-9300 Finnsnes // Norge
Tel +47 778 50 500 // Fax +47 778 50 501 // post@refa.no // voninrefa.no

UTV

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/16 Saksbeh. Jmm
25 OKT. 2016
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon

Herøy Kommune
Att. Erling Krumsvik

6095 Bølandet

Finnsnes, 15. oktober 2016

Herøyterminalen

Vi viser til tidligere dialog mht eiendommen i Torvik, samt de avtaler som foreligger tilbake i tid.

Siden dialogen i 2014 har situasjonen vært som følger:

- Vi har fått forhandla fram en økt pris med Hurtigruten for å betjene de anløp de gjør
- Vi har sett etter andre muligheter for å generere inntekter, uten at det har ført fram p.t.
- Vi har kutta en del utgifter på drifta. Mulighetene er her likevel begrensa, all den tid Hurtigruten har anløp utenfor ordinær arbeidstid – og det påhviler en del krav til bemanning når anløp gjøres. Samtidig må terminalen holdes åpen på dagtid av hensyn til godshåndteringa.
- Driftsselskapet Herøyterminalen AS har følgelig gått med nærmere 1,5 MNOK i underskudd både i 2014 og 2015, mot nærmere 1,8 MNOK i underskudd i 2013 (alle beløp før skatt). I 2015 ble det imidlertid gitt et konsernbidrag fra morselskapet, slik at Herøyterminalen fikk retta opp i en svak egenkapitalsituasjon pr. 31.12.2015.

I 2016 har ikke de driftsmessige forholdene endra seg i positiv retning, heller tvert imot (skjerpede krav fra Hurtigruten til bemanning). Nå i høst har i tillegg Norlines valgt å si opp sin avtale med alle lokale speditører fra og med 01.01.2017. Hva som kommer til å skje etter denne tid vet vi ikke, all den tid Norlines ikke har kommet med utspill i saken.

Det skal også sies at det er identifisert et vesentlig vedlikeholdsbehov på kaianlegget, dels gjelder dette direkte skader på kai og utvasking av masser, men også rustskader på armering. Å utbedre dette vil koste flere millioner, noe vi ikke vil være i stand til hensyntatt driftssituasjonen med Hurtigruten/Norlines.

Vi mener de avtaler som i sin tid ble inngått må ansees klart urimelige overfor Vónin Refa AS som eier, all den tid det har vist seg svært vanskelig å få til positiv drift ved terminalen. Avtalene må etter vår mening tolkes slik at det forutsettes at det er mulig med en regningssvarende drift. Denne forutsetning viser seg ikke mulig å oppfylle. At Norlines også har valgt å si opp speditøravtalen gjør den videre drifta høyst usikker. De påhvilende forpliktelsene kommunen viser til har også vist seg være en klar hemsko mht evt. salg av eiendommen til nye eiere.

Vi mener det ikke bare er i vår – men også i Herøy Kommune sin – interesse om Herøy Kommune kan lempe på sitt syn mht driftsforpliktelser på eiendommen. Et evt. salg vil trolig medføre at lokale interessenter, med helt andre muligheter for å skape drift og ringvirkninger for lokalsamfunnet, kan slippe til.

Vi ber kommunen om snarlige kommentarer dette forslag til en minnelig løsning av saken, til beste for alle parter.

Med vennlig hilsen
For Vónin Refa AS

Ronny Moan
Daglig leder

Rørvik
Vónin Refa AS
Industrivei 4
NO-7900 Rørvik
Norge
Tel +47 77 85 05 00
rorvik@refa.no

Svolvær
Vónin Refa AS
Sjømannsgata 5
NO-8300 Svolvær
Norge
Tel +47 46 84 70 05
post@refa.no

Tromsø
Vónin Refa AS
Stakkevollveien 67
NO-9010 Tromsø
Norge
Tel +47 46 84 53 70
tromso@refa.no

Alta
Vónin Refa AS
Kjeldsbergveien 8
NO-9513 Finnmark
Norge
Tel +47 95 98 37 96
alta@refa.no

Færøyene
Vónin
Bakkavegur 22
FO-530 Fuglafjørður
Færøyerne
Tel +298 474 200
info@vonin.com

HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JARSTO	Arkivsaknr:	2016/1633
		Arkiv:	F10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for helse og omsorg	01.12.2016
18/17	Formannskapet	24.01.2017

ØKONOMISK SOSIALHJELP - HERØY KOMMUNE

Tilråding:

Kommunen vil auke fokus på økonomisk sosialhjelpmottakarar framover for å styrke kunnskapen om fagområdet og søkje å få ned talet på dei som treng økonomisk sosialhjelp.

Kommunen vil arbeide for å få på plass eit tilbod som hjelper dei unge inn i ein aktiv kvardag og som samtidig gjer at dei ikkje er av avhengige av økonomisk sosialhjelp.

Særutskrift:
Avd. for barn, familie og helse
NAV Herøy

Vedlegg:

1 Rapport - Økonomisk sosialhjelp

Saksopplysningar:
Kraftig auke i arbeidsledige i Herøy kommune er ei av årsakene til auke i økonomisk sosialhjelp. Per 30.10.16 er det utbetalt NOK 4 147 946,- i økonomisk sosialstønad, dette er ein auke på NOK 844 858,- samanlikna med tilsvarande periode året før. Dette er ein auke på 20,4%.

I rapporten som følgjer viser utvikling, endring og samansetning av mottakarar av økonomisk sosialhjelp. Rapporten syner også fleire faresignaler om at utgifter til økonomisk sosialhjelp kan fortsette å auke i tida framover. Høg arbeidsledigheit, høgt tal på personar som mottar arbeidsavklaringspengar og høgt tal på personar som er sjukemelde er slike faresignal.

Vurdering og konklusjon:
Den negative utviklinga i utgifter til økonomisk sosialhjelp er ei stor utfordring for den einskilde, men også for kommuneøkonomien, og er eit område som må ha høgt fokus i tida framover.

Innføring av aktivitetskrav for unge mottakarar av økonomisk sosialhjelp kan vere med å stagge tal på personar som mottar slik hjelp, men dette åleine vil ikkje vere tilstrekkeleg. Kommunale bustader, tilrettelegging for arbeidstrening i kommunen, styrking av verkemiddelapparat er andre område som bør vurderast.

Konsekvensar for folkehelsa:
Personar som er avhengig av økonomisk sosialhjelp og ikkje er i stand til å sikre økonomisk uavhengigheit påverkar folkehelsa. Tilrettelegging for at flest mogleg skal bli økonomisk uavhengige, har høg prioritet i kommunen.

Fosnavåg, 24.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarle Stordal, NAV

«Økonomisk sosialhjelp»

«Ei båtlengd føre»

«Vi gir mennesker muligheter»

Bakgrunn:

1. **Utgifter til sosialstønad**

Per 31.10 er det utbetalt NOK 4 992 804,- i økonomisk sosialstønad, dette er ein auke på NOK 844 858,- samanlikna med tilsvarande periode året før. Ein auke på 20,4%.



Fig. 1: Grafisk oversikt over utbetalt økonomisk sosialstønad i Herøy kommune 2015-2016

Nøkkeltall Velferd	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Utbetalt	5 174 088	5 040 447	6 100 343	5 602 132	4 346 049	4 494 387

1.2 Gjennomsnittleg økonomisk stønad per brukar:

Herøy kommune	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Gjennomsnittleg øk. stønad:	36 437	31 307	34 859	33 952	25 267	26 076

1.2 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp:

Frå 2014 til 2015 var det ein nedgang i antal brukara som mottar økonomisk sosialhjelp på i alt 19 brukara, eller 10%. For 2016 vil vi nok sjå ein auke i antal brukara. Per 31.10.16, er det registrert 137 brukara med økonomisk sosialhjelp.

Herøy kommune	2016*	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Brukara med øk. sosialhjelp:	137	142	161	175	165	172	176

**) tall per 31.10.16*

1.3 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp – Alderssamansetning:

Alderssamansetning av brukara som mottar økonomisk sosialhjelp viser at ungdom under 30 år utgjer den største andelen, med 35%. Bakgrunnen for dette er ofte avbrott i utdanning og/eller manglande opparbeidt dagpengerettigheter.

Grafen under viser antal brukara, etter alder:



Fig. 2: Antal brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter alder

Alder	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Under 18	0	0	0	0	0	0
18-24	22% (31)	25% (41)	20% (35)	19% (31)	10% (17)	8% (14)
25-44	51% (72)	49% (79)	54% (94)	50% (83)	59% (100)	53% (93)
45-66	23% (33)	24% (39)	25% (43)	29% (48)	28% (48)	33% (58)
Over67	4% (6)	(1%) 1	1% (3)	1% (2)	3% (59	6% (10)

Auka i tal på ungdommar som motteke økonomisk sosialhjelp er bekymringsfull og noko vi held nøye auge med. Forklaringane kan vere fleire. For det første veit vi at arbeidsmarknaden har stramma seg til. Ikkje berre det siste året med nedgangen i maritime næringar, men det har blitt generelt vanskelegare å få jobb utan utdanning. Dei fleste unge som motteke sosialhjelp har lita eller inga utdanning.

Diagrammet under viser andel brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter alder:



Fig. 3: Andel registrerte brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter alder

1.4 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp – etter kjønn:

Fordeling av brukar etter kjønn viser en overvekt av menn, 77 menn og 57 kvinner.



Fig. 4: Andel brukara som mottar økonomisk sosialstønad etter kjønn

1.5 Antal brukara med økonomisk sosialhjelp – etter sivilstand:

Ikkje overraskande er det gruppa «ugifte» som utgjer den største andelen av økonomisk sosialhjelp, dette av fleire grunner.

- Den høye andelen unge brukara under 30 år
- Med bare ein voksen i husholdninga er det vanskelegare å få endane til å møtast
- Større konsekvensar når ein vert ramma av arbeidsledighet eller sjukdom



Fig. 5: Andel brukara som mottar økonomisk sosialhjelp etter alder

1.6 Brukara med økonomisk sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald:

Antall brukara med økonomisk sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphold har vore stabil høy de siste årene. Andel brukarar med økonomisk sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphold er aukande.

Herøy kommune	2016*	2015	2014
Brukara med økonomisk sosialhjelp som viktigsta kjelde til livsopphald:	46	44	46
I % av alle mottakarar	34%	31%	25%

**) tall per 30.10.16*

1.7 Utbetaling per stønadstype

Tabellen under viser utbetalingar per år per stønadstype i perioden 2010-2015.

Utbetaling/år	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Barnehage	53 935,00	178 438,00	157 749,00	114 948,00	70 554,00	106 729,00
SFO	33 218,00	65 678,25	98 407,00	85 201,00	15 493,00	1 475,00
Straum	375 341,96	446 989,40	604 062,96	472 580,74	581 496,00	536 127,00
Husleige	1 399 149,00	1 342 099,00	1 452 729,00	1 072 440,15	737 466,00	640 484,87
Forsikring						28 478,00

1.8 Busette flyktningar og økonomisk stønad

Tabellen under viser antal busette flyktningar og gjennomsnittlig utbetalt økonomisk sosialstønad i perioden 2010-15.

Nøkkeltall	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Busette flyktningar år 1	18	9	9	6	13	8
Busette flyktningar år 2-5	38	38	31	33	25	30
Totalt	**56**	**47**	**41**	**39**	**38**	**38**
Gjennomsnittleg økonomisk stønad	21 356,00	22 727,00	30 013,00	34 076,00	16 389,00	15 637,00

1.9 Nye brukara som mottar økonomisk sosialhjelp (per 20.09.2016)

Hittil i 2016 er det registrert 37 nye brukara. Grafen under viser aldersfordeling av nye brukara. Som ein ser av grafikken er det aldersgruppa under 30 år som utgjer den klart størst gruppa, med 23 brukara eller en andel på hele 62%.

Årsaken til dette har samanhengen med konjekturnedgangen i oljesektoren som i fyrste omgang rammer de unge med kort ansiennitet og ufaglærte. Konjekturnedgangen gjer det dessutan vanskelegare for nyutdanna- og ufaglærte å komme inn på arbeidsmarknaden.



Fig. 6: Andel nye brukara i 2016 etter alder

Av nye brukara utgjer menn 57% og kvinner 43%, dette har samanheng med at det mannsdominerte yrker som er rammet av konjekturnedgangen.

1.8 Langtidsmottakarar 2016:

Hittil i 2016 er det registrert 32 langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp. Diagrammet under viser at ungdom under 30 er den største gruppa, og utgjør 38%.



Fig. 7: Andel langtidsmottakare av økonomisk sosialhjelp i 2016 etter alder

1.9 Hvem er brukarane av økonomisk sosialhjelp?

Det finns ingen typisk brukara, alle er individar med sine individuelle behov. Det kan f.eks. være:

- ungdom som er skulelei og har droppet ut av skolen
- ungdom med psykiske problema
- flyktningar som ikkje er kome ut i ordinært arbeid
- tyngre rusmisbrukare som har gått i systemet over mange år med fleire ulike samansette behov for oppfølging frå ulike etatar
- personer som ikkje har opptent dagpengerettigheter
- personer som har brukt opp arbeidsavklaringspengar
- personer som har kome i akutt økonomisk situasjon

Sjå vedlegg 1 for meir detaljerte eksemplar på brukare.

2.0 Personer med nedsett arbeidsevne

Kommune	Antall	Andel av befolkninga
Molde	1021	6,0
Ålesund	1732	5,7
Kristiansund	1143	7,3
Vanylven	141	7,4
Sande	87	5,6
Herøy	**393**	**7,1**
Ulstein	257	4,8
Hareid	222	6,9
Volda	390	6,9
Ørsta	415	6,4

Tabell: Antal personer med nedsett arbeidsevne i utvalde kommunar i M&R per 30.06.16.

2.1 Mottakare av arbeidsavklaringspengar (AAP)

Kommune	Antall	Andel av befolkninga
Molde	773	4,6
Ålesund	1395	4,6
Kristiansund	894	5,7
Vanylven	114	6,0
Sande	62	4,0
Herøy	**333**	**6,0**
Ulstein	188	3,5
Hareid	185	5,8
Volda	290	5,1
Ørsta	323	4,9

Tabell: Antall mottakare av arbeidsavklaringspengar i utvalde kommunar i M&R per 30.06.16.

Kommunen har et høgt antall personer som mottar arbeidsavklaringspenger, dette er personer som har brukt opp sine rettigheter til sjukepengar. Går en lenge nok på AAP er utføre eventuelt overgang til økonomisk sosialhjelp som er det neste.

For Herøy er antalet på AAP per 30.06 steget til 377, hvorav 45 eller 12% av dem er i ferd med å bruke sine rettigheter på AAP. I grafen under ser en alderssammensetning av personer på AAP.



Fig. 7: Andel personer på arbeidsavklaringspengar (AAP) etter alder i Herøy

Andelen ungdom under 30 år utgjer 17%. Den klart største gruppa er aldersgruppa 40-59 år som utgjer 47%, eller 150 personer.

Ser ein på gruppa som er i ferd med bruke opp sine AAP rettigheter, en det aldersgruppa 40-59 år som er den største gruppa og utgjør 49%. Ungdom under 30 år utgjør 11 personer, eller 5%.



Fig. 7: Andel langtidsmottakare personer som er i ferd med bruke opp maks av arbeidsavklaringspengar (AAP)

2.2 Antal sjukemeldte

I Herøy kommune var det ved utgangen av oktober 266 sjukemeldte.

NAV måler antal sjukemeldte med gradert sjukemelding på 12 ukers tidspunktet. Tallet for Herøy er svært lavt med 11%, noe som ligger noko under fylkets og landsgjennomsnittet på 50%.

Dette har en delvis samanheng med høgt bruk av legevikarar i kommunen. Dette medfører alt for ofte til at arbeidsforhold opphøyrer, og at en faller utfor arbeidsmarknaden. Vegen tilbake til arbeidsmarknaden er for mange lang, og for nokon uoppnåelig.

2.3 Mottakare av uføretrygd og som andel av befolkninga (18-67 år)

Antal personer som er mottakar av uføretrygd er svakt aukande. Med det høye antal personer på AAP, forventar vi en vekst i antall mottakare av uføretrygd i årene framover.

Kommune	30.06.14	30.06.15	30.06.16	30.06.14	30.06.15	30.06.16
Herøy	522	533	546	9,4%	9,6%	9,8%
Sande	115	111	121	7,0%	6,9%	7,8%

2.4 Arbeidssøkare som er i ferd å bruke opp sine dagpengerettigheter

Det er en aukande tendens til at arbeidsledige som har vanskeligheter med å komme seg inn igjen på arbeidsmarknaden, har brukt opp sine dagpengerettigheter. Overgang til økonomisk sosialhjelp er neste steg for noen av disse, såframt de ikkje har opptente midler eller eigendelar som de kan selge unna i påvente av at de igjen får innpass på arbeidsmarknaden.

3. Oppsummering

Herøy kommune har i alle år hatt ein raus praksis samanlikna med nabokommunane. Til dømes er det praksis å godkjenne bil og bilutgifter i Herøy, då geografi og muligheiter for kollektivtransport gjer det vanskeleg å administrere ei familie utan. I Ulstein, Volda og Ålesund er tilhøva annleis, og der er det ikkje praksis. Det er også praksis i Herøy kommune å dekkje utgifter til barnehage og SFO, sjølv når ein av foreldra ikkje er i arbeid. Dette ut frå ein tanke om barnets beste. Mange kommunar dekkjer ikkje dette. Om ein skal endre praksis i Herøy, er ei problemstilling som må drøftast og vedtakast på politisk nivå.

Det viktigaste arbeidet NAV kan gjere for å hindre at fleire må søkje økonomisk stønad er å auke fokuset på arbeid og aktivitet. I ein veldig krevjande arbeidsmarknad er det gjerne dei med minst utdanning og erfaring som misser jobben først. Det er lovfesta, men ikkje satt i kraft, eit vilkår om aktivitet for alle som søkjer økonomisk stønad. Pr i dag finnest det ingen kommunale aktivitetar eller tiltak vilkåret kan nyttast opp mot. Det gjenstår å sjå når loven trer i kraft om Herøy kommune vil ha eit slikt tilbod.

Vedlegg 1: Gjeldande statlige veiledende sosialsatser

De statlige veiledende brukas av dei alle fleste NAV kontor i landet, noen storbyer har egne satser.

STATLIGE VEILEDENDE RETNINGSLINJER FOR UTMÅLING AV STØNAD TIL LIVSOPPHALD:
Nye satsar pr 01.01.2016

Einsleg	kr. 5 850	(kr. 5 700)
Ektepar/samboere	kr. 9 750	(kr. 9 500)
Person i bofelleskap	kr. 4 850	(kr. 4 750)
Barn 0-5 år	kr. 2 250	(kr. 2 200)
Barn 6-10 år	Kr. 2 950	(kr. 2 900)
Barn 11-16 år	kr. 3 800	(kr. 3 700)
* Heimebuande ungdom (kommunal sats/vedtak)*uendra?!	kr. 2 200	(kr. 2 100)

KOMMUNALE SATSAR FOR TILMÅLING AV: NØDHJELP OG REDUSERT YTING:
Nye satsar pr 01.01.2015:

NØDHJELP: inntil sju dagar: (50% av fullt livsopphald)

Vaksne med eige hushald:	kr 98,- pr dag.
Ektepar:	kr 163,- pr dag.
Barn uansett alder:	kr 50,- pr dag.

REDUSERTE YTINGAR: Etter nødhjelp og fram til behandling av søknad eller tildelt time.

Vaksne med eige hushald:	kr 4 388,- pr mnd / kr 146,- pr dag.
Ektepar:	kr 7 313,- pr mnd / kr 244,- pr dag.
Personar i bufelleskap:	kr 3 638,- pr mnd / kr 121,- pr dag.
Barn 0-5 år:	kr 1 688,- pr mnd / kr 56,- pr dag.
Barn 6-10 år:	kr 2 212,- pr mnd / kr 74,- pr dag.
Barn 11-16 år:	kr 2 850,- pr mnd / kr 95,- pr dag.

Vedlegg 2: Beskrivelse av et utval av mottakare av økonomisk sosialhjelp

Mann:
Mann, har så vidt fullført grunnskule. Svært lite arbeidserfaring. Starta med rus tidleg i tenåra. Pr 2016 ruser seg m.a. på cannabis, heroin (injisering), GHB, opioider. Innlagt sjukehus grunna overdoser fleire gongar siste åra. Mykje kriminell aktivitet, med mange fengselsdommar. Er pr 2016 utan bustad. Siste soning ferdig i oktober 2016. Har i perioder, av varierande varigheit, økonomisk sosialhjelp til livsopphald, husleige (då han hadde leigeforhold), straum. Har fastlege, men greier ikkje følgje opp avtaler verken med lege, NAV eller andre.

Kvinne:
Einslig kvinne med 2 barn over 18 år som bur heime. Uføretrygda. Har over år, både saman med eksmann og på eiga hand, opparbeidd seg stor gjeld. Mange betalingsanmerkningar, kan i dag t.d. ikkje opprette nye abonnement. Har benytta seg av barna over 18 år, til å opprette nye abonnement på telefon, straum etc. Har store utfordringar med å disponere pengane sine, har ikkje oversikt over eigen økonomi. Kredittgjeld, private lån. Har tidlegare lang historie med interkommunal gjeldsrådgivar og økonomisk frivillig forvaltning av økonomi gjennom NAV. Grunna manglande vilje til samarbeid, har det vore utfordrande å få til å hjelpe. Søkjer av og til naudhjelp når ho er utan pengar, har ikkje mat til seg og barna. Har ikkje oppfølging frå helseapparat , utanom barnevern (på ettervern). NAV nettopp starta ny oppfølging i samarbeid med interkommunal gjeldsrådgivar, med mål om oversikt i økonomien igjen.

Mann:
Einslig mann. Var yrkesaktiv i mange år tidlegare, men mista jobben. Hadde dagpengar, brukte opp retten sin og gjekk etter kvart over på økonomisk sosialhjelp. Har bakgrunn frå rus og kriminalitet, og har hatt store problem med å kome inn i arbeidslivet igjen. Hadde sosialhjelp til livsopphald, husleige og straum. Over i Kvalifiseringsprogram, med tett oppfølging frå sakshandsamar i NAV. Avklaringskurs og arbeidstrening, store vanskar med å bryte gjennom i det ordinære arbeidslivet på grunn av at ryktet om ham sprang i forkant. Kom etter kvart over i kommunalt tiltaksprosjekt, svært vellukka – hass eigne ord, er at han «fekk livsgnisten tilbake». Har kun hatt oppfølging av NAV siste åra.

Kvinne:
Einsleg mor, 3 barn. Har arbeidsavklaringspengar, er psykisk sjuk. Har periodevis oppfølging av barneverntenesta. Ynskjer hjelp, men greier ikkje å ta i mot. Tar kontakt med NAV når straumen er stengd, dette har skjedd 2 gongar siste åra. Har ein svært marginal økonomi, der barnefar i liten grad stiller opp både økonomisk og samværsmessig. Mor redd for å ta opp dette med far, da hun frykter at det går utover barna. Har familie som stiller opp for ho. Har oppfølging av NAV i form av arbeidsretta aktivitet, økonomisk råd og rettleiing. Får periodevis økonomisk hjelp, når ho greier å ta i mot, til ekstrautgifter som t.d. vinterklede til barna, konfirmasjon etc.

Familie:

Flyktning familie mor og far, tre barn. Ved ankomst og fram til dei vart avklart til anna ytelse mottok familien øk. sos hjelp etter statens satsar til bolig, livsopphold, straum, transport og fritidsaktivitetar for barna. Familien fekk full øk sos utbetaling fram til mai 2016 før foreldra gjekk over på AAP og intro stønad.

Familien har frå mai supplerende øk bistand til husleige samt livsopphold og straum til bestemor fordi ho venter på avgjerd i sin alderspensjonssøknad. I tillegg får far og mor øk. sos. til tannbehandling.

Aktivitetar: Foreldra går på norsk kurs, barna spelar fotball.

Kvinen:

Utagerende psykisk sjuk person som har vore i NAV systemet over fleire år mottek supplerende øk. sosialhjelp til ferie, straum og fotpleie. Personen nyttar NAV kontoret som ein sosial arena til tider på grunn av personen sitt sosiale nettverk er fråverande i periodar. Personen er forholdsvis ung, har lav uføresats og har hatt uføretrygd over fleire år og har ikkje mulighet til å endre sin økonomiske situasjon. Personen har oppfølging frå kommunale tilbod men vert i periodar utestengt grunna utagering (dagsenter, lege).

Kvinne:

Svært psykisk sjuk kvinne, enslig forsørger til 2 barn. Ho har AAP men med lav sats pga manglande opptente rettar frå arbeidslivet. Familien treng supplerende øk. sosialhjelp til mat, i periodar står familien heilt utan mat i huset og søker nødhjelp, mor skriv då handleliste og NAV handlar det mest nødvendige til neste utbetaling AAP.

NAV har fulgt opp mor med økonomisk rådgivning for å unngå at ho skal stå heilt utan mat. Mor har svært lite sosialt nettverk og er i periodar innlagt til behandling og barna bor då hos far. Mor har oppfølging frå andre kommunale tenester.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/17 Søknad om skjenkevevilling til eit bestemt arrangement 16.01.2017 - (lukka arrangement) 03.01.2017 00:00:00

DS 2/17 Skjenkebevilling - søknad om ambulerande skjenkeløyve for eit bestmet arrangement 03.12.2016 (lukka arrangement) 24.11.2016 00:00:00

Referatsaker

RS 1/17 Uttale til søknad om løyve til akvakultur av makroalgar på Skarveskjæret i Herøy kommune Uttale til søknad om løyve til akvakultur av makroalgar på Skarveskjæret i Herøy kommune 15.12.2016 00:00:00

HERØY KOMMUNE

NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET

Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2016/1691	U43	16/5955-2	UTV / OMR	15.12.2016

UTTALE TIL SØKNAD OM LØYVE TIL AKVAKULTUR AV MAKROALGAR PÅ SKARVESKJÆRET I HERØY KOMMUNE

Viser til oversending datert 24.11.2016 vedr. søknad om løyve til akvakultur av makroalgar på lokalitet Skarveskjæret i Herøy kommune. Søkjar er Tango Seaweed AS.

Søknaden oppsummert
Det søkjast om løyve til ny lokalitet for dyrking av fleire artar makroalge. Det omsøkte arealet er oppgitt å være 160 dekar med en planlagt årlig produksjon på 750 tonn.

Det søkjast om løyve til akvakultur av butare (Alaria esculenta), fingertare (Laminaria digitata), fjærehinne uspes (Porphyra spp.), havsalat (Ulva lactuca), krusflik (Chondrus crispus), martaum (Chorda filum), sukkertare (Laminaria saccharina) og søl (Palmaria palmata).

Søkjar oppgir at dei for anlegget på Skarveskjæret vil bruke en botnramme med forankring, som er kobla til ei flytande ramme der flytande tau med sjølve taredyrkings-substrat er plassert. Stiklingar produserast hjå Hortimare (på laboratoriet) med fertil utgangsmateriale fra Herøy.

Vurdering av søknaden
Kompetansen til handsaming av saker om vannlevande planter (herunder tang og tare) som følger av akvakulturlova er ikkje delegert til kommunen eller fylkeskommunen. Nærings- og fiskeridepartementet har derfor bedt Herøy kommune om å uttale seg i forhold til arealstatus for det omsøkte området.

Arealbruken i området er vedteken gjennom kommuneplanen sin arealdel, vedteken i K-sak 137/14, 30.10.2014.
Arealet er i kommuneplanen avsett til *natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur, NFFFA*. Arealet ligg også i kommuneplanen innanfor hensynsone landskap(H550). Arealføremålet *NFFFA* kan opne for akvakulturanlegg etter ei avveging av dei ulike interessene i område.

Natur: Område har verdi som naturområde og er ein del av ei større hensynsone for landskap (H550) mellom Herøy og Ulstein. *Fjordlandskap i Herøy, Ulstein og Hareid* rettar seg mot kulturlandskapet langs sjøen som skaper eit samanhengane, kystorientert kulturlandskap. Sambandet mellom sjøbruk, jordbruk og beitemark har vore nært knytta og pregar fortsatt busetnaden. Akvakulturanlegg slik skissert i søknaden vil vere med å synleggjere forholdet mellom sjø og land og kulturhistoria i Herøy.

Det er ikkje registrert raudlisteartar i området som vil blir råka av tiltaket.

Kommunen ser derfor akvakulturanlegg som lite konfliktfylt i forhold til interesser for natur.

Fiske: Det er ikkje registrert viktige fiskeplassar i område som vert råka av tiltaket. Kommunen ser derfor ikkje at akvakulturanlegg er i konflikt med interessene for fiske.

Ferdsel: Område er ikkje i konflikt med vedtekne hovudfarleder eller bifarleder så langt kommunen er kjent med. Kommunen ser derfor ikkje at akvakulturanlegg er i konflikt med interessene for ferdsel.

Friluftsliv: Område kan ha noko verdi som friluftsområde då område mellom Dimna og Gurskøya er kjent som attraktivt padleområde. Største aktivteten er truleg frå Jensholmen der Herøy kajakklubb har sitt naust og sørover i den *grøne korridor*. I denne traseen vil ikkje tiltaket kome i konflikt med friluftsinteressene. Kommunen kan derfor ikkje sjå at omsøkte område skal vere i konflikt med interessene for friluftsliv.

Vurdering og konklusjon
Etter ei samla vurdering vil kommunen kunne seie at omsøkt tiltak er lite konfliktfylt og i tråd med arealføremål og intensjonen i kommuneplanen sin arealdel.

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Ole Magne Rotevatn
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

HERØY KOMMUNE

NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET

Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2016/1705	U43	16/5956-2	UTV / OMR	15.12.2016

UTTALE TIL SØKNAD OM LØYVE TIL AKVAKULTUR AV MAKROALGAR I MÅLØYSUNDET I HERØY KOMMUNE

Viser til oversending datert 24.11.2016 vedr. søknad om løyve til akvakultur av makroalgar på lokalitet Måløysundet i Herøy kommune. Søkjar er Tango Seaweed AS.

Søknaden oppsummert
Det søkjast om løyve til ny lokalitet for dyrking av fleire artar makroalge. Det omsøkte arealet er oppgitt å være 300 dekar med en planlagt årlig produksjon på 2600 tonn.

Det søkjast om løyve til akvakultur av butare (Alaria esculenta), fingertare (Laminaria digitata), bladtare (Saccorhiza dermatodea), fjærehinne uspes (Porphyra spp.), krusflik (Chondrus crispus), martaum (Chorda filum), sukkertare (Laminaria saccharina), søl (Palmaria palmata) og havsalat (Ulva lactuca).

Søkjar oppgir at de for anlegget på lokalitet Måløysundet vil bruke ei botnramme med forankring, som er kobla til ei flytande ramme der flytande tau med sjølve taredyrkings-substrat er plassert. Stiklingar vil produserast hjå Hortimare (på laboratoriet) med fertil utgangsmateriale frå Herøy.

Vurdering av søknaden
Kompetansen til handsaming av saker om vannlevande planter (herunder tang og tare) som følgjer av akvakulturlova er ikkje delegert til kommunen eller fylkeskommunen. Nærings- og fiskeridepartementet har derfor bedt Herøy kommune om å uttale seg i forhold til arealstatus for det omsøkte området.

Arealbruken i området er vedteken gjennom kommuneplanen sin arealdel, vedteken i K-sak 137/14, 30.10.2014.
Arealet er i kommuneplanen avsett til *natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur, NFFFA*. Arealet ligg også i kommuneplanen innanfor hensynsone landskap(H550). Arealføremålet *NFFFA* kan opne for akvakulturanlegg etter ei avveging av dei ulike interessene i område.
Delar av område er også avsett til *sjøbasert akvakultur, AS*.

Natur: Område har verdi som naturområde og er ein del av ei større hensynsone for landskap (H550) mellom Herøy og Ulstein. *Fjordlandskap i Herøy, Ulstein og Hareid* rettar seg mot kulturlandskapet langs sjøen som skaper eit samanhengane, kystorientert kulturlandskap. Sambandet mellom sjøbruk, jordbruk og beitemark har vore nært knytta og pregar fortsatt busetnaden. Akvakulturanlegg slik skissert i søknaden vil vere med å synleggjere forholdet mellom sjø og land og kulturhistoria i Herøy.

Det er ikkje registrert raudlisteartar i området som vil blir råka av tiltaket.

Kommunen ser derfor akvakulturanlegg som lite konfliktfylt i forhold til interesser for natur.

Fiske: Delar av område er registrert som fiskeplass for torsk og lange. Kommunen ser akvakulturanlegg som lite konfliktfylt i forhold til interesser for natur. I dette tilfellet må omsyn til akvakulturanlegg vege tyngre enn interessene for fiske då det er avgrensa alternativ for lokalisering av akvakultur samanlikna med fiskeområde for torsk og lange.

Ferdsel: Område er ikkje i konflikt med vedtekne hovudfarleder eller bifarleder så langt kommunen er kjent med. Kommunen ser derfor ikkje at akvakulturanlegg er i konflikt med interessene for ferdsel.

Friluftsliv: Område kan ha noko verdi som friluftsområde då område mellom Dimna og Gurskøya er kjent som eit attraktivt padleområde. Vi ser ikkje at det skal vere vesentlege konsekvensar for friluftsliv då tiltaket ikkje vil generere støy. Kommunen kan derfor ikkje sjå at omsøkt tiltak skal vere i konflikt med interessene for friluftsliv

Vurdering og konklusjon
Etter ei samla vurdering vil kommunen kunne seie at omsøkt tiltak er lite konfliktfylt og i tråd med arealføremål og intensjonen i kommuneplanen sin arealdel.

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Ole Magne Rotevatn
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fra: Kom, Fin [mailto:kom@fin.dep.no]
Sendt: 9. desember 2016 11:59
Emne: Pressemelding fra Finansdepartementet: Flere tollovertredelser skal avgjøres raskere og mer effektivt

Finansdepartementet
Dato: 09.12.2016
Pressemelding 59/2016

Flere tollovertredelser skal avgjøres raskere og mer effektivt

Finansdepartementet har vedtatt å utvide Tolletatens adgang til å ilegge forenklet forelegg ved mindre tollovertredelser.

Endringen fører til at flere mindre tollovertredelser kan avgjøres raskere og mer effektivt ved at Tolletaten kan ilegge forenklet forelegg. Det vil bli færre saker som må anmeldes til og behandles av politiet. Overtredelsene det er tale om er saker der overtrederen tas på «fersk gjerning» av tollerne i grensekontrollen.

– Både Tolletatens, politiets og påtalemyndighetens arbeid med de mindre alvorlige sakene vil lettes, samtidig som en umiddelbar følbar reaksjon vil ha en god preventiv effekt på de som smugler, sier finansminister Siv Jensen (Frp).

Tolletatens myndighet til å ilegge forenklet forelegg er begrenset til ulovlig innførsel av varer innen fastsatte mengde- og verdigrenser. Saker med ulovlig innførsel av varer over disse grensene anmeldes til politiet og behandles som ordinær straffesak. Ved utvidelsen blir mengde- og beløpsgrensene doblet slik at flere saker kan avgjøres av tollmyndighetene på stedet ved forenklet forelegg.

Ved beslag i grensekontrollen av enkelte varetyper som alkoholholdige drikker og tobakk kan Tolletaten inndra varene og ilegge forenklet forelegg. Det samme gjelder når andre varer over beløpsgrensen for reisegods innføres ulovlig.

Tolletatens myndighet gjelder imidlertid bare for beslag innenfor følgende mengder eller verdier:

- Alkohol med alkoholinnhold 22 - 60 volumprosent - inntil 5 liter
- Alkohol med alkoholinnhold 7 - 22 volumprosent - inntil 10 liter
- Alkohol med alkoholinnhold 2,5 - 7 volumprosent - inntil 50 liter
- Sigaretter, sigarer, sigarillos mv. - intil 1 000 stk.
- Snus, skråtobakk og røyketobakk - inntil 1 000 gram
- Kjøttvarer - inntil 40 kg
- Andre varer - verdi inntil 10 000 kroner

Disse mengde- og verdigrensene er nå ved endringer i tollovforskriften doblet. Beløpsgrensen for «andre varer» økes for eksempel fra verdi inntil 10 000 kroner til verdi inntil 20 000 kroner.

Endringen trer i kraft 1. januar 2017 med virkning for varer som innføres etter dette tidspunktet.

Les mer i forskriften

Pressemeldinger er tilgjengelig på våre internettsider: https://www.regjeringen.no/fin
Siste nytt fra Finansdepartementet finner du her
Følg Finansdepartementet på Twitter: @Finansdep
Følg Finansdepartementet på Facebook: https://www.facebook.com/finansdepartementet/
Du kan melde deg på eller av distribusjonslisten ved å sende epost til info@fin.dep.no

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep,
0030 Oslo

Besøksadresse: Akersg. 40
Pressetelefon: 22 24 44 11

Denne e-posten er beregnet for den institusjon eller person den er rettet til og kan være belagt med lovbestemt taushetsplikt. Dersom e-posten er feilsendt, vennligst slett den og kontakt Finansdepartementet.

This email is confidential and may also be privileged. If you are not the intended recipient please delete this e-mail and notify the Ministry of Finance, Norway, immediately.

Tenk miljø - ikke skriv ut denne e-posten med mindre det er nødvendig

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
13.10.2016	107294/2016	Ingunn Bekken Sjåholm

Saksnr	Utval	Møtedato
U-116/16	Fylkesutvalet	17.10.2016
	Fylkestinget	17.10.2016

Orientering: Regionvis fordeling av utviklingsmidlar og investeringar - svar til Nordmøre regionråd ORKidé

Bakgrunn

I samband med Nordmøre regionråd sitt arbeid med regionreforma, vart Møre og Romsdal fylkeskommune spurt om å komme med ei oversikt over fordelinga av fylkeskommunale utviklings- og investeringsmidlar for ulike delar av fylket.

I tråd med meiroffentlegheitsprinsippet legg fylkesrådmannen her fram:

- investeringsmidlar til samferdsel 2010 – 2015
- fordeling av grusvegpakken 2010 – 2014
- investeringsmidlar til skolebygg 2006 – 2016
- investeringsmidlar til kulturbygg 1995 – 2016
- prosjekttilskot til kulturformål 2013 – 2016
- regionale utviklingsmidlar 2006 – 2015

Investeringsmidlar til samferdsel 2010-2015

Tala frå samferdsel går berre 5 år tilbake. Dette har å gjere med forvaltningsreforma som trådde i kraft frå 2010, då fylkeskommunen vart ein stor vegeigar (overtok ansvaret for øvrige riksvegar frå Statens vegvesen).

Dersom det er ønskeleg å ha tal for ein lenger periode enn dette, er det sjølvsagt fullt mogleg å framskaffe - men då treng vi noko lengre tid.

Fordelinga er som følger:

Region	Regnskapsførte utgifter 2010-2015 – i tusen kroner	Kilometer fylkesveg	Innbyggarar pr 1.1.2016
Nordmøre	393 962	1 089	61 904
Romsdal	385 238	775	60 398
Sunnmøre	797 601	1 238	142 988

Det gir ei slik prosentvis fordeling:

Region	Regnskapsførte utgifter 2010-2015 – del av totalen	Kilometer fylkesveg – del av totalen	Innbyggarar pr 1.1.2016 – del av totalen
Nordmøre	25 %	35 %	23%
Romsdal	24 %	25 %	23%
Sunnmøre	51 %	40 %	54%

I desse tala er ikkje utgifter til rassikringsprosjekt tatt med. Desse er i hovudsak finansiert med statlege midlar og prioriteringa har følgt objektive kriteria for tildeling. Desse prosjekta har så langt vore på Sunnmøre.

Følgande prosjekt er gjennomført på Nordmøre 2010-2015:

Prosjektnamn	Regnskap 2010	Regnskap 2011	Regnskap 2012	Regnskap 2013	Regnskap 2014	Regnskap 2015
Edøya fk, traf.reg.	1 204					
Kvanne fk	9	963	24 028	162	82	25
Edøy fk		6 870	4 328	205	0	
Kallarsundbrua	6 678	2 485	15	0		
Foldfjordbrua	24 899	7 306	759	291	0	
Driva bru			0	138	5 367	42 742
Fv 253, 254, 255 og 259 Averøy	655	23 114	4 695	109	206	
Fv 351, 352, 298 Halsa	17 484	933	18 458	7 325	373	
Fv 312, 313 Sunndal		203	18 198	1 120	207	
Fv 285, 288 Gjemnes		402	21 173	8 482	141	
Fv 277, 278 Eide	30	117	10 509	4 734	40	
Fv 385 Smøla			361	13 833	850	
Fv 357/367 Aure			318	29 067	4 736	
Kjørsvikbugen						161
Stikkrennetunnel fv. 65, Stokkøyan					138	585
Kårvåg	16 164	50	42			
Straumen - Øygarden				972	6 752	16 599
Bolme - Børset				755	11 084	4 477
Vevang				219	801	2 533
Hottranklakken, Smøla			3 027	50	0	
Eldhusøya, Atlanterhavsveien			0	12 622	0	
Bremsnes, Averøya				282	220	
Sum Nordmøre	67 123	42 443	105 911	80 366	30 997	67 122

Grusvegpakken 2010-2016
Å få fast dekke på fylkesvegane har vore ei politisk prioritering i Møre og Romsdal.
Fordelinga frå 2010 til 2014 var som følger:

		2010	2011	2012	2013	2014	Sum 2010-2014
Div	Grunnerverv grusvegpakken	3 859	8 806	4 835	2 668	1 740	21 908
Nordmøre	Fv 253, 254, 255 og 259 Averøy	655	23 114	4 695	109	206	28 779
Nordmøre	Fv 351, 352, 298 Halsa	17 484	933	18 458	7 325	373	44 573
Nordmøre	Fv 312, 313 Sunndal		203	18 198	1 120	207	19 728
Nordmøre	Fv 285, 288 Gjemnes		402	21 173	8 482	141	30 198
Nordmøre	Fv 277, 278 Eide	30	117	10 509	4 734	40	15 430
Nordmøre	Fv 385 Smøla			361	13 833	850	15 044
Nordmøre	Fv 357/367 Aure			318	29 067	4 736	34 121
	Sum Nordmøre	**18 169**	**24 769**	**73 712**	**64 670**	**6 553**	**187 873**
Romsdal	220 Aukra, refusjon til kommunen		1 158				1 158
Romsdal	fv 413 Sekken fk - Vestadstranda	2 937					2 937
Romsdal	Fv 194/231 Nesset/ Fræna	6 126		132	14 676	356	21 290
Romsdal	fv 179, 178 Rauma	10 870					10 870
Romsdal	fv 173 Innfjorden	6 568					6 568
	Sum Romsdal	**26 501**	**1 158**	**132**	**14 676**	**356**	**42 823**
Sunnmøre	Fv 104, 102 Skodje/ Ørskog	3 215	252	7 327	175	43	11 012
Sunnmøre	fv 388 Ålesund	79					79
Sunnmøre	Fv 145 Haram			309	8 205	727	9 241
Sunnmøre	Fv 63 Nordre Valldal?	65					65
Sunnmøre	Fv 42 Volda	114					114
Sunnmøre	Fv 43 Ørsta/ Volda	6 009		67	18 796	2 191	27 063
Sunnmøre	Fv 81 Stranda	3 047					3 047
	Sum Sunnmøre	**12 529**	**252**	**7 703**	**27 176**	**2 961**	**50 621**
	Grusvegpakken total	**61 058**	**34 985**	**86 382**	**109 190**	**11 610**	**303 225**

Investeringsmidlar til skolebygg 2006 – 2016
Bygg- og vedlikehaldsseksjonen (ByVe) fordeler investeringsmidlar saman med Utdanningsavdelinga innan områda:

- ✓ K-midlar: Store utviklingsprosjekt – 1.356 mill. kroner inkl. mva
- ✓ L-midlar: Utskifting og større vedlikehald – 160 mill. kr inkl. mva
- ✓ M-midlar: Utstyr og pedagogisk ombygging på dei vidaregåande skolane, samt universell utforming. – 86 mill. kr inkl. mva

	Totalt brukt	Brukt per elev	Brukt per m2
Kristiansund	405 147 000	292 525	13 212
Indre Nordmøre	21 669 000	27 569	1 120
Romsdal	509 013 000	206 496	8 629
Nordre Sunnmøre	487 854 000	144 208	8 586
Indre Sunnmøre	19 362 000	39 514	1 656
Søndre Sunnmøre	159 866 000	96 771	5 145

Det vil ikkje vere riktig å sjå berre på totalt forbruk av midlar fordelt på region. Forbruket må også sjåast i samanheng med elevtal og bruk/m2. På same måte vil det heller ikkje vere vilkårlig kva periode ein tar ut tala frå. Et større byggeprosjekt vil ta 4-8 år å gjennomføre, og fylkeskommunen har ikkje hatt økonomisk kapasitet til å løfte mange prosjekter samtidig. Derfor vil en slik 10-årsperiode ikkje nødvendigvis spegle forbruk sett opp mot behov.

Vidare må det også poengterast at utnyttingsgraden ved skolane i indre del av fylket er såpass låg at det ikkje har vore behov for utviklingsprosjekt for å auke kapasiteten eller funksjonaliteten tilsvarande det vi har hatt i dei tre største byane i fylket.

Midlane har så langt vore tildelt enten som direkte løyving i fylkestinget (K-midlar) eller som søknad frå skolane (M-midlar). L-midlane er tildelt etter innmeldt behov frå skolane eller etter befaring frå ByVe.

I den nye eigendomsstrategien vil fordeling av midlar følge strengt av behov avdekka ved tilstandsanalyse (L-midlar), og K-midlar etter analyse av elevtalsutvikling og funksjonsbehov. Dette skal gi mest mogleg objektive kriteriar for prioritering av midlane, der geografisk plassering eller kompetanse på å søke midlar ikkje blir utslagsgivande.

Investeringar i kulturbygg 1995-2016

Investeringar i bygg/institusjonar	År	Kroner	Prisjustert
Sunnmørshallen	1996	6 000 000	9 198 321,09
Stiftelsen Kulturkvartalet			
Jugendstilsenteret	2000	4 500 000	6 231 753,55
Kjøp Norges Bank bygget (Kube)	2003	8 000 000	10 361 702,13
Utbygging av Kunstmuseum (Norges bank-bygget) og magasin og verkstad ved Sunnmøre museum	2004	20 300 000	26 176 787,29
Sunnmøre Museum			
Formidlingsbygg	1996	3 000 000	4 599 160,55
Magasin - prosjektering og tilrettelegging	2003	1 000 000	1 295 212,77
Magasin	2004	6 000 000	7 736 981,47
Vernebygg Ishavsskuta Aarvak	2005	1 673 000	2 123 590,79
Atlanterhavsparken	1996	6 000 000	9 198 321,09
Alnes fyr og besøkssenter	2013	4 000 000	4 354 694,49
Totalt Sunnmøre		**60 473 000**	**81 276 525,22**
Plassen (Teatret vårt og Jazzfestivalen)		30 000 000	34 029 503,11
Jazzfestivalen - refinansiering	2015	1 000 000	1 029 037,00
Romsdalsmuseet - årleg investeringstilskot		48 500 000	52 800 670,00
RM Eigedom	2008	2 500 000	2 967 099,92
Stiftelsen Bud/Ergan - drifta av Romsdalsmuseet	2008	1 250 000	1 483 549,96
Nesset Prestegard	2007	700 000	862 310,29
Totalt Romsdal		**83 950 000**	**93 172 170,28**
Braatthallen	1995	3 000 000	4 652 866,24
Atlanten Kunstisbane	2006	2 750 000	3 413 551,40
Atlanten Kunstisbane	2016	11 000 000	11 000 000,00
Nordmøre Museum			
På bakgrunn av utførte beregninger av deponikapasiteter og kostnadsoverslag er cellespunt det klart beste alternativet både anleggsteknisk og økonomisk. Det vil etter vår vurdering være økonomisk gunstig å opprette kun et deponi i indre havn i stedet for ei kombinasjonsløsning med cellespuntdeponi i indre havn og en lite deponi i ytre havn.

8 Referanser

[1] Multiconsult, «415566-RIG-RAP-002-rev02 Renere havn - Geoteknisk prosjekteringsrapport,» 7.mai 2015.

X6916500

X6916450

X6916400

Y326050

Y326100

Y326150

1

2

3

4

5

6

7

8

Profilspunt

DEPONI
FORURENSEDE MASSER

SILTSKJØRT

SEDIMENTASJONS-
BASSENG

SILTSKJØRT

OVERLØP

-4.0

-5.0

-6.0

-7.0

-8.0

-8.0

-8.0

-7.0

-7.0

-7.0

-6.0

II

II

I

I

N

HENVISNING:
417849-RIG-TEG-501

KARTGRUNNLAG: DIGITALT KART FRA -
HØYDEREFERANSE: -
KOORDINATSYSTEM: -

Rev.	Beskrivelse	Endr.liste	Dato	Tegn.	Kontr.	Godkj.
x			xx.xx.xxxx	xxx	xxx	xxx

Multiconsult
www.multiconsult.no

-

FOSNAVÅG FISKERIHAVN
DEPONERING
situasjonsplan

Status	Fag	Original format	Dato
FORELØPIG	Geoteknikk	A3	04.10.16
Konstr./Tegnet: MHM	Kontrollert: DIR	Godkjent: DIR	Målestokk: 1:500
Oppdragsnr.: 417849	Tegningsnr.: RIG-TEG-500		Rev.: -

Z:\Prosjekt_Multiconsult\417849-FOSNAVÅG FISKERIHAVN\417849-RIG-TEG-500 Cellespunt.dwg, - Layout: (500 (2)), - Plottet av: mhm, Dato: 2016.10.11 kl 9:11



SNITT I - OVERLØP

SNITT II CELLESPUNT

HENVISNING:
417849-RIG-TEG-500

Rev.	Beskrivelse	Endr.liste	Dato	Tegn.	Kontr.	Godkj.
x			xx.xx.xxxx	xxx	xxx	xxx

Multiconsult
www.multiconsult.no

-

FOSNAVÅG FISKERIHAVN
DEPONERING
Snitt I -II

Status	Fag	Original format	Dato
FORELØPIG	Geoteknikk	A3	04.10.16
Konstr./Tegnet	Kontrollert	Godkjent	Målestokk
MHM	DIR	DIR	1:200
Oppdragsnr.	Tegningsnr.		Rev.
417849	RIG-TEG-501		-

Z:\Prosjekt_Multiconsult\417849-FOSNAVÅG FISKERIHAVN\417849-RIG-TEG-500 Cellespunt.dwg, - Layout: (501); - Plottet av: mhm, Dato: 2016.10.11 kl 10:24

HERØY KOMMUNE

REFERAT: MØTE MELLOM HERØY KOMMUNE, SÆVIK INVEST AS OG GERH VOLDNES AS

Stad:	Dato:	Klokkeslett:
Herøy rådhus	06.12.2016	10.00-11.15

Deltakarar:

Namn:	Representerer:
Jarl Martin Møller	Herøy Kommune
Erlend S. Vikestrand	Herøy Kommune
Rune Sævik	Sævik Invest AS
Robert Voldnes	Gerh Voldnes AS

Sakliste/agenda:

Involvere grunneigarane i indre hamn om status og nytt i deponisaka

- Orientering frå Herøy kommune kring forprosjektet frå Kystverket, med geoteknisk rapport frå Multiconsult AS datert 27.10.2016.
- Få tilbakemeldingar frå grunneigarane på korleis dei stiller seg til forslaget frå Kystverket og Multiconsult AS på anbefalt løysing i rapporten av 27.10.2016.

Jarl Martin Møller opna møtet og Erlend S. Vikestrand orienterte grunneigarane med ein gjennomgang av rapporten frå Multiconsult. Multiconsult legg fram ei løysing med eitt deponi i indre hamn og viser til at dette vert det rimelegaste og teknisk sett enklaste alternativet for deponering av masser frå Fosnavåg hamn. Konsekvensen er at dette alternativet medfører eit deponi bygd opp av cellespuntar som strekk seg over heile hamnebassenget, og dermed råkar dagens kaianlegg til Sævik Invest og Gerh Voldnes. Dette må grunneigarane ta stilling til om dei kan godta eller ikkje.

Diskusjon:

Robert Voldnes og Rune Sævik gir begge eit tydeleg signal på at framlegget i rapporten ikkje er ei løysing dei kan akseptere. Framlegget råkar eigedomane med tilhøyrande kaianlegg i stor grad, og er til stor ulempe for deira planar. Det vert lagt vekt på at ei rett kailinje ikkje vil gi dei same funksjonane som dagens kaianlegg gjer, og at dette er til vesentleg ulempe for dei to. Det vert også reagert på at kaia i framlegget vil verte ei allmenn tilgjengeleg kai, då dei i dag sjølve er eigarar av eksisterande kaier. Det vert presisert at dei to grunneigarane ikkje har moglegheit til å finansiere toppdekke og tilhøyrande infrastruktur som trengs i bakkant av ei eventuell ny kai. Grunneigarane signaliserer at sal av eigedomane ikkje er utelukka, dersom Herøy kommune vedtek forslaget i rapporten frå Multiconsult om ei løysing med eitt deponi i indre hamn.

Vidare arbeid i saken:

- Grunneigarane gir ei skriftleg tilbakemelding til Herøy kommune med deira syn og haldning til framlegget frå Multiconsult.
- Herøy kommune må på nytt ta stilling til, og behandle saka politisk for å få ei avklaring på kva alternativ og løysing kommunen vil gå for.

Møtet vart avslutta kl. 11.15
Referent: Erlend S. Vikestrand

Erlend Sporstøl Vikestrand.

Viser til gårsdagens møte om deponisaka samt tilsendt presentasjon frå same møte.

Det var for så vidt eit greit møte der vi fekk orientering om dette nye forslaget.

Som bilder og teikningar syner har den nye konsulenten til Kystverket foreslått å fylle igjen ein vesentleg del av dagens indre hamn med ei rett line (kai). Slike tankar har vel vore fremja før og blitt forkasta. Mi personlege meining er at ein stor del av hamna med ei slik løysing vert forringa/øydelagt, og eg vil våge å påstå at også mykje av Fosnavåg hamn sin identitet og særpreg for alltid vil forsvinne med dette forslaget. Ei stor og dominerande kai med ein kaifront langt der framme er ikkje mykje spanande når du t.d. står i Ura og ser utover hamna.

Heilt konkret er det slik at vår eigedom i dag har tilgang og eigarskap til sjøareal. Dette vil vi miste ved dette forslaget der det og etter det eg skjønar er tenkt kommunal kai finansiert ved kommunal hamneavgift.

Det vil ikkje vere mykje vits for oss å ha dagens eigedom då. Kven vil i grunnen vere interessert i å eige vår eigedom når ein ikkje eig tilflotet ?

No har deponisaka i to omgongar blitt vedteke av kommunestyret, begge gongane slik at vår eigedom ikkje vart råka. Vi har etter dialog akseptert den velde løysinga til delt deponi og gått vidare i trygg forvissing om at det no vert slik.

Tilkomst og eigedomsrett til hamna er for oss svært viktig. Vår verksemd har hatt dette sidan 1916 når verksemda etablerte seg her.

I løpet av det siste halve året har vi fått løyve både frå kommunen og Kystverket til å i lag med Fosnavåg Pelagic as å legge ut ei flytebrygge på 15 meter på 33/5. Dette har vi gledd oss veldig til. Brygga skal og vere feste til ei oppamlingslense for feitt slik at dette ikkje spreier seg vidare på hamna. Vidare har eg nyleg kjøpt eit fartøy på 14 meter som skal ligge ved denne brygga.

Eg og vi har med andre ord innretta oss etter dei vedtak som er gjort. Kvar vert det av forutsigbarheita dersom Herøy Kommune på nytt vel å gjere om tidlegare vedtak ! Etter mitt syn går ikkje slikt an.

Som eigar av 33/5 vil eg ha det slik det er i dag med dei planar som er vedteke. Den løysinga som no er skissert av Kystverkets konsulent vil eg ikkje akseptere.

Vel kommunen på nytt å gjere endringar i deponisaka slik at vår eigedom vert berørt vil det vil bli framsett krav om erstatningar, utkjøp mv.

Mvh

Robert Voldnes

Fra: Erlend Sporstøl Vikestrand [mailto:erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no]
Sendt: 6. desember 2016 13:29
Til: 'runemigge@hotmail.com' <runemigge@hotmail.com>; Robert Voldnes <robert@voldnes.no>
Emne: Referat frå dagens møte i deponisaka

Hei, og takk for eit konstruktivt møte i dag!

Eg sender her vedlagt eit utkast til referat frå møtet. Ber om tilbakemelding på om noko bør endrast eller om det er ok.

Ha ein framleis fin dag!

Helsing

Erlend Sporstøl Vikestrand
Planleggar
Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Dir. 70081337 Mob. 94159680

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Hei igjen,
da har vi i Sævik Invest diskutert saken og vår tilbakemelding er den samme som sist.
Det betyr at vi vil ha området vårt slik det er i dag. Skulle det mot vår vilje bli et deponi på vårt område så må få ei ny kai i front av deponi tilsvarende den vi mister,uten kostnader for vår del,og at kaien og tilkomsten til den er vår eiendom.

Kaien var grunnen til vi kjøpte hele området for vel 10 år siden,og er fortsatt det absolutt viktigste fremover for våre fiskebåtprosjekter.

Vi kan derimot vurdere et salg av hele eiendommen viss prisen er rett for vår del.

Mvh
Rune Sævik,tlf 99607008
Sævik Invest AS

From: Erlend Sporstøl Vikestrand <erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no>
Sent: Tuesday, December 6, 2016 1:29:06 PM
To: 'runemigge@hotmail.com'; 'robert@voldnes.no'
Subject: Referat frå dagens møte i deponisaka

Hei, og takk for eit konstruktivt møte i dag!

Eg sender her vedlagt eit utkast til referat frå møtet. Ber om tilbakemelding på om noko bør endrast eller om det er ok.

Ha ein framleis fin dag!

Helsing

Erlend Sporstøl Vikestrand
Planleggar
Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Dir. 70081337 Mob. 94159680

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

MÅLØY HAVNESERVICE AS

Postboks 132
6701 MÅLØY

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2012/219	P50		UTV / JMM	16.12.2016

MÅLØY HAVNESERVICE AS - OPPSEIING AV AVTALE

Viser til avtale signert 27.2.2012 som regulerer levering av tenester frå kommunale kaier.

Herøy kommunestyre har i budsjettvedtaket 15.12.2016 beslutta å innføre teknisk vakt.

Den tekniske vakta skal utføre tenester som er regulert i gjeldande avtale.

Med bakgrunn i punkt om avtalen si varigheit melder Herøy kommune avtalen som oppsagt. Oppseiingsfristen er 3 mnd og avtalen med Måløy Havneservice AS opphøyrer fredag 31 mars 2017.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

AVTALE

Original i kontraktsmappe

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 202/219 Saksbeh JRG
- 9 MARS 2012
Ark kode P 750
Ark kode S
J nr. Dok nr 2
Kassasjon

mellom

Herøy kommune (HK)
og
Fosnavåg Is og Oljeservice AS (FIO)
Foretaksnr. NO 974541181 MVA
Adr.: Postboks 162 – 6099 Fosnavåg

om

tenester på kommunale kaier og på Mjølstadneset industriområde (MI).

Formål:

Avtalen regulerer forholdet vedkomande levering av tenester frå kommunale kaier inkludert drift av MI på kommunen sine vegner, som ein integrert del av FIO si verksemd.

HK ønskjer at kommunen sine tenester skal utviklast til å yte gode regionale tenester innan landverts- og sjøverts transport, til beste for verksemdene på MI og verksemder i kommunen som heilskap.

Varigheit:

Avtalen gjeld frå 01.03.12 til ny organisering av hamnedrifta vert sett i verk eller til den vert oppsagt frå ein av partane.
Oppseiingsfristen er 3 mnd.

Omfang:

FIO skal etter denne avtalen syte for døgnbetjent telefon- og telefaxteneste og yte følgjande tenester for HK:

1. Disponering av kaier
   - Motta ankomstmelding frå skip og koordinere bruken av kaiene.

2. Levering av straum frå kommunale kaier:
   Tenesta omfattar:
   - Tilkopling til straumuttak
   - Avlesing av forbruk
   - Føring av skjema i.h.h.t. prosedyre

3. Vassleveranse:
   Tenesta omfattar:
   - Tilkopling til uttak
   - Avlesing forbruk/levert mengde

- Føring av skjema i..h.h.t. prosedyre

4. ISPS-anløp ved Mjølstadneset Havneterminal:
   Tenesta omfattar:
   - Ved mottak av ankomstmelding frå ISPS-skip vidareformidle desse til PFSO.
   - Etter avtale med PFSO syte for utsending av informasjon til ISPS-skip som gir ankomstmelding. .
   - Foreta klargjering/"vask av kai" før ISPS-anløp i.h.h.t. prosedyre.
   - Melde frå om evt. sikringshendelsar .
   - Opptre som kaivakt i.h.h.t. instruks.

Andre ytingar:

- Ordne utleige og styre bruk av kommunale lagerareal.
- Føre generelt tilsyn med HK sine kaier og lagerområde.
- Føre tilsyn med miljøinnretingar og tryggleik på og omkring kaiene.
- Rydding og fjerning av avfall

Rapportering:

FIO sitt tilsyn og rapportar om levering av straum, vatn og utleige av areal skal rapporterast månadleg til Herøy kommune.
FIO fakturerer månadleg for utførte tenester utover fast godtgjersle.

Utstyr for levering av tenester:

HK kostar og vedlikeheld utstyr til betjening av anløpande skip som t.d. utstyr til vassfylling, trafo for straum og container for avfall.

Godtgjersle til Fosnavåg Is og Oljeservice AS:

For tenestene FIO utfører i henhald til denne avtalen betaler Herøy kommune ei fast årleg beredskapsgodtgjersle på kr. 60.000 eks. mva.
Godtgjersla vert utbetalt i 2 like delar pr.01.07 og 01.10.
FIO sender faktura til HK om utbetaling seinast 14 dagar før utbetaling skal finne stad.

I tillegg til beredskapsgodtgjersle vert tenestene i denne avtalen godtgjorde av HK med ein fast grunnpris på kr 3.000/ mnd.
Denne summen dekker tenester FIO utfører for HK i tidsrommet kl 08:00 – 16:00 mandag – fredag.

FIO skal for utrykning/ tenesteyting som vert gitt utanom ordinær arbeidstid ha betaling pr. gang etter følgjande satsar:

Tenesteyting i tidsrommet kl 16:00 – 21:00 mandag – fredag: kr 1000 pr/ gang

Tenesteyting i tidsrommet kl 21:00 – 08:00 mandag – fredag samt på laurdagar, søndagar og øvrige helligdagar: ..... kr 1650 pr/ gang

Øvrig:
Avtalen er underskriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Fosnavåg, 27.02.2012

for
Herøy kommune

for
Fosnavåg Is og Oljeservice AS

Fra: Lisbeth Nervik [mailto:Lisbeth.Nervik@mrfylke.no]
Sendt: 19. desember 2016 12:02
Emne: Høyring: NOU 2016: 26 - Eit framtidsretta kvotesystem + forslag til lov om opptak og bruk av skjermverdige objekt, militære anlegg eller områder og bunnforhold

Til kommunar i Møre og Romsdal

Vidaresender to høyringar som kan vere interessant for kommunane i Møre og Romsdal å svare på.

Fredag 16. desember sende Nærings- og fiskeridepartementet på høyring NOU 2016: 26 Eit framtidsretta kvotesystem. Utreiinga inneheld forslag til nytt kvotesystem i fiskeria, og vil få betyding for fiskeflåten i Møre og Romsdal.
Høyringa er opne, og alle kan sende inn innspel. Les meir her: www.regjeringen.no/id2524356/

Høyringsfrist er 18. april 2017.

Eg vil også opplyse om at Forsvarsdepartementet har sendt på høyring; Forslag til lov om opptak og bruk av informasjon om skjermingsverdige objekter, militære anlegg eller områder og bunnforhold.
Denne høyringa kan vere interessant å svare på for kommunar som vurderer å få laga marine grunnkart.

Høyringsfristen er her 7. februar 2017.

Helsing Lisbeth

Lisbeth Nervik
Rådgjevar fiskeri og havbruk
Møre og Romsdal fylkeskommune
Tlf: 71 28 02 15 (NB: Nytt nummer)

Adresse:
Fylkeshuset Tlf: +47 71 25 80 00
6404 MOLDE e-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no

Fra: nve@nve.no [mailto:nve@nve.no]
Sendt: 22. november 2016 09:21
Til: postmottak
Emne: Dammer Sædalsvatn og Holmevatn - Gjerdsvika kraftverk - Sande kommune - Klassifisering . NVEs referanse: 201601071-2

Til Herøy kommune (Møre og Romsdal)

Vedlagt følger dokument **201601071-2 Dammer Sædalsvatn og Holmevatn - Gjerdsvika kraftverk - Sande kommune - Klassifisering** fra **NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat**.

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Tussa Energi AS
Langemyra 6
6150 ØRSTA

Vår dato: 22.11.2016
Vår ref.: 201601071-2
Arkiv: 432
Dykkar dato: 18.02.2016
Dykkar ref.: Sveinn Larusson

Sakshandsamar:
Steinar Lund
22959547/stlu@nve.no

Gjerdsvika kraftverk, Sande kommune. Klassifisering av dammane Sædalsvatn og Holmevatn og vassvegen til kraftverket - vedtak

Vi viser til e-post datert 18.02.2016 frå Tussa Energi AS v/Sveinn Larusson med vedlagt skjema og dokumentasjon for klassifisering av dammane Sædalsvatn og Holmevatn og vassvegen til Gjerdsvika kraftverk.

Dam Sædalsvatn er ein fyllingsdam med maksimal høgde 3,5 m og lengde 75 m. Oppdemt volum er på ca. 1,54 mill. m^3. Dammen er foreslått sett i konsekvensklasse 1.

Dam Holmevatn er ein fyllingsdam med maksimal høgde 1,5 m og lengde 36 m. Oppdemt volum er på ca. 50 000 m^3. Dammen er foreslått sett i konsekvensklasse 0.

Vassvegen er utført som ein 950 m lang 5 m^2 tunnel frå inntaket. Frå pluggen er det lagt heilsveisa rør i tunnelen og vidare i dagen på betongfundament. Lengda er 718 m og diameter er 1300, 1100, 1000 og 900 mm. Maksimalt statisk vasstrykk er 202 meter vassøyle. Vassvegen er foreslått sett i konsekvensklasse 2.

Anlegget er gitt konsesjon ved kgl. res 12.06.1953, med endring sist 14.09.2001.

Vedtak

Med heimel i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta) § 4-1 blir dam Sædalsvatn sett i konsekvensklasse 2.

Med heimel i same forskrift blir dam Holmevatn sett i konsekvensklasse 0.

Med heimel i same forskrift blir vassvegen sett i konsekvensklasse 2.

Grunngjeving

Saka er handsama i medhald av § 4-2 i damsikkerheitsforskrifta og er basert på motteken dokumentasjon.

Berekna brotvassføring er 68 m^3/s frå Sædalsvatn. Det er ikkje dokumentert om elveløpet gjennom Gjerdsvika har kapasitet til brotvassføringa og flaum. Mindre enn 20 bueiningar kan bli råka. Ved tvil

om konsekvensklasse kan NVE krevje dambrotsbølgeberekningar eller andre relevante berekningar, alternativt at høgaste aktuelle klasse blir brukt, jf. damsikkerheitsforskrifta) § 4-3.

Brotvassføringa er truleg 20 m^3/s frå Holmevatn. Brotbølga vil bli dempa i Raudsandvatnet, Sævtjønna og Sædalsvatnet. Ut frå dei vurderingane som er gjort, vil ikkje brot føre til nemnande fare for liv eller helse.

Ved brot på vassvegen kan 7,7 buekvivalentar og FV10 bli råka.

Kommentarar

I følgje mottatt dokumentasjon er revurdering av dam Sædalsvatn planlagt i 2020. Konsekvensklassa er styrande for krav. DBBB bør utførast før revurderinga i samsvar med damsikkerheitsforskrifta § 7-3 første ledd blant anna for å verifisere konsekvensklassa. Dersom Tussa Energi AS vurderer å senke HRV, bør dette vere avklara før revurderinga. Søknad om senka HRV bør i så fall leverast før 2019.

Reglar for vassdragsanlegg

Vi føreset at anleggseigar er kjend med regelverk for vassdragsanlegg, at alle anlegg og område rundt, uavhengig av konsekvensklasse, må sikrast med omsyn til allmenn bruk og ferdsel både i bygge- og driftsfasen, jf. vassressurslova § 5 og damsikkerheitsforskrifta § 7-6. Regelverk og rettleiarar for vassdragsanlegg finst på www.nve.no, sjå menypunkta *Damsikkerhet og energiforsyningsberedskap – Damsikkerhet* og *Publikasjoner* (nede på hovudsida).

Klage på vedtak

Vedtak i dette brevet kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er komen fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Lars Grøttå
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Sande kommune
Tussa Energi AS v/Arild Lystad
Tussa Energi AS v/Sveinn Larusson

NORSK KULTURSKOLERÅD
MØRE OG ROMSDAL

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2017/11
Saksbeh.
- 2 JAN. 2017
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr.
Dok.nr
Kassasjon

Medlemskommunene i Norsk kulturskoleråd - MR
Medlemskulturskolene i Norsk kulturskoleråd – MR
Norsk kulturskoleråd
Kommunenes sentralforbund – Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylke – utdanningsavdelinga
Møre og Romsdal fylke – kulturavdelinga
Samarbeidande organisasjoner og institusjoner:
Norsk musikkråd – MR, Norges Musikkorps Forbund – Nordvest, Teatret Vårt, Møre og Romsdal Kunstnersenter, Operaen i Kr.sund

Norsk kulturskoleråd, Møre og Romsdal - årsmøte 2017

Vi viser til organisasjonens vedtekter, § 3.5 og kunngjør med dette årsmøte 2017.

Fylkesstyret har vedtatt at årsmøtet blir avholdt i Molde **fredag 31. mars 2017.**

Da det er den enkelte kommune som er medlem i Norsk kulturskoleråd oppfordres ordfører til å ta initiativ til at det velges inntil 4 representanter til årsmøtet. Minst en av disse bør være folkevalgt
Det vil bli orientert nærmere om det praktiske rundt årsmøtet i forbindelse med innkallingen.

Saker som kommunene ønsker behandlet på årsmøtet skal være styret i hende senest 8 uker før årsmøtet, dvs. innen 31.januar 2017.

Innkalling blir sendt ut senest 31. januar 2017. Sakspapir og dagsorden blir sendt ut senest 17. mars 2017.

28.12.2016
Med hilsen
Norsk Kulturskoleråd – Møre og Romsdal

Torbjørn Larsen (sign)
leder

Edvin Eriksen (sign)
Rådgiver

HERØY KOMMUNE

Sven Torvik

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2016/1690			UTV / OMR	06.12.2016

REFERAT FRÅ MØTE 05.12.2016

Referat frå møte mellom Herøy kommune og Sven Torvik vedr. Torvik Resort ift. framdrift og nye planar.

Tid og stad: 05.12.2016 15:00-16:00, Herøy rådhus
Deltakarar: Sven Torvik, Jarl Martin Møller utviklingsleiar, Ole Magne Rotevatn samfunnsplanleggar.

Sven Torvik starta møtet med kort presentasjon av dagens status for område med godkjent reguleringsplan og nye planar for område.

Tilbakemelding frå Herøy kommune:

- Dei nye planane for Torvik resort er ikkje i tråd med godkjent reguleringsplan. Det er avvik både i plankart(arealføremål), i føresegna og bryt med prinsipp i godkjent plan. Det må gjennomførast reguleringsendring for å kunne bygge ut område slik det er tenkt i dei nye planane.
- Det kan i dette tilfelle vere føremålstenleg å gjennomføre reguleringsendring og byggesak parallelt for å spare tid og starte utbygging raskare. Dette sikrar også at planen vert i tråd med faktisk utbyggingsplanar.
- Minner om at tiltakshavar har frist til å starte utbygging juli 2017. Utviklingsleiar viser i den samanheng til signert kjøpskontrakt og tinglyst skjøte.
- Dersom det skal gjennomførast reguleringsendring må tiltakshavar avklare kva punkt i føresegna som må endrast og vise korleis den nye arealutnytting vil vere. Dette må leggast fram tidleg i 2017 for å avklare forhold mellom utbyggingsfrist og evt. reguleringsendring.
- Sak om reguleringsendring må leggast fram for politisk handsaming.

Referent

Ole Magne Rotevatn
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

LAYOUT PROPOSAL



SITE PLAN
Hotel Phase I and II

Borderline of project area

KEY

1. Hotel Phase I
2. Hotel Phase II
3. Guest arrival point
4. Guest Parking
5. Service and staff entrance
6. Helicopter pad

Mellbye

Arkitektur
Interiør

Nordic Resort AS
Skisseprosjekt

20.05.16

H
hotell
12.0 daa
BYA 45%
HB 1
BYA 45%

Vi ber om at denne eposten vert lagt til høyringsuttale sendt frå Herøy kommune 1. desember 2016.

Helsing

Brit Berge
Konsulent
Dokumentsenter og politisk sekretariat

Tlf. 70081300 Dir. 70081359

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Fra: Arnulf Goksøyr
Sendt: 2. desember 2016 12:49
Til: Brit Berge
Kopi: Leiv Magnar Aarflot; Solveig Båtsvik
Emne: Re: Møteprotokoll formannskapet 29.11.2016 for godkjenning

Sak 268 / 16

Har fått tilslutning til eit Pkt 2 frå KrF , Høgre, FrP, Fl og Ap. (samrøystes)

Pkt 2,
Dersom politidirektoratet likevel vurderer å oppretthalde fleire lensmannskontor i Møre og Romsdal, vil Herøy kommune støtte ei vidareføring / vidareutvikling av noverande Herøy og Sande lensmannskontor på Eggesbønes

Arnulf Goksøyr
Ordførar Herøy Kommune
iPhone



HERØY KOMMUNE



HERØY KOMMUNE

Fra: Trine-Emilsen.Grande@nfd.dep.no [mailto:Trine-Emilsen.Grande@nfd.dep.no]
Sendt: 20. desember 2016 13:29
Til: postmottak
Emne: 16/6442-5 Utredning av lønns- og arbeidsvilkår for ansatte på skip i norsk farvann

Se vedlagte saksdokumenter

Svar på denne forsendelsen, eller ny henvendelse, sendes på e-post til fellesadressen/Any answer to this shipment, or new inquiry, please send e-mail to postmottak@nfd.dep.no

Med hilsen/Yours sincerely

Nærings- og fiskeridepartementet/Ministry of Trade, Industry and Fisheries
Postboks 8090 Dep
N-0032 Oslo
Telefon/Telephone +47 22 24 90 90
E-post/E-mail: postmottak@nfd.dep.no
Nett/Web: www.regjeringen.no/nfd

Denne e-posten er beregnet for den institusjon eller person den er rettet til og kan være belagt med lovbestemt taushetsplikt. Dersom e-posten er feilsendt, vennligst slett den og ta kontakt med Nærings- og fiskeridepartementet.
This e-mail is confidential and may also be privileged. If you are not the intended recipient, please notify the Ministry of Trade, Industry and Fisheries Norway, immediately

DET KONGELIGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Næringsministeren

Herøy kommune
v/ordfører Arnulf Goksøyr
6099 FOSNAVÅG

Deres ref	Vår ref	Dato
2016/1660	16/6442-5	20.12.16

Utredning av lønns- og arbeidsvilkår for ansatte på skip i norsk farvann

Takk for innspill til regjeringens maritime politikk i brev av 01.12.16.

Norsk skipsfart er avhengig av åpne markeder og norsk skipsfartspolitikk er basert på og tjent med et samspill mellom flaggstatsregler og internasjonale regler. Skip opererer i ulike internasjonale markeder. Skipsfarten er sterkt regulert gjennom internasjonalt regelverk og avtaler som Norge er bundet av. Det folkerettslige og særlig EØS-rettslige handlingsrommet for å stille krav om norske lønns- og arbeidsvilkår gjennom allmenngjøring av tariffavtaler om bord på utenlandsk registrerte skip i norske farvann er derfor begrenset. Partene i næringen er også prinsipielt uenige om det er fornuftig å gjennomføre et slikt tiltak.

Innføring av allmenngjøring for maritim offshorevirksomhet og i øvrige farvann i Norge er ikke uproblematisk. Regjeringen arbeider derfor ikke med å se på mulighetene for å innføre slike restriksjoner for aktivitet for utenlandske skip i norske farvann.

Til orientering kan opplyses at når det gjelder fartøy som går i fast rute med passasjerer mellom norske havner, så er disse underlagt bestemmelser i Yrkestransportlova og gjennom løyvevilkårene pålagt å operere med norske lønns- og arbeidsbetingelser.

I norsk og internasjonal skipsfart er det konkurranseutfordringer knyttet til at det er forskjellig kostnads- og lønnsnivå i de ulike skipsregistre. Dette er en problemstilling som derfor er svært sentral i regjeringens satsing på norsk skipsfart og maritime næringer slik det fremkommer i regjeringens maritime strategi – "Maritime muligheter – blå vekst for en grønn

Postadresse: Postboks 8090 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Kongens gate 8 Telefon: 22 24 90 90
Org. nr.: 912 660 680

fremtid" som ble fremlagt 29.05.15. I strategien legger regjeringen vekt på å sikre den maritime næringen konkurransedyktige rammebetingelser.

Tilskuddsordningen for sysselsetting av sjøfolk er det viktigste virkemiddelet for å beholde maritim kompetanse i Norge, og å sikre norske sjøfolk og skipsfartsnæringen rammevilkår på nivå med EU. Regjeringen har styrket og forenklet tilskuddsordningen både for skip i Norsk Ordinært Skipsregister (NOR) og Norsk Internasjonalt Skipsregister (NIS), og bruker i 2016 nærmere 2 000 mill. kr for å sikre norske sjøfolk og kompetanse fremover. Regjeringen arbeider nå med å lovfeste ordningen.

Endringene i tilskuddsordningen bedrer konkurranseevnen til norske sjøfolk i NOR ved at grensen for maksimal utbetaling er fjernet for skip i norsk kystfart, for kystruten Bergen - Kirkenes og for utenriksferger i NOR. Regjeringen sikrer også en mer robust tilskuddsordning for skip i NIS med tilskudd fra første tilskuddsberettigede arbeidstaker. Dette vil bidra til at flere rederier enklere vil kunne ansette eller benytte norske sjøfolk også i NIS. En særskilt tilskuddsordning er etablert for NIS-konstruksjonsskip. Dette styrker mulighetene for norske sjøfolk også i denne delen av flåten.

Disse tiltakene er en oppfølging av omforente forslag fra Fartsområdeutvalget der også sjømannsorganisasjonene deltok.

I tillegg inneholder maritim strategi en rekke andre tiltak som samlet sett skal stimulere maritim sysselsetting og verdiskaping, og med ringvirkninger også for andre næringer.

Målet er at disse tiltakene skal bidra til å opprettholde og videreutvikle norske maritime næringer og norsk maritim kompetanse med en betydelig og konkurransedyktig flåte under norsk flagg med norske sjøfolk om bord. Samtidig er det også slik at det til syvende og sist er opp til rederiene å foreta de forretningsmessige valg herunder valg av skipsregister, som anses nødvendige for å sikre lønnsom drift både på kort og lang sikt.

Med hilsen

Monica Mæland

Fra: Hege Hamre [mailto:hege.hamre@furene.no]
Sendt: 20. desember 2016 12:09
Til: Ulstein Postmottak; 'post@stranda.kommune.no'; 'post@vagsoy.kommune.no'; postmottak; Ørsta postmottak; Resepsjon postmottak; V-Postmottak; 'post@mrfylke.no'; Postmottak Hareid; Sande Kommune
Kopi: 'Inge-Jonny Hide (inge-jonny.hide@kleven.no)'; 'postmottak@sykkylven.kommune.no'; Nelly Torvik (Nelly.Torvik@nhf.no); alvhild.iversen@gmail.com
Emne: Furene AS, overdraging av aksjar

Eigarar i Furene AS

I styremøte 19/12/2016 har styret i Furene AS vedteke å gi sitt samtykke til overdraging av aksjar som vist til i vedlagte varslingsbrev.

Ber om at varslet vert sendt rette instans hjå kvar eigar.

Hege Karete Hamre
Dagleg leiar
Mob. +47 41 62 83 39
hege.karete.hamre@furene.no

Postadresse: Furene AS, 6105 Volda
Sentralbord: +47 70 07 48 50
Nettstad: www.furene.no
E-post: post@furene.no

Postadresse: Furene AS, 6105 Volda
Sentralbord: +47 70 07 48 50
Nettstad: www.furene.no
E-post: post@furene.no

Volda 19/12/16

Eigarar i Furene AS

Vedrørande overdraging av aksjar.

Norges Handikapforbund Nord Vest har gjort avtale med Sykkylven kommune om kjøp av aksjar i Furene AS.

Melding om avtalen kom selskapet i hende 16/12/16 og styret har i dag 19/12/16 fatta slikt vedtak:

Styret har samstemt vedteke å gi sitt samtykke til at Norges Handikapforbund Nord Vest får kjøpe Sykkylven Kommune sine aksjar i Furene AS. 24 aksjar a kr 250,-. Sum kr 6.000,-.
Styret er merksam på at øvrige eigarar skal ha varsling om kjøpet og har frist til å gjere forkjøpsrett gjeldande innan to månadar frå varslingsdato, 16/12/16.
Styret ber administrasjonen så snart muleg varsle eigarane om dette vedtaket og gjere kjent varslingsfristen for forkjøpsrett.

I høve til selskapet sine vedtekter §4 skal slikt sal godkjennast av styret og overdraging fylje aksjelova sine reglar. Sjå kapitel 4 i AL

Sitat vedtektene §4
Selskapet sin aksjekapital kr.283.000,-, delt på 1132 aksjar à kr 250,-, er fullt innbetalt og lydande på namn. Overdraging eller pantsetting av aksjane er avgrensa då slik overdraging eller pantsetting på førehand må godkjennast av styret for selskapet. Overdraging skal skje etter aksjelova sine reglar. Overskot i selskapet kan ikkje takast ut av bedrifta, men nyttast slik at det styrkjer framtidig drift.

Øvrige eigarar kan nytte seg av forkjøpsrett og styret gjer merksam på fristen i AL § 4-23 på to månadar etter at selskapet fekk melding, 16/12/16.

Furene AS

Inge-Jonny Hide
Styreleiar

FURENE AS Furene 6100 VOLDA Tlf 70 07 48 50 Fax 70 07 48 51 post@furene.no www.furene.no NO 923 994 149MVA

SLUTTSETEL

Det vert hermed bekrefta at 24 aksjar i Furene AS, til ein verdi av kr 6 000 – kronersekstusen00/100- vert transportert frå Sykkylven kommune til Norges Handikapforbund Nord Vest.

Kjøpesummen for aksjane, til saman kr 6.000,00 skal settast inn på bankkonto nr 4045 07 01442

Sykkylven 15. desember 2016

Sykkylven kommune,
seljar

Økonomisjefen Sykkylven

Norsk Handikapforbund Nord Vest,
kjøpar

Nelly Torvik

Fra: Kom, Fin [mailto:kom@fin.dep.no]
Sendt: 20. desember 2016 18:10
Emne: Priv. til red. fra Finansdepartementet: Petter Kvinge Tvedt ny statssekretær for mediesaker

Finansdepartementet
Dato: 20.12.2016

Priv. til red.:

Petter Kvinge Tvedt ny statssekretær for mediesaker

Statssekretær André R. Kolve (FrP) gikk i dag etter eget ønske av som statssekretær for finansminister Siv Jensen (FrP). Statssekretær Petter Kvinge Tvedt (FrP) overtar ansvaret for mediesaker i Finansdepartementet.

I statsråd i dag ble statssekretær Cecilie Brein-Karlsen (FrP) utnevnt til statssekretær for finansminister Siv Jensen. Brein-Karlsen tiltrer 16. januar 2017.

Fredag 19. desember gikk statssekretær Paal Bjørnestad (FrP) av som statssekretær for finansminister Siv Jensen. Samme dag ble Brage Baklien (FrP) utnevnt som statssekretær for finansminister Siv Jensen (FrP).

Pressemeldinger er tilgjengelig på våre internettsider: https://www.regjeringen.no/fin
Siste nytt fra Finansdepartementet finner du her
Følg Finansdepartementet på Twitter: @Finansdep
Følg Finansdepartementet på Facebook: https://www.facebook.com/finansdepartementet/
Du kan melde deg på eller av distribusjonslisten ved å sende epost til info@fin.dep.no

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep,
0030 Oslo
Besøksadresse: Akersg. 40
Pressetelefon: 22 24 44 11

Denne e-posten er beregnet for den institusjon eller person den er rettet til og kan være belagt med lovbestemt taushetsplikt. Dersom e-posten er feilsendt, vennligst slett den og kontakt Finansdepartementet.

This email is confidential and may also be privileged. If you are not the intended recipient please delete this e-mail and notify the Ministry of Finance, Norway, immediately.

Tenk miljø - ikke skriv ut denne e-posten med mindre det er nødvendig

R - fsa

ULSTEIN KOMMUNE
Rådmannen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr: | Saksbeh:
- 2 JAN. 2017
Ark.kode P:
Ark.kode S:
J.nr: | Dok.nr:
Kassasjon

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Saksnr	*Løpenr*	*Dato*
2013/236	14795/2016	23.12.2016

MELDING OM VEDTAK
ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT SAMARBEID

De får med dette melding om at det er gjort følgjande vedtak i sak PS 16/107
Vedtak i Ulstein kommunestyre 15.12.2016:

1. Kommunestyret i Ulstein sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i som ei interkommunal eining.

2. Ulstein kommune stiller til disposisjon 4 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 til 31.12. 2017. Ei prosjektstilling knytt til IKT satsing i skulen held vi utanfor i prosjektperioden.

3. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

% Samla saksframstilling ligg ved.

Med helsing

Verner Larsen
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse: Postboks 143 6067 Ulsteinvik
Informasjonen: 70 01 75 00
Telefon (dir): 98 23 06 01
postmottak@ulstein.kommune.no
verner.larsen@ulstein.kommune.no
www.ulstein.kommune.no
Org. nr: NO 964 979 456
Bankgiro: 8647.11.17570

Kopi til:
Tor Halvar Botnen

Postadresse:
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

postmottak@ulstein.kommune.no
Telefon: 98 23 06 01
Telefaks:

www.ulstein.kommune.no
Org. nr: NO 964 979 456
Bankgiro: 8647.11.17570

Fra: Anne Marte Ostad [mailto:Anne.Marte.Ostad@mrfylke.no]
Sendt: 6. januar 2017 12:20
Til: sadm.regional- og næringsavdelinga.alle
Emne: Fylkesprisen Årets Bedrift 2016

Fylkesprisen Årets Bedrift i 2016 – oppmoding om forslag

Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer kommunar, organisasjonar, institusjonar, media og privatpersonar til å kome med forslag på bedrifter som kan vere aktuelle kandidatar til «Fylkespris for Årets Bedrift 2016». Kandidatane kan kome frå alle bransjar innan industri, handverk og tenesteyting.

Prisen skal gå til ei bedrift i Møre og Romsdal som på ein eller fleire måtar har utmerka seg.

Forslag til Årets Bedrift 2016 skal leverast elektronisk på www.mrfylke.no/aretsbedrift. Her finst og meir informasjon om kriteria for å vinne. Frist for innsending av forslag er 03.02.2017.

Prisen vil bli delt ut på fylkestinget i april.

Mvh

Anne Marte Ostad
Rådgivar regional- og næringsavdelinga
71 28 03 58 | 90831219 | anne.marte.ostad@mrfylke.no
Møre og Romsdal Fylkeskommune | mrfylke.no

Møre og Romsdal fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal
Forretnings- og sparebankar i Møre og Romsdal
SINTEF MRB
Triangel AS
Kunnskapsparkar og næringshagar
Næringsråda i Møre og Romsdal
Destinasjonsselskapa i Møre og Romsdal
Bransjeorganisasjonar
Avisene i fylket
NRK Møre og Romsdal
NHO avdeling Møre og Romsdal
LO avdeling Møre og Romsdal
Innovasjon Norge Møre og Romsdal
Avdelingane i Møre og Romsdal fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		1367/2017/076	Anne Marte Ostad, 71 28 03 58	05.01.2017

Fylkesprisen Årets Bedrift i 2016 – oppmoding om forslag

Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer kommunar, organisasjonar, institusjonar, media og privatpersonar til å kome med forslag på bedrifter som kan vere aktuelle kandidatar til «Fylkespris for Årets Bedrift 2016». Kandidatane kan kome frå alle bransjar innan industri, handverk og tenesteyting.

Prisen skal gå til ei bedrift i Møre og Romsdal som på ein eller fleire måtar har utmerka seg.

Forslag til Årets Bedrift 2016 skal leverast elektronisk på www.mrfylke.no/aretsbedrift. Her finst og meir informasjon om kriteria for å vinne. Frist for innsending av forslag er 03.02.2017.

Prisen vil bli delt ut på fylkestinget i april.

Med helsing

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Anne Marte Ostad
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fra: Sigrid Torbjørnson [mailto:sigrid.torbjornson@vestkontroll.no]
Sendt: 23. november 2016 16:31
Til: Anna Aasmo; Eilert Geir Kvalsvik; Eva Måløy; Frank Lied; Gerhard Furø; Gerhard Furø; Gunnar Sævik; Hege Nedreberg Vestavik; Magne Nærø; Malene F. Remøy; Mette Lokna Nedreberg; Oddbjørg Karen Remøy; Ove Kåre Remøy; Stian Elveseter; Terje Krogset
Kopi: Arnulf Goksøyr; Olaus-Jon Kopperstad; postmottak; Bodill Skeide
Emne: HERØY - INNKALLING TIL KONTROLLUTVALSMØTE 30.11.2016

Hei!

Lagt ved er innkalling, sakliste og saker til kontrollutvalsmøte onsdag **30.11.2016 kl. 14.00.**
Varamedlemer som ikkje har vorte kalla inn til møtet, får saksdokumenta førebels berre til orientering.

Om nokon har tvil om sin habilitet i høve saker som skal opp på møtet, så ta kontakt med sekretariatet i forkant av møtet.

Meld fråfall i god tid til Vest kontroll
tlf. 70030440 / 90187950
eller pr. epost: post@vestkontroll.no
Medlemar må ha gyldig grunn for å ikkje møte.
Sekretariatet kallar inn varamedlemer.

Vel møtt!

Med helsing

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Tlf: 70 03 04 46/936 56 704
sigrid@vestkontroll.no



VEST KONTROLL

SEKRETARIAT FÖR KONTROLLUTVAL

HERØY KOMMUNE, KONTROLLUTVALET

I N N K A L L I N G

K O N T R O L L U T V A L E T

I

H E R Ø Y

M Ø T E

30. november 2 0 1 6

Kl. 14.00

H e r ø y r å d h u s

Møterom 1

Medlemar må ha gyldig grunn for å ikkje møte.
Meld frafall i god tid til Vest kontroll
tlf. 70030440 / 90187950
eller pr. epost: post@vestkontroll.no

Varamedlemer får saksdokumenta førebels berre til orientering.
Sekretariatet kallar inn varamedlemer.

Kontrollutvalsmedlemmar:

Ap/V:			
Gerhard Ole Furø	Bøvegen 41	6095 Bølandet	Leiar
H/Frp/Krf/Folk/Sp:			
Stian Elveseter	Landsvegen 10	6098 Nerlandsøy	Nestleiar
Hege Nedreberg Vestavik	Nedre Sørlia 26	6092 Fosnavåg	Medlem
Ove Kåre Remøy	Svingen 13	6092 Fosnavåg	Medlem
Oddbjørg Karen Remøy	Vatnet 5	6094 Leinøy	Medlem

SAKLISTE

SAK 24/16	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
SAK 25/16	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
SAK 26/16	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016
SAK 27/16	PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016 - 2019
SAK 28/16	PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016 - 2019
SAK 29/16	ORGANISASJONSENDRING – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN
SAK 30/16	FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT BARNEVERN
SAK 31/16	FINANSRAPPORT PR.31.08.2016
SAK 32/16	BUDSJETTKONTROLL PR.31.08.2016
SAK 33/16	REVISJONSPLANLEGGING 2016 – FINANSIELL REVISJON
SAK 34/16	TERTIALRAPPORT PR.2.TERTILA 2016
SAK 35/16	MELDINGAR

SAKER SOM KJEM TIL

Bølandet/Åram, 23. november 2016

Gerhard Furø
-leiar-
(sign.)

Jostein Støylen
- dgl.leiar/sekr.ktr.utv.-

Kopi til:

AP/V:
- 1. vara Anna Oddhild Aasmo, Nygjerdevegen 28, 6076 Moltustranda

- 2. vara Magne Nærø, Leinevegen 18, 6094 Leinøy
- 3. vara Eva Måløy, Jøsokstrand 22, 6080 Gurskøy

H/Frp/Krf/Folk/Sp:
- 1. vara Frank Lied, P.b. 272, 6099 Fosnavåg
- 2. vara Terje Magnus Krogset, Selvågvegen 2, 6092 Fosnavåg
- 3. vara Mette Lokna Nedreberg, Grønhaugvegen 19, 6092 Fosnavåg
- 4. vara Gunnar Sævik, Sævik 42, 6094 Leinøy
- 5. vara Malene F. Remøy, Frøystadvågvegen 121, 6095 Bølandet
- 6. vara Eilert Geir Kvalsvik, Mulevikvegen 32, 6098 Nerlandsøy

- SSKR IKS v/Bodill Skeide, Postboks 143, Rådhuset, 6067 Ulsteinvik
- Ordføraren i Herøy, Postboks 274, 6099 Fosnavåg
- Rådmannen i Herøy, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Dato: 31.10.2016
Arkiv: 033

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet i Herøy

SAK 24/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald .....

Jøstein Støylen
Dagleg leiar

Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Postadresse: 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: post@vestkontroll.no
Telefon: 70030440
Telefaks: 70030449
Mobil: 90187950
Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

Dato: 31.10.2016
Arkiv: 049

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet i Herøy

SAK 25/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg
Møteprotokoll frå møtet 21.09.2016.

Forslag til vedtak
Møteprotokollen frå møtet 21.09.2016 vert godkjent.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Postadresse: , 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: post@vestkontroll.no
Telefon: 70030440
Telefaks: 70030449
Mobil: 90187950
Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, ,Vågsøy, Ørsta

HERØY KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Møterom 1
Dato:	21.09.2016
Tid:	13.00 – 14.15

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

Forfall:

Ove Kåre Remøy	Medlem	
Stian Elvesæter	Medlem	Ikkje meldt avbod.

Varamedlemer som møtte:

Terje Krogseth	for Ove Kåre Remøy	

Frå Vest kontroll møtte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møtte:

Frå kommunen, politisk hald og administrasjonen møtte:

Andre som møtte:

Gerhard Furø
Leiar

Hege Nedreberg Vestavik
Medlem

Sakliste

Saksnr	Innhald
17/16	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL.
18/16	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
19/16	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016
20/16	BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2017
21/16	HØYRINGSUTTALE NOU 2016-4 NY KOMMUNELOV
22/16	RAPPORTERING – BUDSJETTKONTROLL OG TERTIALRAPPORTAR
23/16	MELDINGAR

SAK 17/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL.

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Hege Nedreberg Vestavik.

SAK 18/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg
Møteprotokoll frå møtet 30.05.2016.

Samrøystes vedtak
Møteprotokoll frå møtet **30.05.2016** vart godkjent.

SAK 19/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016

Møteprotokollar for styrer og utval i Herøy kommune kan ein finne på heimesida til kommunen: www.heroy.kommune.no -> møtedokument
Politisk sekretariat opplyser at grunna ei større oppdatering er det problem med å «spegle» postliste og møtedokument på heimesida til kommunen. Dette vert det arbeidd med.

Viser derfor til nettbrettområdet:
http://ftp.ssikt.no/Heroy/M%C3%B8teinnkalingar%20og%20protokollar/2016/

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret		**25.05**	**22.06**	**25.08**	
Formannskapet		**25.05**	**31.05**	**16.08**	**06.09**
Maritim og teknisk komite		**20.06**	**23.08**	**06.09**	
Administrasjonsutvalet		-			
Arbeidsmiljøutvalet		**31.05**	**06.06**	**05.09**	
Eldrerådet		**13.06**	**29.08**		
Komite for næring, kultur og idrett		**23.05**	**13.06**	**12.09**	
Komite for helse og omsorg		**19.05**	**02.06**	**15.06**	**15.09**
Komite for oppvekst	**24.05**	**21.06**	**24.08**	**14.09**	
Plan og byggenemnd		**27.05**	**24.08**		
Råd for msk med nedsett funksjonsevne			**13.06**	**29.08**	
Ungdomsrådet			**31.05**		
Valnemnd		**31.05**	**22.06**	**25.08**	
Valstyret		**19.05**			
Herøy Kulturhus					
Klageutvalet		-			
SSR IKS STYRE		Sendt til leiar			
SSR IKS RE		Sendt til leiar			

Kontrollutvalet finn ikkje møteinnkalling med dokument tilgjengeleg til arbeidsmiljøutvalsmøte 05.09.2016. Ein finn det då vanskeleg å sjå kva kva PS 26/16 Organisasjonsendring dreiar seg om, og vidare kva som er rådmannen si innstilling og då vedtaket i same sak.

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen møte i neste kontrollutvalsmøte for å klargjere kva som er vedtaket i PS 26/16 Organisasjonsendring gjort i arbeidsmiljøutvalet den 05.09.2016.

SAK 20/16 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2017

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet.
Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):
«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»
«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»
«Kontrollutvalet bør sørgje for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»
I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte.
Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.
Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2017 pålydande kr. 40.000,-.
Dette er same nivå som foregåande år,

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søkjer kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.
«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjettramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2017. Leiar- og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

SAK 21/16 HØYRINGSUTTALE NOU 2016 – 4 – NY KOMMUNELOV

Vedlegg

1. Høyringsuttale NOU 2016 – 4 – Ny kommunelov. Utarbeidd av sekretærforum for kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.
2. NOU 2016: 4 – Ny kommunelov, kap.25.
   Sjå elles link nedanfor:
   NOU 2016: 4 – Ny kommunelov. Utredning fra et utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 21. juni 2013. Avgitt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 10. mars 2016.
   https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-4/id2478743/?ch=2
   (Lasta 15.09.2016)

Saksopplysningar/saksutgreiing
Det er i gang arbeid med ny kommunelov. Som bakgrunn for at dette arbeidet er i gang heiter det frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet:
«Det er 20 år siden kommuneloven trådte i kraft (1. januar 1993). Loven har blitt endret en rekke ganger, men det har ikke vært noen gjennomgripende revisjon av loven i de 20 årene den har virket. Flere trekk ved samfunnsutviklingen gjør det ønskelig med en samlet gjennomgang. Kommunene og fylkeskommunene har fått flere oppgaver, og organiseringen av kommunal og fylkeskommunal virksomhet og bruken av ulike styringsverktøy, herunder avtaler, har blitt mer kompleks. Internasjonale forpliktelser har fått økt betydning for kommunenes og fylkeskommunenes virksomhet, uten at det er gjort noen samlet vurdering av disse. Det har videre gjennom årene utviklet seg en betydelig praksis knyttet til lovens bestemmelser, og det kan være grunn til å foreta en samlet gjennomgang av denne praksisen for å avdekke uklarheter i dagens lov, spørsmål som bør reguleres, og spørsmål som bør reguleres på en annen måte enn i dag.» (Regjeringen.no)

I høve arbeidet med ny kommunelov vart det oppnemnt eit kommunelovutval ved kongelig resolusjon 21. juni 2013.
Ved Stortinget si behandling av Prop. 119 L. (2011–2012) Endringar i kommunelova m.m. (eigenkontroll mv.) uttalte ein samla Kommunal- og forvaltningskomité i Innst. 128 L (2012–2013) at: *«Komiteen ser behov for ein heilskapleg gjennomgang av kommunelova for å styrkje det kommunale sjølvstyret, og ber regjeringa kome tilbake til Stortinget på eigna måte.»*
Kommunelovutvalet fekk fylgjande mandat: *«Utvalgets utredning og samlede gjennomgang av kommuneloven skal danne grunnlag for regjeringens tilbakemelding til Stortinget.» (Regjeringen.no)*

Når det kjem til kommunelovutvalet sitt mandat til arbeid med utredning av særlige spørsmål, heiter det i punkt 3.7 Egenkontroll:
«Utvalget skal vurdere tiltak for å styrke den kommunale egenkontrollen. Det skal i den forbindelse vurdere:

- om det er behov for nærmere krav til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

- bestemmelsene om internkontroll. I den forbindelse kan utvalget vurdere om eksisterende bestemmelser om internkontroll i spesiallovgivningen bør oppheves og eventuelt innarbeides i ny kommunelov, eller erstattes av nye bestemmelser i kommuneloven.
- om det bør fastsettes regler for høring i regi av kontrollutvalget.
- revisjonsmandatet, særlig om omfanget av etterlevelsesrevisjon bør styrkes, samt om det bør innføres sertifiserings- og tilsynsordninger for revisor.
- om kommunestyret skal ha plikt til å følge opp revisors merknader.
- om det bør fastsettes regler om innsynsrett for kommunen når andre enn kommunalt heleide selskaper mv. utfører oppgaver/tjenester for kommunen.
- om det bør innføres regler om kommuners eierstyring av virksomhet som foregår i kommunale foretak, selskaper, samarbeid mv., for eksempel krav til eiermelding.
- om det bør innføres en regel om at kontrollutvalgets leder ikke kan være fra samme parti som ordføreren.
- reglene for valgbarhet til kontrollutvalget (ansatte i små stillingsbrøker, bostedskriteriet mv.)»

(Vidare om kommunelovutvalet sitt mandat og arbeid viser ein til NOU 2016:4 – Ny kommunelov.)
Det som særleg vedkjem kontrollutvalet står omtala i kap.25 Kontrollutvalget og kontrollutvalgssekretariatet (side 313) og kap.26 Revisjon (side 324).
Ein kunne gått inn i dei einskilde punkta i desse kapitla i høve ein høyringsuttale, men rår til å fokusere på det viktigaste punkta. Slik ein ser det er det kommunelovutvalet si utredning i pkt. 25.3.4.2. sekretariatets oppgåver (vedlegg 2) som har størst betydning. I NOU 2016: 4 Ny kommunelov finn ein i kap.25, pkt. 3.4.2 sekretariatets oppgåver finn ein m.a. fylgjande formulering: «Etter utvalgets mening har sekretariatet ikke anledning til å innhente informasjon og vurdere denne opp mot et regelverk, vedtak e.l. Dette vil etter utvalgets forslag være å utføre revisjon, og dermed en oppgave for revisor.»

Sekretærforum for kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane består av sekretariata for alle kontrollutvala i Møre og Romsdal, sekretariata for kontrollutvala i 17 kommunar i Sogn og Fjordane samt kontrollutvalssekretariata i begge fylkeskommunene. Sekretærforumet har behandla NOU 2016: 4.
Sekretærforumet meiner at kontrollutvalet sin funksjon vert svekka om ein reduserer sekretariatet sitt arbeid med å påsjå at sakene i utvalet er forsvarleg utgreidd. I dette arbeidet har sekretariata i dag ei viktig rolle.
Sekretærforum for kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har utarbeidd ein høyringsuttale (vedlegg 1).

Vi har lagt den til grunn i forslag til uttale om ny kommunelov frå kontrollutvalet.

Samrøystes uttale
1. Kontrollutvalet meiner at forslaget i kap. 25.3.4.2 der det heiter at: «*..har sekretariatet ikke anledning til å innhente informasjon og vurdere denne opp mot et regelverk, vedtak e.l.»*, er svært uheldig. Ved å redusere sekretariatet sitt ansvar for å påsjå at sakene i utvalet er forsvarleg utgreidd, vil ein svekke kontrollutvala sin funksjon At slike oppgåver ligg til sekretariatet er heilt avgjerande for bestiller-utfører modellen i kontroll- og tilsynsordninga vi har i dag.
Sekretariatet for kontrollutvalet har tre hovudoppgåver. Dei tre oppgåvene er utgreiar, sakshandsamar og administrator. Ved å gå inn for at sekretariatet ikkje kan gjere vurderingar opp mot lover og reglar, avgrensar utvalet sekretariatet si rolle til berre å vere administrator. Dette vil svekke det kommunale sjølvstyret innanfor kontroll og tilsyn. Det er alvorleg.
Kontrollutvalet vil difor gjere det tydelig ovanfor departementet at vi ikkje støttar formuleringa i kap. 25.3.4.2:

"Etter utvalgets mening har sekretariatet ikke anledning til å innhente informasjon og vurdere denne opp mot et regelverk, vedtak e.l. Dette vil etter utvalgets forslag være å utføre revisjon, og dermed en oppgave for revisor."

Dette er ei formulering som gir ein så vid definisjon av omgrepet revisjon at det ikkje gir meining i høve det som reelt ligg i definisjonen av revisjon slik den er definert gjennom nasjonale og internasjonale standardar. Ein kan ikkje sjå kvifor utvalet då legg opp til å skulle utvide revisjonsomgrepet i kommunelova.
Kontrollutvalet må sjølv kunne vurdere korleis oppgåver som ikkje fell inn under ein meir presis definisjon av revisjon, skal utførast og kven som skal utføre desse oppgåvene.
Eksempelvis er eigarskapskontroll ei oppgåve som kontrollutvalet kan be sekretariatet eller andre kompetente organ om å utføre.

Kommunelovutvalet sitt syn vil i tillegg svekke kontrollutvalet sitt ansvar med å påsjå at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Dette er i dag ei av dei viktigaste rollene til sekretariata.

Kontrollutvalet ser det som avgjerande at kontrollutvalssekretariatet vert oppretthalde som eit organ med kompetanse til å utføre oppgåver som utgreiar, sakshandsamar og administrator. Det bør vere krav i lov eller forskrift om minst ein tilsett med tre års høgare utdanning i eit kontrollutvalssekretariat.

2. Kontrollutvalet meiner at det i ny kommunelov må gå fram at leiaren i kontrollutvalet skal kome frå opposisjonen.

Sekretariatet sørgjer for å sende uttalen frå kontrollutvalet i Herøy til departementet innan høyringsfristen 06.10.2016.

SAK 22/16 RAPPORTERING – BUDSJETTKONTROLL OG TERTIALRAPPORTAR

Vedlegg

1. Kommunestyresak PS 97/16 Budsjettkontroll per 30.04.2016 - saksframlegg
2. Kommunestyresak PS 98/16 Finansrapport per 30.04.2016 - saksframlegg
3. Kommunestyresak PS 99/16 Tertialrapport drift per 01.05.2016 - saksframlegg
4. Kommunestyresak PS 100/16 Tertialrapport plan og prosjekt per 01.05.2016 - saksframlegg
5. Utskrift av møteprotokoll K 220616

For å sjå heile dokumenta:
http://ftp.ssikt.no/Heroy/M%C3%B8teinnkalingar%20og%20protokollar/2016/Kommunestyret/M%C3%B8teinnkalling%20K%20220616.pdf
side 129-343

Saksopplysningar
Alle budsjettkontroll og rapporteringssakene vart behandla i kommunestyret 22.06.2016. Desse er sette opp som sak i kontrollutvalet då det er viktig at kontrollutvalet er orientert.

1. PS 97/16 BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2016

Ein viser til rådmannen sine kommentarar (s.4 i saksframlegget PS97/16) der han gjer fylgjande vurdering med konklusjon:

«Det negative med rapporten er at
• utgiftene til sosialhjelp også i 2016 ser ut til å bli mykje høgare enn budsjettert
• skatteinntektene vert mest sannsynleg lavare enn budsjettet men at ein del av dette vert kompensert med høgare rammetilskott
• Renteinntektene vert lavare enn budsjettert
• Avkastninga på midlane vi har til aktiv forvaltning kan bli lavare enn budsjettert, men det er lenge igjen av året og på dette området kjem endringane raskt.
Det positive er at avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2016 slik tilfellet var i 2014 og 2015. Likevel tyder tilbakemeldingane på at områda/avdelingane samla sett får eit mindreforbruk også i 2016 trass i at dei er pålagt eit innsparingskrav.

Basert på tilbakemeldingar frå områda/avdelingane er den beste kvalifiserte prognosa eit meirforbruk på om lag 0,3 mill kr.
Det som ødelegg prognosa ovanfor er skatt/ramme, lavare avkastning på kapitalen enn budsjettert og at ein framleis har 2,1 mill kr i innsparingskrav på vakante stillingar. Postane ovanfor kan fort utgjere mellom 2,0 og 5,0 mill kr.

Konsekvensar for drift:
- Stramme driftsrammer gjer at belastninga på dei tilsette aukar. På sikt kan det resultere i meir sjukmeldingar og etter ei stund lavare kvalitet på tenestene.
Konsekvensar for økonomi:
- Økonomien er stram, men avdelingane klarer å halde rammene sine. Dei statlege overføringane minkar ved bl.a. at staten/fylkesmannen trappar ned tilskotet vi fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift (10 mill kr over 5 år).
Reduksjonen frå 2015 til 2016 er på om lag 2,0 mill kr. Dette «kuttet» gjer at Herøy kommune har lavare vekst i frie inntekter enn dei fleste andre av kommunane i Møre og Romsdal.»

Ut over dette viser ein til saksutgreiinga.

Møtebehandling: Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.
Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2016: Kommunestyret viser til sitt vedtak i K-sak 174/14 og ber om at avdelingane framleis skal vere forsiktige med vikarbruken framover og at ein minimerer andre utgifter der det er mogeleg.

2. PS 98/16 FINANSRAPPORT PER 30.04.2016

Ein viser til rådmannen sine kommentarar (s.6 i saksframlegget PS98/16) der han gjer vurdering med fylgjande konklusjon:

Kommunestyret bør vurdere om kommunen framleis skal satse på aksjemarknaden eller ikkje. Over år har desse investeringane gitt ei lita meiravkastning, men kommunen har ikkje økonomi til å bere store tap her framover.

Konsekvensar for folkehelse: Liten
Konsekvensar for beredskap: Liten
Konsekvensar for økonomi: Rådmannen er uroa over situasjonen, spesielt når det gjeld kommunen si aksjeportefølje og utviklinga i denne. Verdireduksjonen vi har vore vitne til dei siste par åra har gjort at åre driftsresultat har blitt dårlegare enn dei elles ville ha blitt.
Ut frå at kommunen ikkje lenger har særleg med fondsmidlar er plasseringane i aksje- og obligasjonsmarknaden for tida finansiert av unytta låneopptak. Det kan

i sin tur føre til at vi må selje aksjane og obligasjonane på kort varsel. Er ein uheldige med tidspunktet kan ein då måtte ta eit tap.

Vurderinga framover går på om ein skal vere eksponert i aksjemarknaden og om ja – kven skal forvalte dette.

Møtebehandling: Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.
Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2016 Saka vert teken til vitande.

3. PS 99/16 TERTIALRAPPORT DRIFT PER 01.05.2016.

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Ein viser til rådmannen sine kommentarar (s.3 i saksframlegget PS97/16) der han gjer fylgjande vurdering med konklusjon:

> I denne rapporteringa er det laga ein eigen rapport for plan og prosjekt og ein rapport for drift (vedtak og teneste). Dette er gjort for å imøtekome innspel om at tidlegare rapportar har vore for omfattande og vanskeleg tilgjengelege. Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vil då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane.

Ut over dette viser ein til saksutgreiinga.

Møtebehandling: Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.
Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2016: Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

4. PS 100/16 TERTIALRAPPORT PLAN OG PROSJEKT PER 01.05.2016

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Ein viser til rådmannen sine kommentarar (s.2 i saksframlegget PS98/16) der han gjer fylgjande vurdering med konklusjon:

> I denne rapporteringa er det laga ein eigen rapport for plan og prosjekt og ein rapport for drift (vedtak og teneste). Dette er gjort for å imøtekome innspel om at tidlegare rapportar har vore for omfattande og vanskeleg tilgjengelege.

Ut over dette viser ein til saksutgreiinga.

Møtebehandling: Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.
Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2016: Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre

Rådmannen ynskjer tilbakemelding på struktur og innhald i rapporten, jf. vurdering og konklusjon i saksutgreiinga.

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek PS 97/16 Budsjettkontroll per 30.04.2016, PS 98/16 Finansrapport per 30.04.2016, PS 99/16 Tertialrapport drift per 01.05.2016 og PS 100/16 Tertialrapport plan og prosjekt per 01.05.2016, til vitende.

SAK 23/16 MELDINGAR

Vedlegg

1. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS: *Openheitsrapport 2015*

Samrøystes vedtak

Meldinga vert teken til orientering.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Dato: 22.11.2016
Arkiv: 033&58

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet i Herøy

SAK 26/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016
Vedlegg
Dokument delt ut i kommunestyret 27.10.2016 PS 180/16 Tilsetjing av kommunalsjefar

Møteprotokollar for styrer og utval i Herøy kommune kan ein finne på heimesida til kommunen: www.heroy.kommune.no -> møtedokument
Viser óg til nettbrettområdet:
http://ftp.ssikt.no/Heroy/M%C3%B8teinnkalingar%20og%20protokollar/2016/

Møteprotokollar som er til gjennomgang (merka med feit skrift):

Kommunestyret	25.08	**29.09**	**27.10**	**24.11**			
Formannskapet	06.09	**20.09**	**04.10**	**18.10**	**01.11**	**15.11**	**22.11**
Maritim og teknisk komite	06.09	**27.09**	**25.10**	**21.11**			
Administrasjonsutvalet	-	**22.11**					
Arbeidsmiljøutvalet	05.09	**14.11**					
Eldrerådet	29.08	**26.09**	**17.10**	**14.11**			
Komite for næring, kultur og idrett	12.09	**21.11**					
Komite for helse og omsorg	15.09	**13.10**	**10.11**				
Komite for oppvekst	14.09	**19.10**	**09.11**				
Plan og byggenemnd	24.08	**14.09**					
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	29.08	**24.10**					
Ungdomsrådet	31.05						
Valnemnd	25.08	**21.10**					
Valstyret	19.05	**15.11**					
Herøy Kulturhus							
Klageutvalet	-						
SSR IKS STYRE	Sendt til leiar						
SSR IKS RE	Sendt til leiar						

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

Forslag til vedtak

Sigrid Åa Torbjørnson
Konsulent

Postadresse: 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: post@vestkontroll.no
Telefon: 70030440
Telefaks: 70030449
Mobil: 90187950
Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

Vedlegg 1 (1.1)

HERØY KOMMUNE

Dokument delt ut i kommunestyret 27.10.16.
25.10.16
Herøy kommune
Brit Berge

NOTAT

Til: Ordføraren

Frå: Rådmannen

Saksnr	Arkivkode	Dato
2016/137	030	25.10.2016

TILSETJING AV KOMMUNALSJEFAR.

Organisasjonsendringa vart godkjend i kommunestyret 29.09.16 og i samsvar med dette utlyst internt. Det har kome inn slike søknader på stillingane:

Kommunalsjef helse og omsorg: Renathe Rossi-Kaldhol og Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef oppvekst: Sølvi Lillebø Remøy
Kommunalsjef samfunnsutvikling: Jarl Martin Møller
Kommunalsjef stab: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth og Olaus-Jon Kopperstad

Då eg sjølv er søkjar, kan det stillast spørsmål ved min habilitet i tilsetjingssakene. Eg synest difor at det vil vere mest ryddig at andre gjennomfører tilsetjingane.

Slik eg ser det, kan dette gjennomførast på 2 alternative måtar:

1. Tilsetjing og gjennomføring av organisasjonsendringa vert utsett til fast rådmann er på plass.
2. Tilsetjingane vert gjort politisk og organisasjonsendringane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017

Dersom ein går for alternativ 2, bør kommunestyret delegere til formannskapet å oppnemne eit tilsetjingsutval med representantar frå dei tilsette som får fullmakt til å gjere tilsetjingane.

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Dato: 01.11.2016
Arkiv: 217

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet i Herøy

SAK 27/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019

Vedlegg
1. Overordna analyse i Herøy kommune 2016 – 2019. Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.
2. Analyse av nøkkeltal frå statistisk sentralbyrå. Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.

Saksopplysningar

Innhaldet i plan for forvaltningsrevisjon

Heimelen for forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova (koml.) § 77 nr. 4, som fastset at kontrollutvalet skal sjå til «*at det blir gjennomført systematiske vuderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon)..*», jf. tilsvarande formulering i §9 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 10 skal det «*minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunetyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.*» Det er vidare fastsatt at kommunestyret vedtek planen.

Formålet med forvaltningsrevisjon

Hensikta med forvaltningsrevisjonen er blant anna å bidra til ein betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det vert utført forvaltningsrevisjon, set ein fokus på økonomi og måloppnåing.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidreg kontrollutvalet bl.a. til:

- Å påpeike forbetringsområder som bidreg til økt produktivitet og måloppnåing i tilhøve politiske vedtak og føresetnadar.
- Å bidra med informasjon til kommunens avgjerdstakarar som er til nytte for
  - Å styrke kommunestyrets grunnlag for styring
  - Kontrollutvalets tilsyn med forvaltninga
  - Leiinga si vurdering av mogligheiter for meir sparsom/økonomisk drift, økt produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing.
  - Rasjonell, målretta og kostnadseffektiv drift.

Postadresse: 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: post@vestkontroll.no
Telefon: 70030440
Telefaks: 70030449
Mobil: 90187950
Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon

Gjennomføring

Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet sørgje for å bestille forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vedtek problemstillingar, prosjektplan og ressursar, og om det i så fall skal gjennomførast foranalyse. Bestillinga vert, som hovudregel, til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.

Rapportering

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpande til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtek spesielle føresegn for når og korleis rapporteringa skal gå føre seg, er det opp til kontrollutvalet å finne ein tenleg form og frekvens på dette. Rapport og resultat frå det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt vert då fortløpande lagt fram for kommunestyret.

Prioriteringar i denne perioden

Generelt

Overordna analyse er basert på innsamla informasjon og statistikk for kommunen, dessutan revisors erfaringar, tidlegare analyse/plan og tidlegare prosjekt. Vi viser til den overordna analysen (vedlagt saka) for nærare opplysingar. På bakgrunn av denne analysen vert det lagt opp til val av forvaltningsprosjekt basert på risiko- og viktigheit (jf. vedlegg). Eit prosjekt blir bl.a. sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. I tillegg vil dette vere prosjekt som skal fokusere på ein målretta, rasjonell og kostnadseffektiv drift. Ved ein konkret utveljing av prosjekt bør nytteverdien vurderast i tilhøve forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforminga av eit prosjekt vil kontrollutvalet avgrense temaet slik at prosjektet blir konkret og gir kontrollutvalet dei nødvendige opplysingar for deira kontroll med kommunen.

Gjennomførte forvaltningsrevisjon siste planperiode

2013: Forvaltning drift og vedlikehald bygg
2014: Spesialundervisning
2015: Økonomistyring (utføring 2016)
2016: Barnevern – tilsynsførarordninga

Prioriteringar av forvaltningsrevisjonar 2016-2019

I oversikta under er det foreslått forvaltningsrevisjonar ut frå dei opplysingane som ligg føre.

Nedanfor går det fram oversikt over aktuelle forvaltningsprosjekt som kan vere aktuelle, og som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i, når dei legg sin plan for forvaltningsrevisjon i komande periode. Oversikta kjem fram i rapporten **Overordna analyse** som er utarbeida med bakgrunn i årsmelding/årsrapportar, spørjeundersøking, rekneskap, KOSTRA, fylkesmannen sine vurderingar og revisjonen sine eigne vurderingar (ikkje prioritert rekkefølgje):

Meir informasjon finn ein i sjølve rapporten for overordna analyse som fylgjer som vedlegg.

Sentraladministrasjon Jf. del 4
- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa

Grunnskule /PPT Jf. del 5.1.1, 5.1.2, 5.3 og 5.4
- Tidleg innsats
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

Barnevernstenesta Jf. del 5.1.3, 5.3 og 5.4
- Sakshandsaming i barnevernstenesta (behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar)
- Oppfølging av born med tiltak
- Oppfølging av born ved omsorgsovertaking

Barnehagar Jf. del 5.1.4, 5.3 og 5.4.
- Tidleg innsats/samarbeid med PPT
- Samanlikning/analyse mellom offentlige og private barnehagar

Teknisk Jf. del 6
- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt)

Helse/ Pleie og Omsorg Jf. del 7
- Legedekning
- Overtid/vikarbruk
- Bruk av vikarbyrå
- Kvalitet/avviksrapportering (eining/teneste?)
- Analyse av økonomisk sosialhjelp- (utgiftsnivå/stønadsperiode osv. samanlikna med andre kommunar)

Generelt
- Overtid og vikarbruk (sektor/teneste/avdeling?
- Innkjøp/anbodsprosess (Sektor/teneste/avdeling?)

- Bruk av konsulenttenester
- KOSTRA-analyse (sektor/teneste/avdeling?)
- Sjukefråvær (sektor/teneste/avdeling?)

Det er viktig å gjere merksam på at det ikkje er mulig å utføre alle prosjekta i planperioden (maks eit prosjekt årleg), og det kan vere at det viser seg undervegs at det er viktigare å prioritere utføring av andre prosjekt enn dei som er sett opp i planen. Då bør kontrollutvalet, som tidlegare, få fullmakt til å gjere endringar.

Sekretariatet kjem ikkje med forslag til prioritering av dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta, då ein meiner dette er ei oppgåve kontrollutvalet bør gjere i møtet.

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. prosjekt i planperioden 2016 -2019 (ikkje prioritert rekkjefølgje):
   -

2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å endre prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekka inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Dato: 21.11.2016
Arkiv: 026

Kontrollutvalet i Herøy

SAK 28/16 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Vedlegg:
Forslag til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019

Saksopplysningar
Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

For vidare saksopplysning viser ein til vedlagte forslag til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019.

- **Forslag til retningsliner for gjennomføring**

Forslag til retningsliner for kontrollutvalet si gjennomføring av selskapskontroll, jf. pkt.6 i utkast til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019:

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 76/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 76/16.** Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.

5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunene sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar.
   Dersom andre enn kommunen/kommunene sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
    - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
    - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
    - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
    - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

Forslag til innstilling:
Kommunestyret vedtek plan og retningsliner for selskapskontroll 2016 - 2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

P L A N

O G

R E T N I N G S L I N E R

F O R

S E L S K A P S K O N T R O L L

2016 - 2019

HERØY K O M M U N E

INNHALDSLISTE

1. INNLEIING 3

2. LOVVERK 3
└> Heimel for selskapskontroll
Selskapskontroll 3
Innsynsrett 3

3. SELSKAPSKONTROLL 4
Eigarskapsstyring 4
Eigarskapskontroll 5
Forvaltningsrevisjon 5
Undersøkingar 5

4. ORGANISASJONSFORMER FOR KOMMUNALE VERKSEMDER 6

5. EIGARSKAP- KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP
Kommunestyresak **PS 76/16** Rutine for eigarskapsstyring 9

6. KONTROLLUTVALET SI GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING AV SELSKAPSKONTROLL 12
Gjennomføring – retningsliner 13
Rapportering 13
Oppfølging 13

1. INNLEIING

Kommunane organiserer i stadig aukande grad den kommunale verksemda i fristilte organisasjonsmodellar utanfor den ordinære kommunale forvaltninga.

Dette kan vere for å:

- effektivisere av drifta
- få klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (t.d. å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte lokal initiativ.

Denne meir komplekse organiseringa av kommunal verksemd ligg utanfor kommunestyret si direkte styring og administrasjonssjefen sitt internkontrollansvar.
Dette kan gi utfordringar for styring, og reiser spørsmål knytt til kontroll og tilsyn.

Eit viktig verkemiddel for å sikre demokratisk styring og kontroll av selskapa/samarbeida kommunen har eigarskap i, er selskapskontroll. Dette er ei av oppgåvene som er pålagt kontrollutvalet.

2. LOVVERK

Internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar er regulert i lov og forskrifter:

- **Lov om kommunar og fylkeskommunar**.
- **Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.**
- **Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.**

Lov og forskrifter inneheld reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

♦ Selskapskontroll

Heimel for selskapskontroll finn ein i

- **Lov om kommuner og fylkeskommuner** (kommunelova, koml) kapittel 12
  └> **§ 77 nr 5**, som fastset at «*kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*»

- **Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner** (kontrollutvalsforskrifta)
  └> **§ 13 første lekk** med tilsvarande formulering som koml §77 nr.5.
  Etter **§ 13 andre lekk** skal det «*..minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.*»
  Kommunestyret vedtek planen, jf. **§13, andre lekk**.

Kontrollutvalsforskrifta § 13 må sjåast i samanheng med koml §80.

♦ Innsynsrett

Kommunelova § 80 regulerer innsynsretten til kontrollutvalet og til utførar av selskapskontrollen i interkommunale selskap og styre etter § 27 i koml. og i aksjeselskap der ei

kommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.
Utførar av selskapskontrollen kan vere ein annan vald aktør enn revisor. Jf. Forskrift om kontrollutval § 13. 3. 3. lekk.

§ 80 slår fast at kontrollutval og revisor (den som utfører kontrollen, jf. forskr. § 13. 3. lekk) har rett til å krevje opplysningar som er nødvendig for å utøve kontroll. Kommunestyret kan regulere omfanget av kontrollutvalet og revisor sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapet. Mellom anna ved å fastsette kva dokument som skal til kontrollutval og revisor.

Kontrollutvalet og revisor (den som utøver selskapskontroll på vegne av kontrollutvalet) har rett til å vere tilstade i **generalforsamling, representantskap** og andre **tilsvarande organ.-** Det er óg heimla i lov at kontrollutvalet og revisor, **skal ha varsel** når det skal vere møte.

Det er viktig at kontrollutvalet tek stilling til om dei vil nytte seg av møteretten slik dei held seg orientert om selskapa og som eit ledd i sin kontroll.

I prinsippet kan ein gjennomføre selskapskontroll i alle organisasjonsformer.
Omfanget vert regulert av eigarforholdet. Sjå pkt. 4 Organisasjonsformer.
Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet (og/eller revisor) er knytt til

- interkommunale styrer etter koml §27 og interkommunale selskap (IKS-lova)
- heileigde kommunale selskap
- dotterselskap av desse

3. SELSKAPSKONTROLL

EIGARSKAPSSTYRING
Korleis kommunestyret forvaltar eigarskapane sine er viktig for å sikre god kvalitet på tenester og god forvaltning av dei kommunale verdiane.

For å sikre tilstrekkeleg demokratisk styring og kontroll med eigarskapane, er det ein føresetnad at kommunen utarbeider overordna system og retningsliner for utøving av eigarstyringa. Dette kan mellom anna vere rutinar for rapportering, evaluering og oppfølging av eigarskapane. Det er viktig at kommunen er tydeleg på kva *strategi og målsetting* den har for dei ulike selskapa dei eig i. (Sjå pkt.5 side 9. EIGARSKAPSSTYRING - KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP)

Kontrollutvalet skal (som heimla i lov) sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap der kommunen har eigarinteresser, dvs. selskapskontroll.

Selskapskontroll er eit verkty for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser er i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Samt er i samsvar med aktuelle lover og reglar. (Sjå figur 1)

Selskapskontroll kan ein dele inn i:

- eigarskapskontroll
- forvaltningsrevisjon
- undersøkingar

Ein selskapskontroll vil ofte kombinere element frå eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon/undersøking. *Formål, problemstillingar* og *metodisk tilnærming* er det som primært skil dei ulike undersøkingane frå kvarandre.

- EIGARSKAPSKONTROLL

I selskapskontroll er eigarskapskontroll obligatorisk. Den kan utførast av alle som har nødvendig kompetanse og er uavhengige.
Her fokuserer ein på *korleis kommunen utøver eigarstyring*, som t.d. i kva grad kommunen utøver kontroll med selskapa i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

Tydeleg s*trategi og målsetting* kommunen har for dei ulike selskapa dei eig i, er ein føresetnad for at kontrollutvalet kan gjennomføre eigarskapskontroll. Difor er utgangspunktet for eigarskapskontrollar å undersøke om kommunen *har* etablert konkrete føremål eller føringar for eigarskapane, i form av eigarskapsstrategi og/eller eigarskapsmelding. (Sjå kommunestyresak **PS 76/16** Rutine for eigarskapsstyring).

I ein eigarskapskontroll kontrollerer ein mellom anna om den som representerer kommunen sine interesser i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ, treff avgjersler som samsvarar med lovverk samt med kommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltning av eigarinteressene.

- FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er valfri. Den er pr. definisjon revisjon og må difor utførast av revisor.

Det vil vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon dersom t.d. funn i den obligatoriske eigarskapskontrollen, gjer at kontrollutvalet meiner det er behov for nærare undersøkingar. (Politiske vedtak og/eller føringar samt tips kan óg føre til at ein gjennomfører ein forvaltningsrevisjon).
Forvaltningsrevisjon fokuserer på aktivitet og resultat i selskapet med systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

For å kunne gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i eit selskap, kan kontrollutvalet nytte sin rett til innsyn i selskapet anten ved heimel i lov eller ved samtykke.

- UNDERSØKINGAR

Undersøkingar som ikkje fyl formelle kriterium for revisjon, vert óg nytta som ein del av selskapskontroll. Desse er valfri.
Det kan vere aktuelt dersom det er behov for å sjå på tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon. Dette er kontroll av beskrivande karakter som ikkje fordjupar seg slik ein forvaltningsrevisjon gjer. Til dømes der ein i kombinasjon med eigarskapskontroll, gjer undersøkingar som i tillegg til å sjå på eigarskapsforvaltning, ser på delar av sjølve drifta i selskapet. T.d. samanlikning av korleis har utviklinga av gebyr vore i det aktuelle selskapet samanlikna med tilsvarande andre selskap eller etter nasjonal norm?

For å kunne gjennomføre ei undersøking i eit selskap, kan kontrollutvalet nytte sin rett til innsyn i selskapet anten ved heimel i lov eller ved samtykke.

Figur 1: Lovheimlar og undersøkingsformer i omgrepet selskapskontroll

• Kommunelova └> §77 nr. 5 └> §80 • Kontrollutvalsforskrift └> §13	OBLIGATORISK EIGARSKAPSKONTROLL: Kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap. DØME PÅ PROBLEMSTILLING: I kva grad utøver kommunen kontroll med selskapa i tråd med etablerte normer og vedtak for god eigarstyring og selskapsleiing.
	VALFRI FORVALTNINGSREVISJON: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. DØME PÅ PROBLEMSTILLINGAR: I kva grad viser nøkkeltala ei forsvarleg økonomisk drift? I kva grad etterlever selskapet regelverket for offentlege anskaffingar?
	VALFRI UNDERSØKING: Undersøkingar av meir beskrivande karakter utan formelle kriterium for revisjon. Komplementerar ofte eigarskapskontroll. DØME PÅ PROBLEMSTILLING: Korleis har uviklinga av gebyr vore i det aktuelle selskapet samanlikna med tilsvarande i andre selskap?

4. ORGANISASJONSFORMER FOR KOMMUNALE VERKSEMDER

1. Kommunale føretak.

Er eit forvaltningsorgan.
Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde vert organisert som eit kommunalt føretak.
Foretaket er framleis ein del av kommunen.

- LOVHEIMEL: koml. kap 11.
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml.§ 77.

2. **Interkommunalt samarbeid.**
Er eit forvaltningsorgan.
To eller fleire kommunar samarbeider om felles oppgåver, og opprettar eit styre for samarbeidet.
- LOVHEIMEL: Koml. § 27
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter koml.§§ 77 og 80.

3. **Interkommunalt samarbeid** - eige rettssubjekt.
To eller fleire kommunar samarbeider om felles oppgåver, og opprettar eit styre for samarbeidet.
Fullmaktene til styret vert gitt i samarbeidsavtale/vedtekter.
- LOVHEIMEL: Koml. § 27 - Eige rettssubjekt dvs. selskapet utøver eigaransvaret.
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.).
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml. 80. (Jf.også § 77 - vertskommunen.)

4. **Vertskommunesamarbeid.**
Er eit forvaltningsorgan.
Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune.
- LOVHEIMEL: Koml. §§ 28-1a, 28-1b og 28-1c.
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml.§ 77 (vertskommunen).

5. **Interkommunalt selskap (IKS)** - eige rettssubjekt.
Eit IKS er eit selskap der berre kommuner kan vere med. Det er rettsleg og økonomisk skilt frå deltakarkommunane som eige rettssubjekt.
- LOVHEIMEL: Lov om interkommunale selskaper (intkomsel.)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: representantskapet
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.).
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml.§ 80.

6. **Aksjeselskap (AS)** - eige rettssubjekt.
Heileigd av kommunale aktørar.
- LOVHEIMEL: Lov om aksjeselskaper (Aksjeloven – asl.)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: generalforsamling
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.).
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml.§ 80.

7. **Aksjeselskap (AS) og Allmennaksjeselskap (ASA)** - eige rettssubjekt.
Deleigd av kommunale aktørar.
- LOVHEIMEL: Lov om aksjeselskaper og Lov om allmennaksjeselskaper
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: generalforsamling
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.) etter samtykke.
- INNSYNSRETT: Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. **Samvirkeforetak (SA)** - eige rettssubjekt.
   Samvirkeføretaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemane. Dette ved at desse tek del i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

- LOVHEIMEL: Lov om samvirkeforetak (Samvirkelova)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: medlemane -> EIGARORGAN: årsmøtet
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.) etter samtykke.
- INNSYNSRETT: Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. **Stifting** - eige rettssubjekt.
   Med stifting er det forstått at ein formueverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formueverdien som er overført til stiftinga. Eit vedtak som er gjort av styret i stiftinga kan ikkje endrast av eit kommunalt organ.

- LOVHEIMEL: Lov om stiftelser (Stiftelsesloven – stiftl.)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: Ingen,- er sjølveigande. -> EIGARORGAN: styret
- KONTROLL/TILSYN: Ingen om ikkje anna er avtala.
- INNSYNSRETT: Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

└> Val av organisasjonsform

Kommunen bør ta utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet med selskapsetableringa for val av organisasjonsform. Sidan organisasjonsform gir konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa, er dette viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Stiftingsforma er den organisasjonsforma kommunestyret og kontrollutvalet bør vere spesielt merksame på, grunna av det avgrensa høvet til kontroll og tilsyn. (Kontrollutvalsboka)

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap, og då om kontroll- og tilsynskonsekvensane er vurdert.

Kommunestyret har i sak **PS 76/16** vedteke **Rutine for eigarskapsstyring**.
I høve val av organisasjonsform heiter det i pkt. 1.2:

«Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsform, og gir denne selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?»

Og vidare om krav til innsyn i pkt. 1.4:

«I IKS, selskap etter § 27 og i heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.
Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf koml. § 77, 5. lekk. Slik innsynsrett skal normalt krevjast. Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.»

Selskapskontroll kan illustrerast som i figur 2 under.



Figur 2: Modell for selskapskontroll

5. EIGARSKAP - KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP

Kommunestyret har i sak **PS 76/16** vedteke **Rutine for eigarskapsstyring:**

«1. Kommunestyret godkjenner «Rutine for eigarskapsstyring»

2. Ordføraren får delegert fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. Ordføraren/varaordføraren får fullmakt til å oppnemne andre frå formannskapet dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra frå å møte. Formannskapet får fullmakt til oppnemne representant utanfor formannskapet»

Rutine for eigarskapsstyring

1. Etablering av selskap og nye engasjement.

Bakgrunnen for at kommunen engasjerer seg som eigar i eit selskap skal gå fram av etableringsvedtaket.

1.1. Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskapet/engasjementet

Det skal gå klart fram kva formål og strategi kommunen har for oppretting av selskapet, og om formålet kan oppfyllast innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

1.2. Val av selskapsform

Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsforma, og gir selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?

Selskap som driv konkurranseutsett verksemd i tillegg til monopolverksemd, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

1.3. Finansiering / eigenkapital til oppretting av selskapet

Kommunen skal budsjettere med midlar til eigenkapital / tilskot til opprettinga. Om behov skal det også budsjetterast med ytterlegare tilskot i økonomiplanperioden.
Kostnads- og ansvarsfordeling mellom eigarane skal definerast.

1.4. Krav om innsyn

I IKS, selskap etter § 27 i koml. og heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.
Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.
Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringstøtte og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevjast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter

Ved endringar i vedtekter eller eigarstruktur i selskap der kommunen er inne som eigar, skal ein spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

2.1. Strategi for vidare eigarskap

Det skal vurderast om selskapet framleis oppfyller formålet som ligg til grunn for eigarskapet/engasjementet.

2.2. Økonomisk utvikling

Følgjande forhold skal spesielt vurderast:

- Er innskoten kapital i behald?
- Er det naudsynt med utviding av eigenkapitalen og eventuelt innskot av ny eigenkapital?
- Er drifta økonomisk forsvarleg, og i samsvar med regelverket?
- Representerer dagens drift ein økonomisk risiko for eigarane?
- Gjev den økonomiske analysen etter analysemodellen grunn til særskilt oppfølging, og er trenden i utviklinga positiv / negativ?
- Er tidlegare merknader vedkomande drifta følgd opp?

Ved endring av drifta bør ein som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

2.3. Kommunen sin representasjon i eigarorgan

Er kommunen representert i forhold til eigardel eller selskapsavtale? Har kommunen vore representert på generalforsamling eller representantskap? Er det behov for å endre kommunen sin representasjon?

2.4. Generalforsamling og representantskap

Gjev årsrekneskap, årsmelding eller andre saker på generalforsamlinga eller representantskapet grunnlag for å skifte ut eller gjere endringar i styret?
Er forslag til vedtektsendringar i samsvar med lov og kommunen sine politiske vedtak?
Vert det gitt tilbakemelding til kommunestyret frå generalforsamlinga eller representantskapet?

2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement

Er kommunen sikra rett til innsyn i selskapet i medhald av koml. § 77, 5. ledd? Er det ønskeleg med eit utvida rett til innsyn?
Er det kravd og gjennomført innsyn i selskapet, og er eventuelle avvik i rapportar følgd opp?

Gjev utført administrativ oppfølgjing, jf pkt 3, grunn til å vurdere kommunen sitt eigarskap i selskapet?

3. Oppfølging av selskapa

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskapa som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen som eigar i selskapet og kva føremålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årleg kontroll. Utgangspunktet for kontrollen er å følgje opp økonomisk utvikling og strategi med eigarskapet.

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Kommunestyret kan pålegge kontrollutvalet å utføre ytterlegare kontroll.

3.1. Generell rapportering

Generell rapportering skal leggast fram for kommunestyret kvart år. Den årlege kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen utføre vidare kontrollar, jfr punkt 3.2.

I rapporteringa skal det leggast fram liste over alle selskapa som kommunen har eigardel i,
Det vert foretatt ei administrativ vurdering av kva selskap som vert analysert med oppfølgjingsmodellen, jfr vedlegg. Selskap av liten verdi eller med liten risiko inngår normalt ikkje i denne analysen.

Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på årsmelding og årsrekneskap frå offentleg tilgjengleg rapportering. Dersom det gjennom analysen kjem fram særskilde avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen.

3.2 Enkeltrapportering

Kommunestyret kan på bakgrunn av rapporteringa i punkt 3.1, be om at det vert gjennomført eigen utvida rapport for eit enkelt selskap.

4. Representasjon i styre og generalforsamling/representantskap

Generelt:
Ved innstilling av representantar bør det vurderast om det er eit kommersielt selskap eller eit selskap med eit ideelt eller politisk formål. KS rår til at ordførar eller rådmann ikkje bør vere medlem av styre. Vidare vert det anbefalt at styremedlemmar i morselskap ikkje bør sitje i styre til dotterselskap.
For å skilje dei ulike rollene bør ein unngå at same person møter i både styret og eigarorganet (generalforsamling og representantskapet).

Styremedlemmar:
Styremedlemmar vert valt av generalforsamling eller representantskapet. KS anbefalar bruk av valnemnd ved val av styremedlemmar.

Følgjande kriterium bør vektleggast ved val av styremedlemmar:

a) kva kompetanse treng selskapet
b) kva erfaring er viktig å få inn i styret
c) tid/kapasitet til å utføre styrevervet
d) mangfald og kjønnsfordeling
e) habilitet

Folkevalde bør registrere alle styreverv i Styrevervregisteret.

Representasjon i generalforsamling/representantskap
KS har i "anbefaling om eigarskap" anbefalt at komunestyret oppnemner sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i generalforsamling/representantskapsmøte.
Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorgan vil bidra til å forenkle samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet.

Ved val av eigarrepresentantar bør ein vurdere om ein fast folkevald (t.d ordførar) gjennomgåande skal vere kommunen sin representant.

5. Opplæring og oppfølging

5.1 Opplæring

Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, skal få tilbod om opplæring i starten av ny kommunestyreperiode. I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:

- informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
- la representanten få innsikt i kva ansvar han/ho kan pådra seg

- orientere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og styreverv der ein har ansvar overfor generalforsamlinga/representantskapet og selskapet
- informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre
- få generell opplæring i styrearbeid

Denne opplæringa kan med fordel gjennomførast felles for fleire kommunar.

5.2. Oppfølging

Representantane kan be kommuneadministrasjonen om å få utlevert offentleg dokumentasjon som kommunen har om

- formålet med kommunen sitt engasjement i selskapet
- eventuelle strategiar for eigarskapet
- vedtak i kommunen om forhold som gjeld selskapet
- økonomiske vurderingar som administrasjonen har gjort mot selskapet
- anna relevant informasjon som kan vere viktig for representanten for å kunne utøve vervet

Dei valde representantane skal gjerast kjende med at dei kan nytte den kommunale administrasjonen som støttespelar i utøvinga av vervet dei er valde til å ivareta.

6. Løpande dialog med eigarrepresentantane

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling, skal representere kommunen og følgje dei vedtaka som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesiell sak som skal til behandling i selskapet
- generelle føringar som gjeld selskapet eller som framgår av grunngjevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- generelle retningsliner i kommunen sin eigarskapspolitikk.

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om:

- saker til handsaming skal drøftast med kommunen på førehand.
- saker som gjeld vedtektsendring, bør leggast fram for kommunen på førehand.
- opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporterast eller vurderast av kommunen,
- ein ynskjer å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling/representantskap.

6. KONTROLLUTVALET SI GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING AV SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll er avhengig av korleis kommunestyresak **PS 76/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt opp frå administrativt og politisk hald i kommunen.

Gjennomføring - retningsliner

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 76/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 76/16.** Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.

4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunene sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar.
   Dersom andre enn kommunen/kommunene sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
    - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
    - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
    - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
    - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

Rapportering
I forskrift om kontrollutval i kommuner og fylkeskommuner § 15 går det fram korleis rapportering etter gjennomført selskapskontroll skal gjerast.
Rapportering av selskapskontroll skal vere tilpassa omfanget av kontrollen. Etter gjennomført selskapskontroll skal utførar sende rapporten til kontrollutvalet via sekretariatet. Sekretariatet skal sjå til at det er samsvar mellom bestilling og utføring av selskapskontrollen.
Selskap som vert kontrollert samt den som utøver eigarfunksjon for kommunen, skal få høve til å uttale seg om innhaldet i rapporten. Eventuelle kommentarar til rapporten frå desse skal gå fram av den endelege rapporten. Rapporten skal leggast fram for administrasjonssjefen for uttale før den etter behandling i kontrollutvalet vert sendt til kommunestyret.
Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den til kommunestyret. Om selskapskontrollen er gjort av revisor, pliktar revisor å møte i kommunestyret under behandlinga av rapporten, jf forskrift om revisjon §19.
Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging
Kontrollutvalet kan, om dei finn det nødvendig, foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring.
Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak vert følgde opp.

Åram 21. november 2016

VEST KONTROLL

Jostein Støylen
Dagleg leiar / Cand. mag./kommunalkandidat

EIGARANDEL SELSKAP SØRE SUNNMØRE

Ajourført pr 21 11.2016

ES (eigarskap) Aksjekapital der det er aktuelt elles merka med X for eigar/medlemskap

Prosent - % Prosent eigardel/aksjar der slike oppoysningar ligg føre

Merka med raudt er opplysningar ein har pr 31 12 2015 eller seinare
Merka med svart er frå tidlegare opplysningar

Selskap	Sum	Hareid		Herøy		Sande		Ulstein		Vanylven		Volda		Ørsta		
		ES	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	
1 Kommunale føretak																
Ulstein Eigedomsselskap KF	100 %							x	100 %							
Sande næringsforum	100 %															
2 Interkommunalt samarb. KL §27																
IK veterinærvakt		X	25 %	X				X	37,50 %							
PP-teneste for Ulstein og Hareid		X	40 %					X	60 %							
IK kveldslegevakt	?	X						X								
PP-teneste for Volda og Ørsta												x		x		
3 Interkommunalt samarb. KL §27. Eige rettssubj.																
Vest kontroll	78 %	x	11,11 %	x	11,11 %	x	11,11 %	x	11,11 %	x	11,11 %	x	11,11 %	x	11,12 %	I tillegg Selje og Vågsøy
4 Vertskommunesamarbeid §28a, 28b og 28c																
Sunnmøre innkjøpssamarbeid				x						x		x				
Interkommunal gjeldsrådgivning		x		X						x						
Sunnmøre krisesenter		X	3,62 %	X						x		x				
Interkommunalt legevaktsamarbeid, natt §28b		X	15,78 %	X		X		534389				X		x		
Interkommunal jordmorteneste		X	21,43 %	X												
PPT Sande og Vanylven						x				x						
Hamna dagsenter Volda - Ørsta												x		x		
IK barnevern Søre Sunnmøre		X						x				x		x		
SSIKT - Søre Sunnmøre IKT		x		x		x		x		x		x		x		
Søre Sunnmøre landbrukskontor		x		x				x								
5 Interkommunale selskap																
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	100 %		14,29 %	X	14,29 %	X	14,28 %	x	14,29 %	X	14,28 %	X	14,29 %	-	14,29 %	
Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS			20,71 %	X	36,16 %	X	10,72 %	x	32,41 %							
Sunnmøre regionråd IKS		x		x	5,88	x		x		x		x		x		
Interkommunale Arkiv for M&R IKS				X	2,51 %					x		x				
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS	100 %												50 %	-	50 %	
Åkenes/Tafjord Beredskap IKS														297500	5,40 %	
6 Aksjeselskap - heileigd av kommunar																
Fiskåholmen AS	100 %									2.020.000	100 %					
Vanylven Industriutleigebygg AS	100 %									600.000						Under fusjon med Vanylven Eigedom AS
Ulshav AS	100 %							100000	100 %							
Vanylven Eigedom AS	100 %									100.000	100 %					Under fusjon
Vanylven Eigedom AS	100 %									5336600	100 %					
AV-Senteret AS - eig Norsk Nettskole AS	100 %					26000	18,57 %			28000	20 %	50000	35,72 %			
Hareid parkeringsselskap AS	100 %	30000	100 %													
7 AS/ASA deleigd av kommunal/kommunale aktørar																
Tussa Kraft AS		47193000	6,80 %	5619464	16,90 %	280000	0,90 %	22067260	2,94 %	1970000	16,17 %	77042880	6,50 %	78842880	34,83 %	
Sunnmøre Golf AS		750000	34,99 %					300000								
Hareid trafikkterminal AS		440000	36,67 %													

Hareid fastlandsamband AS		84100	1,11 %	104000	1,40 %	35000	?	100000	1,30 %	50000	20 %	45806		20000	0,50 %
Muritunet AS		70000	0,49 %	130000	0,90 %	50000	?	140000	1 %	30000	0,77 %	40000	?	35000	2,44 %
Ørsta Idrettspartk AS															
Rovdefjordsambandet AS		10000	0,44 %	20000	1,10 %	200000	?	50000	2,20 %	1.800.000	13,23 %	300000	0,45 %	10000	0,36 %
Nordøyvegen AS		2000	0,03 %	500	0,00 %	2000									
Dag og tid AS		500	0,17 %									1900			
Sunnmørsbadet AS	71,42 %			4570000	54,40 %										
Runde miljøbygg AS	22,7 %			1501000	6,80%										
Fosnavåg konserthus AS	50,0 %			8005000	52,80 %										
Sande fastlandssamband				20000	1,50 %	925000		25000	1,40 %	800000	19,94 %				
Høddvollhuset A/L								10000	14,40 %						
Hødd Nordvest AS								10000							
Furene AS		955823	2,12 %	187981	2,10 %	6750	2,10 %	15000	5,30 %	13500	4,77 %	31500		10000	4 %
Ålesund kunnskapspark AS								101500	1,20 %						
Nordvest Maritim								1000							
Høddvoll Stadion AS								8450000	74,20 %						
Ulstein kultur og konferansesenter AS								9000000	50 %						
Bilservice AS								12000000							
Øye Vassverk AL														3500	
Vanylven Utvikling AS										140000	37,74 %				
Reisemål Stryn og Nordfjord AS										10780	2,38 %				
Combisenteret AS										70000	70,00 %				
Vanylven Industriutleigebygg AS										400000	66,67 %				
Volda skisenter AS												203000			
Fefast AS												30632		100000	
Bygderadio Vest AS												35823		5000	9,71 %
Ørsta idrettspark eigedom AS														4056000	66,40 %
Storfjordsambandet ASA														1000	
Ørsta skisenter AS														1000000	30,90 %
Voldsfjordkryssing AS												300000	33 %		
Lean Akademiet AS - nedlagt 11.12.12															
Norske skogsindustrier ASA												2038		1000	0,07 %
Sunnmøre kulturnæringshage AS												60210			
Breiband for alle AS						50000									
Fjord Norge AS						5000									
Kystvegen Måløy - Florø AS		10000		150000	1,10 %	10000				15000	1,12 %				
8 Samvirkeforetak															
Biblioteksentralen		900				600				600				2400	

9 Stifting

Stiftelsar er sjølveigande institusjonar, og der kommunane har gått inn med stiftelsesapital, er kapiten "tapt" i henhold til kommunerekneskapen.
Stiftelsen sitt styre er ansvarleg for stiftelsens drift.

Stiftinga Maritime Nordvest				1000											

10 Lutlag (L/L)

I dei tilfelle kommunane er involvert i lutlag (L/L) må laget syte for omdanning til anten aksjeselskap eller samvirkeselskap.

L/L Hjørungavåg vassverk		33900													
Høydal Vassverk LL												6000			
LL Dalsbygd Vassverk												12720			
LL Dalsbygd Kloakklag												160000			

Det Norske Teateret LL												1000	1000	0,02 %
Tussa Kraft LL												1800000		

Ukjent organisering av flg. selskaps-/ samarbeidstilhøve														
Moltustranda Vassverk SA				3600										
Stemmedalen Vassverk SA				268200										
Herøy Vasslag SA				353350										
Leikanger Grendahus				50000										
Moltustranda Grendahus				439000										
Syvde Vassverk									25000					
Knardal og Årskog Vassverk									5000					
Folkestad Vassverk BA												7500		

Støttesenter incest og seksuell overgrep M&R									x			x		
Øye Vassverk													3000	
IAU Sunnmøre, beredskap for akutt forurensing												x		
Arbeidsgivarkontroll Sunnmøre												x		
Administrativ samhandlingsgruppe Sunnmøre									x			x		
Kompetanseløft Barnevern Sunnmøre												x		
IKT-samarbed Ørsta-Volda												x	x	
Nattlegevakt for Søre Sunnmøre		x	x				x					x	x	
Landbruks- og skogbrukstenesta for Ørsta/Volda												x	x	
Nav-tenesta for Ørsta og Volda												x		
Veterinærtenesta for Ørsta og Volda												x		
Norsk Skjernaforlag													500	
Urke Vassverk													13000	
Driftsass. Vann og avløp i M og R									x					
IUA for Sunnmøre									x					
Samarbeid om energi og klimaplaner på Sunnmøre									x					
Kompetanseløft Barnevern Sunnmøre									x					
LUK på Søre Sunnmøre									x					
Sjustjerna oppvekstsamarbeid									x					

Dato: 23.11.2016
Arkiv: 030&18

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet i Herøy

SAK 29/16 ORGANISASJONSENDRING – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN

Vedlegg
Utskrift frå saksframlegg PS 114/16, kommunestyremøte 29.09.2016.

Saksopplysning
Kommunestyret handsama 29.09.2016 PS 144/16 Organisasjonsendring, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:
«Kommunestyret har ikkje merknad til endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen. Kommunestyret bed om at eit kommunalt eigedomsselskap vert komiteutgreia.»

I saksutgreiinga til rådmannen (sjå vedlegg) heiter det mellom anna:
I K-sak 192/15 vart det gjort slikt vedtak i pkt 10: «Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vert leiarutviklingsprogrammet vidareført. Kommunestyret vil også gjennomføre Kommunekompasset. Det vert søkt KS om OU- midlar til dekning av kostnadene.»

Rådmannen samanfattar i saksutgreiinga (s.3) målsettinga for omorganiseringa slik:
- Organisasjonsendringa skal føre til sterkare koordinering av tenestene og ressursane på tvers i organisasjonen og ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei administrative ressursane, personalressursane og andre ressursar.
- Rådmannen si leiargruppe er for stor til å arbeide strategisk.

Tidsfrist: Utgangspunktet er at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017.

For vidare saksutgreiing med den politiske bestillinga og grunnlaget for å sette i gang prosessen med sikte på endring i organisering, viser ein til saksutgreiinga til PS 114/16 (vedlegg)

I rådmannen si saksutgreiing (s.4) vert det vist til konklusjonen frå styringsgruppa der det heiter:
Styringsgruppa for organisasjonsendring konkludert i møte 08.08.2016 i forhold til overordna organisering. Styringsgruppa sin konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa. Konklusjonen er at ein går over til ein kommunalsjefmodell med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Postadresse: , 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: post@vestkontroll.no
Telefon: 70030440
Telefaks: 70030449
Mobil: 90187950
Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, ,Vågsøy, Ørsta

- Helse og omsorg:

Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, Buhab og Barn, familie og helse.

- Oppvekst:

Omfattar dagens avdelingar for skule og barnehage.

- Samfunnsutvikling:

Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

- Stab:

Omfattar dagens avdelingar for

- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT • Servicetorg
- Eigedom

Til slutt i saksutgreiinga (s.4) kjem rådmanen med følgjande vurdering og konklusjon: Rådmannen legg med dette fram hovudlinene i endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen. Konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa Endringane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Tilsetting i kommunalsjefstillingane vil skje etter intern utlysing. Personkabalen vil mellom anna også vere avhengig av avklaring i forhold til rådmannsstillinga.

Når kommunalsjefane er på plass, vil strukturen under kommunalsjefane stå for tur. Her må ein også involvere tillitsvalde og verneombod. I denne prosessen må ein sikre at ein når målet med organisasjonsendringa utan at det som fungerer godt i dagens struktur, skal verte øydelagt.

Det er grunn til å understreke at dette er endring av hovudstrukturen. Administrasjonen må løpande vurdere om det må gjerast justeringar slik at organisasjonen til ei kvar tid er best mogleg tilpassa dei oppgåvene ein skal løyse.

Konsekvensar for drift: Rådmannen har ein klar ambisjon om at organisasjonsendringa skal gje ein effektiviseringsgevinst på sikt.

Rådmannen vil orientere kontrollutvalet om endringsprosessen i organisasjonen og status for denne. (jf. vedtak pkt.2 i kontrollutvalssak 19/16)

Forslag til vedtak

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Sigrid Åa. Torbjørnson
Konsulent

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/137
		Arkiv:	030

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/16	Arbeidsmiljøutvalet	05.09.2016
192/16	Formannskapet	20.09.2016
144/16	Kommunestyret	29.09.2016

ORGANISASJONSENDRING.

Tilråding:

Kommunestyret har ikkje merknad til endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde
- Hovudvernombod

Vedlegg:

- Prosessnotat
- Oppnemning av arbeidsgrupper

Saksopplysningar:

I K-sak 192/15 vart det gjort slikt vedtak i pkt 10:

«Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vert leiarutviklingsprogrammet vidareført. Kommunestyret vil også gjennomføre Kommunekompasset. Det vert søkt KS om OU- midlar til dekning av kostnadene.»

Eg tek med frå saksutgreiinga side 15::

«Kommunen endra organisasjonsstrukturen i 2002/2003. Det vart då etablert servicetorg, stab/støtteavdelingar og tenesteavdelingane vart flata ut. Det var på dette tidspunktet nødvendig å bryte opp organisasjonen m.a. for å gje publikum betre service, samle stab/støttefunksjonane og for å kome tettare på dei ulike tenesteområda.

Tidene endrar seg. I dag er utfordringa at tenestene er for oppsplitta og det er for tette skott mellom avdelingane. Det er behov for ei sterkare koordinering av tenestene på tvers av avdelingsgrensene for å få til ei effektiv utnytting av dei administrative ressursane og tenesteressursane. Dette er bakgrunnen for at utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga vert slått saman til ei avdeling frå 01.01.2016. NAV og Barn, familie og helse vert også slått saman frå 01.01.2016.

Prosessen med organisasjonsendring bør halde fram med sikte på at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017. Dette arbeidet skal skje i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og rettane til dei tilsette må sikrast i prosessen.

Utfordringar:

- *Rigge kommuneorganisasjonen slik at den til ei kvar tid er best mogleg rusta til å løyse oppgåvene.»*

Vidare tek eg med frå side 18:

***«Driftsutgiftene** er barberte ned til eit minimum. Det ser ut til å vere lite å hente dersom ein ikkje går på lønsutgiftene. Kommunen ser ut til å ha ein for høg bemanning i forhold til inntektene, og det ser ikkje ut som det er mogleg å få balanse mellom utgifter og inntekter utan at det vert gjennomført ein **reduksjon i lønsutgiftene/ nedbemanning**. Ei slik nedbemanning bør i hovudsak skje ved naturleg avgang.*

For at ei slik nedbemanning skal kunne skje med minst mogleg konsekvensar for tenesteytinga, må personalressursane utnyttast meir fleksibelt og effektivt. Eg vil difor rå til at det vert gjennomført ***organisatoriske endringar*** *i 2016 med samanslåing av tenesteområde slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. Slike endringar kan vere krevjande, og eg rår til at det parallelt vert arbeidd med kompetanseutvikling, spesielt leiarutvikling og organisasjonsutvikling.»*

Dette er den politiske bestillinga og grunnlaget for å sette i gang prosessen med sikte på endring i organisering.

Mål:
Målsetjinga for omorganiseringa kan då samanfattast og formulerast slik:

- *Organisasjonsendringa skal føre til sterkare koordinering av tenestene og ressursane på tvers i organisasjonen og ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei administrative ressursane, personalressursane og andre ressursar.*
- *Rådmannen si leiargruppe er for stor til å arbeide strategisk.*

Tidsfrist:
Utgangspunktet er at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017.

Prosjektorganisering:

Prosjektleiing:
Rådmann

Styringsgruppe:
Rådmann, 2 HTV og HVO.

Arbeidsgrupper:
Det vart oppretta 4 arbeidsgrupper med representasjon frå leiing, tillitsvalde og verneombod for å utgreie fordeler og ulemper ved ulike organisasjonsmodlellar, jfr. vedlegg. Arbeidsgruppene fekk frist til 31.05.2016 til å kome med si innstilling. Deretter har innstillinga frå arbeidsgruppene vore drøfta i rådmannen si leiargruppe og i møte mellom styringsgruppa og arbeidsgruppene, jfr. Prosessnotat.

Arbeidsgruppene har gjort eit grundig arbeid gjennom eigne SWOT-analyser, innhenting av røynsler frå andre kommunar, tilsynsetatar m.m. der det har kome fram ulike synspunkt . Fordelane som har vore trekt fram ved å samle til større einingar, er m.a. at det kan verte enklare å koordinere tenester for brukaren på tvers av fagfelt (mindre «silo»/avdelingstenking). Det vert også trekt fram at det kan føre til betre kjennskap til kvarandre sitt fagfelt, og at koordinering av planarbeid, strategisk leiing og utvikling kan verte enklare med større einingar.

Når det gjeld ulempene ved større einingar, vert det gjennomgåande trekt fram at ein er redd for stor avstand mellom tenesteytinga og overordna leiing. Vidare er det peikt på at enkelte mindre tenesteområde kan «drukne» i eit fellesskap med større og meir einsarta fagfelt. Ein er også redd for at det som fungerer godt i dagens struktur, skal verte øydelagt.

Når det gjeld Utvikling, Eigedom og Kultur spesielt, har arbeidsgruppa kome til at det ikkje er føremålstenleg å slå avdelingane saman til ei avdeling med slik grunngjeving:

1. Det bør vere eit klart og tydeleg skilje mellom kommunen som eigedomsforvaltar og utbyggar på den eine sida og kommunen som offentleg myndighet knytt til byggesak, brann m.v. på den andre sida.
2. Det bør vere samanheng og grensesnitt mellom ansvarsområda i dei avdelingane som slår seg saman. Dei særlege samanhengane mellom kulturavdelinga og eigedomsavdelinga er i den samanheng vanskeleg å sjå.

Alternativa er då at Eigedom vert ståande åleine eller går inn i ei stabsavdeling (Eigedom yter i hovudsak interne tenester).

Styringsgruppa for organisasjonsendring konkludert i møte 08.08.2016 i forhold til overordna organisering. Styringsgruppa sin konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa. Konklusjonen er at ein går over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg
Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, Buhab og Barn, familie og helse.

Oppvekst
Omfattar dagens avdelingar for skule og barnehage.

Samfunnsutvikling
Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

Stab
Omfattar dagens avdelingar for

- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen legg med dette fram hovudlinene i endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen. Konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa Endringane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Tilsetting i kommunalsjefstillingane vil skje etter intern utlysing. Personkabalen vil mellom anna også vere avhengig av avklaring i forhold til rådmannsstillinga.

Når kommunalsjefane er på plass, vil strukturen under kommunalsjefane stå for tur. Her må ein også involvere tillitsvalde og verneombod. I denne prosessen må ein sikre at ein når målet med organisasjonsendringa utan at det som fungerer godt i dagens struktur, skal verte øydelagt.

Det er grunn til å understreke at dette er endring av hovudstrukturen. Administrasjonen må løpande vurdere om det må gjerast justeringar slik at organisasjonen til ei kvar tid er best mogleg tilpassa dei oppgåvene ein skal løyse.

Konsekvensar for drift:
Rådmannen har ein klar ambisjon om at organisasjonsendringa skal gje ein effektiviseringsgevinst på sikt.

Fosnavåg, 10.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

ORGANISASJONSENDRING. PROSESSNOTAT.

Mandatet:
I K-sak 192/15 Vart det gjort slikt vedtak i pkt 10:

«Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vert leiarutviklingsprogrammet vidareført. Kommunestyret vil også gjennomføre Kommunekompasset. Det vert søkt KS om OU- midlar til dekning av kostnadene.»

Eg tek med frå saksutgreiinga side 15::

«Kommunen endra organisasjonsstrukturen i 2002/2003. Det vart då etablert servicetorg, stab/støtteavdelingar og tenesteavdelingane vart flata ut. Det var på dette tidspunktet nødvendig å bryte opp organisasjonen m.a. for å gje publikum betre service, samle stab/støttefunksjonane og for å kome tettare på dei ulike tenesteområda.

Tidene endrar seg. I dag er utfordringa at tenestene er for oppsplitta og det er for tette skott mellom avdelingane. Det er behov for ei sterkare koordinering av tenestene på tvers av avdelingsgrensene for å få til ei effektiv utnytting av dei administrative ressursane og tenesteressursane. Dette er bakgrunnen for at utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga vert slått saman til ei avdeling frå 01.01.2016. NAV og Barn, familie og helse vert også slått saman frå 01.01.2016.

Prosessen med organisasjonsendring bør halde fram med sikte på at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017. Dette arbeidet skal skje i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og rettane til dei tilsette må sikrast i prosessen.

Utfordringar:
- *Rigge kommuneorganisasjonen slik at den til ei kvar tid er best mogleg rusta til å løyse oppgåvene.»*

Vidare tek eg med frå side 18:

*«**Driftsutgiftene** er barberte ned til eit minimum. Det ser ut til å vere lite å hente dersom ein ikkje går på lønsutgiftene. Kommunen ser ut til å ha ein for høg bemanning i forhold til inntektene, og det ser ikkje ut som det er mogleg å få balanse mellom utgifter og inntekter utan at det vert gjennomført ein **reduksjon i lønsutgiftene/ nedbemanning**. Ei slik nedbemanning bør i hovudsak skje ved naturleg avgang.*

*For at ei slik nedbemanning skal kunne skje med minst mogleg konsekvensar for tenesteytinga, må personalressursane utnyttast meir fleksibelt og effektivt. Eg vil difor rå til at det vert gjennomført **organisatoriske endringar** i 2016 med samanslåing av tenesteområde slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i*

organisasjonen. Slike endringar kan vere krevjande, og eg rår til at det parallelt vert arbeidd med kompetanseutvikling, spesielt leiarutvikling og organisasjonsutvikling.»

Dette er den politiske bestillinga og grunnlaget for å sette i gang prosessen med sikte på endring i organisering.

Mål:
Målsetjinga for omorganiseringa kan då samanfattast og formulerast slik:

> *Organisasjonsendringa skal føre til sterkare koordinering av tenestene og ressursane på tvers i organisasjonen og ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei administrative ressursane, personalressursane og andre ressursar.*

Tidsfrist:
Utgangspunktet er at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017.

Prosjektorganisering:

Prosjektleiing:
Rådmann

Styringsgruppe:
Rådmann, 2 HTV og HVO.

Arbeidsgrupper:
Arbeidsgrupper etter behov der tillitsvalde også er representerte.

Framdriftsplan:
Fase 1 frå 01.01.2016-30.06.2016:

Oppgåve	**Tid**	**Ansvar**
Utarbeiding av prosessnotat.	Innan 20.01	Rådmann
Oppstart drøftingar leiargruppa	21. og 22.01.	
Orientering kontaktutvalet	27.01.	Rådmann
Opprette styringsgruppe	27.01	Rådmann
Dialog med leiarane enkeltvis (ism årsplan)	01.02, 02.02 og 03.02.	Rådmann
Opprette arbeidsgrupper	Innan utgangen av veke 8	Rådmann
Innstilling frå arbeidsgrupper	Innan utgangen av veke 21.	Arbeidsgrupper
Drøftingar i leiargruppa	24.06.16	Rådmannen
Drøftingar styringsgruppa og arbeidsgruppene	Veke 26	Styringsgruppa
Ny organisasjonsstruktur	08.08.16	Styringsgruppa
Kontaktmøte	31.08.16	Rådmannen
Ny organisasjonsstruktur	05.09.16	AMU
Ny organisasjonsstruktur	06.09.16	Formannskapet
Ny organisasjonsstruktur	29.09.16	Kommunestyret

Intern utlysing	Søknadsfrist ++10	Rådmann
Tilsetjing i nye stillingar	Innan ++.10	Rådmann

Fase 2

Implementering ny organisasjon: Ny organisasjon skal gjelde frå 01.01.2017. Førebuinga kan starte ca 01.11.16. Alle brikkene er noko ikkje på plass før eit stykke ut i 2017.

Premissar for prosessen:

- Leiarane er sikra stilling i Herøy kommune og får behalde noverande løn.
- Leiarane skal vere sikra lønsutvikling i samsvar med gjennomsnittleg lønsutvikling.
- Dei tilsette sine rettar skal sikrast i prosessen.
- Arbeidet skal skje i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar.

Olaus-Jon Kopperstad

ORGANISASJONSUTVIKLING

Oppretting av arbeidsgrupper.

Bakgrunnen for prosessen med organisasjonsutvikling er m.a.

- Organisasjonsendringa skal føre til sterkare koordinering av tenestene og ressursane på tvers i organisasjonen og ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei administrative ressursane, personalressursane og andre ressursar
- Rådmannen si leiargruppe er for stor til å arbeide strategisk.

I SWOT- analysen og vidare arbeid i dei to gruppene har det kome fram at omorganisering ikkje løyser alle utfordringane, men utfordringane må finne si løysing gjennom meir kommunikasjon, samarbeid OG organisatoriske endringar.

I tillegg vil det vere behov for planar og prosedyrer for samhandling m.a.relatert til brukarar med samansette behov. Det vil også vere behov for tydlege leiarar både på toppnivå og nivået under med kunnskap, evne og vilje til å arbeide både strategisk for å utvikle gode avdelingar, samt operasjonelt for ei løysingorientert samhandling til beste for brukarane.

Så langt har det vore arbeidd grundig for å identifisere utfordringane i organisasjonen. Vidare i prosessen må det utgreiast kva for utfordringar som må finne si løysing gjennom organisatoriske endringar og kva for utfordringar som kan løysast ved meir kommunikasjon og samarbeid.

For å utgreie dei organisatoriske endringane, vert det opprette fylgjande arbeidsgrupper med slikt mandat og tidsfristar:

Arbeidsgruppe barn og unge (oppvekst):

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** ved å slå saman skuleavdelinga med eit eller fleire av tenesteområda barnehage, barnevern og helsestasjon. I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemer i arbeidsgruppa:

- Leiar skuleavdelinga
- Leiar barnehageavdelinga
- Leiar BFH
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16

Arbeidsgruppe helse og omsorg:

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** ved å slå saman Pleie og omsorg, Buhab og BFH til ei eller to einingar. Gruppa skal særleg sjå på utfordringane i forhold til

- Koordinerande eining
- Prinsippet om generalist og spesialist
- Legetenesta sitt ansvar i forhold til samhandlande partar
- Koordinering av tenester til dei med store behov innanfor psykiatri, rus og/eller demens
- Støttekontakt

I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemer i arbeidsgruppa:

- Leiar Pleie og omsorg
- Leiar Buhab
- Leiar BFH
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16.

Arbeidsgruppe utvikling, eigedom og kultur:

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** ved å slå saman Utvikling, Eigedom og Kultur til ei eller to einingar. Gruppa skal særleg sjå på utfordringane i forhold til

- Grunnkjøp
- Idrettsanlegg
- Investeringsprosjekt
- Næring/samfunnsutvikling
- Brannvern

I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemer i arbeidsgruppa:

- Leiar Utvikling
- Leiar Eigedom
- Leiar Kultur
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16

Arbeidsgruppe stab/støtte:

Mandat:

Arbeidsgruppa skal utgreie **fordeler og ulemper** med ein felles leiar for Økonomi, Personal, Servicetorg, IKT og Dokumentsenteret. Gruppa skal særleg sjå på utfordringane i forhold til

- Samrordning av ressursbruken mellom avdelingane
- Samordne og utvikle stab og støttefunksjonane
- Arbeid- og oppgåvefordelinga
- Innkjøp

I samband med utgreiinga kan arbeidsgruppa innhente erfaringar frå andre kommunar, fylkeskommunale og statlege etatar m.m. Arbeidsgruppa kan også trekkje inn andre fagpersonar etter behov.

Medlemer i arbeidsgruppa:

- Leiar Økonomi
- Leiar Personal
- Leiar Servicetorget
- Leiar IKT
- Leiar Dokumentsenteret
- Tillitsvald
- Verneombod

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar og sekretær.

Frist: 31.05.16.

Dato: 22.11.2016
Arkiv: 217

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet i Herøy

SAK 30/16 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – BARNEVERN - TILTAK, TILSYN, RUTINAR.

Vedlegg
Forvaltningsrevisjonsprosjekt –Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar - Herøy kommune. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 10.11.2016.

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet
Kontrollutvalet i Herøy vedtok som del av etterlevelsesrevisjon jf. revisjonsplan vedteken i kontrollutvalssak 35/15, å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Med avgrensing til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013 – 2015.
Formålet med prosjektet er å sette søkelys på situasjonen i dag og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

- MÅLSETTING

I høve rapporten er formålet med prosjektet å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer.

Revisjonen viser til at det etter innspel frå ein rådmann, vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS sine satsar med omsyn til arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, vert følgd for den enkelte fosterheim.

Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

Barneverntenesta i Herøy kommune er organisert under avdeling Barn, familie og helse, og inngår ikkje i det Interkommunale barnevernet på Søre Sunnmøre.

- PROBLEMSTILLINGAR

1. Fyl kommunen regelverket når det kjem til iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking.
2. Fyl kommunen regelverket i høve tilsynsførarrolla.
3. Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fyl kommunen regelverket.
4. Samanlikning mellom kommunane.

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

Fyl kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking

I rapporten sin del 3, side 16 heiter det i revisor si vurdering:

Tiltak før omsorgsovertaking-tiltaksplanar:
Av rettleiaren frå BLD (Barne- og likestillingsdep.) går det fram at tiltaksplanar er eit viktig verktøy i barnevernsarbeidet av fleire grunnar; den faglege kvaliteten kan verte styrka på fleire måtar gjennom aktiv bruk av tiltaksplanar, dei sikrar openheit og tydelegheit som er særs viktig innanfor ei teneste der mange er ambivalent til å motta hjelp. Planane gir auka forutsigbarheit, noko som er eit vesentlege element i forhold til barna sin rettstryggleik.

Barnevernstenesta i Herøy hadde utarbeida tiltaksplanar for alle dei 6 borna som vart omsorgsovertekne i kontrollperioden 2013-2015. Tiltaksplanane hadde vore regelmessige vurderte/justerte, det hadde vore forskjellege tiltak ved nokre av borna, så det kan tyde på at tiltak og tiltaksplan hadde blitt nytta aktivt for dei dette gjaldt.

Tiltak etter omsorgsovertaking-tiltaksplanar:
Kontrollen viste at barnevernstenesta hadde etablert tilfredstillande rutinar kring utarbeiding av omsorgsplanar, eller førebelse omsorgsplanar der endeleg avgjerd ikkje var gjort vedtak om. Omsorgsplanar eller føreløpige omsorgsplanar låg føre rettidig.

Det låg føre ein del dokumentasjon i klientmappene/fagsystemet som var retta mot biologiske foreldre/heim. Dette gjaldt hovudsakleg kommunikasjon og møter i høve samver, men óg ved nokre høve oppfølging av tiltak og tilbod om oppfølging. I følge adm. har dei rutinar der dei tek kontakt for å vere disponible viss dei treng hjelp i ei eller anna form, men som oftast er ikkje dette ønskeleg. Dei har kontakt i forbindelse med samver.

Barnevernet i Herøy er ein del av avdeling Barn, familie og helse, ei tverrfagleg avdeling og samarbeider på tvers. Denne organiseringa kan vere hensiktmessig m.o.t. at mulege tilbod om hjelpetiltak kan kome frå anna avdeling og ikkje direkte frå barneverntenesta som dei biologiske foreldra kanskje har fått eit anstrengt forhold til. Dokumentasjonen av oppfølginga utover oppfølging i høve samver kunne vore betre.

Kontrollen viste at 2 av omsorgsbarna i kontrollperioden vart plassert i fosterheim innan familien/nær relasjon, men der ein av desse vart flytta til ny fosterheim utanom familien.

Oppfølgingsbesøk:
Barnevernstenesta hadde ikkje oppfylt kravet om tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk for alle omsorgsbarna. I flg. kartlegginga som registrert i tabellen s 16 viser denne at nokre har hatt dei rettmessige oppfølgingsbesøk (4 besøk i fosterheim/barnet, alt. 2 besøk for dei som har vore plasserte i meir enn to år viss det er vurdert som fosterheimen/ omsorgsbarn fungerer tilfredstillande), og alle har hatt besøk i kontrollperioden.

Oppfølgingsdekninga totalt utgjorde ca 75 %, men der enkelte barn hadde 100% oppfølging medan andre hadde berre 50%. Men oppfølgingsdekninga i Herøy var betre enn i samanliknbare kommunar. I følge administrasjonen har dei allereie teke tak i dette, og tilstrekkeleg oppfølging skal vere på plass i 2016.

Politiattest:
Kontrollen synte at rutinen kring innhenting av politiattest fungerte så langt det var muleg å kontrollere ved registrering innlagt i personalsystemet , men politiattestane vart makulerte fortløpande og etterprøving var derfor ikkje muleg. Herøy kommune har plassert sine omsorgsborn også i andre kommunar, og tilsynsansvaret ligg til opphaldskommunen og ingen krav til at omsorgskommunen skal bli orientert om innhenta politiattestar. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere desse kommunane sine rutinar.
Iflg forskrifta skal politiattestane oppbevarast så lenge vedkomande er tilsett i oppdraget. Kommunen sin praksis med makulering er såleis ikkje i samsvar med regelverket.

Revisjonen **konkluderer** med (rapporten del 3, s.17):

Kommunen hadde 6 omsorgsovertakingar i kontrollperioden, og ingen barn var tilbakeført i kontrollperioden. 2 barn vart plassert i familie/familienære relasjonar, men ein av desse flytta til ny fosterheim. Det var etablert tilfredstillande rutinar i høve utarbeiding av tiltaksplanar, og utifrå saksbehandlingssystem har desse blitt revurderte. Det vart i dei fleste omsorgsovertakingar i kontrollperioden sett i verk eit eller fleire tiltak over tid i heimen før omsorgsovertaking, og det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere type tiltak og omfang. Omsorgsplanar eller førebelse omsorgsplanar var rettidig utarbeidd i høve omsorgsovertaking. Det var i tillegg etablert ein del tiltak i høve fosterheim/barnet, spesielt retta mot besøksheim og økonomisk støtte. Det låg føre ein del dokumentasjon i klientmappene/fagsystemet som var retta mot biologiske foreldre/heim, hovudsakleg retta mot samvær.
Kommunen hadde pr. 2015 totalt 9 omsorgsbarn, og berre 1 av omsorgsborna var plassert innan familien/nære relasjonar.
Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredstillande etter gjeldande regelverk, då fleire av barna(fosterheimane) ikkje har hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk. Oppfølgingsdekninga var 75%, men dette er betre enn kommunar det er samanliknbart med.

Politiattest i høve fosterheimsplasseringar, der Herøy kommune er oppdragsgivar var innhenta jfr registrering i saksbehandlarsystem, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring. I følge nye retningsliner er rutinen no endra.

Problemstilling 2:

Fyl kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla

I rapporten sin del 4, side 22 heiter det i revisor si vurdering:

Tilsynsbesøk:
Kommunen hadde i 2015 tilsynsansvar for 16 barn (tilsynsbarn) som var plasserte i Herøy. Alle tilsynsbarna som var plasserte i Herøy hadde oppnemnd tilsynsførar.
Tilsyn av uavhengig tredje person er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Tilsynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året.
Herøy kommune hadde plassert 6 barn i andre kommunar. 2 av barna hadde ikkje hatt tilfredsstillande tilsyn frå fosterheimskommunen, berre 1 tilsynsbesøk i både 2013 og 2014, og 2 tilsynsbesøk i 2015. Herøy kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar der borna er plasserte i andre kommunar, og ein må anta at det derfor ikkje er gjennomført fleire tilsynsbesøk enn det som var registrert. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande rapportar/tilsyn hos fosterheimskommunen, då det er denne sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Kommunen hadde tilsynsansvar for 12 barn som var plasserte i Hareid kommune. Alle tilsynsborn som var plasserte i Hareid pr. dato hadde oppnemnd tilsynsførar, unntatt som var frivillig plassert.
Tilsyn av uavhengig tredje person er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Tilsynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året.
Kontrollen avdekka at ingen av tilsynsbarna i Hareid kommune har hatt tilfredstillande med tilsynsbesøk i kontrollperioden, men nokre av borna har hatt tilstrekkeleg med tilsyn enkelte av kontrollåra. Oversikta viser at det er 5 barn der tilsynsordninga har kome relativt seint i gang. Dette er svært uheldig og viser til veileiar som tilseier tilsynsbesøk helst innan 14 dagar etter omsorgsovertaking/ny fosterheim.

Når det gjeld kommunen sine omsorgsbarn plasserte i andre kommunar viser også dette same tendens, dvs manglande gjennomførte tilsyn, der bl.a. 1 barn plassert i Ørsta kommune ikkje har hatt tilsyn sidan 2013 utover frå barnevernet sjølv, og 2 barn plasserte i Sula har og vesentlege manglar. Hareid kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar der borna er plasserte i andre kommunar, og ein må anta at det derfor ikkje har blitt gjennomført fleire tilsynsbesøk enn det som er registrert/ligg føre. Kommunen purra på manglande tilsyn/rapportar ved barna plasserte i Sula kommune i juni 2016, då det ikkje har vore tilsyn sidan 2014 (1 tilsyn). Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande tilsyn hos fosterheim også utanfor eigen kommune, sjølv om det er fosterheimskommunen sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Tilsynsførarordinga – uavhengigheit - politiattest
I flg. fosterheimsforskrifta skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Barnevernsleiar opplyste at dei ikkje hadde noko system for å dokumentere tilsynsførar si uavhengigheit, men dei hadde rutine for å stille spørsmål i høve dette før tilsynsførar vart oppnemnd. Det var derfor uråd å kontrollere om tilsynsførar var tilstrekkeleg uavhengig. Barnevernsleiar ville undersøke om det var ein mal som kunne nyttast, evt. ta dette opp med andre i barnevernsnettverket.
Barnvernet hadde etablert rutine kring innhenting av politiattest av tilsette/oppdragstakarar som skal utøve tilsyn med barn i fosterheim. Politiattest vert registrert i fagsystemet og sendt til personalavdeling for registrering og oppbevaring saman med tilsetjingsavtalar. Kontrollen avdekka at politiattestar ikkje vart oppbevart i samsvar med forskrifta, dvs oppbevart så lenge vedkomande har oppdraget, men vart makulert etter registrering.

Tilsynsrapportar:
Rapportane skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon. Det skal gå fram kva vurderingane av barnet sin situasjon bygg på, og om det har vore samtaler med barnet. Det skal leggast til rette for samtale med barnet utan at fosterforeldra er tilstade, når alder og kommunikasjon gjer dette muleg. Det vart brukt forskjellige malar av tilsynsførarane, der det var ferdig utarbeida ledetekstar. Ikkje alle dekte krava til innhald i rapportane, m.a. mangla det i enkelte tilfelle opplysningar om kor vidt det hadde vore samtalar med barnet utan andre tilstade. Enkelte rapportar var «tynne» medan andre var fyllestgjerande, og dette skilde seg frå tilsynsførar til tilsynsførar. Barnevernet bør følgje opp at rapportane har tilfredstillande innhald slik at barnevernet som har omsorgsansvar kan vurdere om fosterheimen fungerer tilfredstillande.

Revisjonen **konkluderer** med (rapporten del 4, s.23):

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Herøy kommune vart ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då over halvparten av tilsynsborna ikkje hadde fått dei rettmessige tilsyna i kontrollperioden. Det same gjaldt kommunen sine omsorgsborn som var plasserte i fosterheim i andre kommunar. Barnevernstenesta må derfor skjerpe rutinane kring oppfølging av tilsynsførarar.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vart ikkje dokumentert eigenvurderingar eller annen dokumentasjon m.o.t. vurdering av tilsynsførar si uavhengigheit til barnevern og fosterforeldre, og det var derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane var tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Rutinen kring innhenting av politiattestar fungerte tilfredstillande med omsyn til registrering, men ikkje når det gjaldt oppbevaringsplikta av politiattesten så lenge vedkomande var i oppdraget/stillinga jfr forskrift om politiattest § 8.

Problemstilling 3:

Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket

I rapporten sin del 5, side 26 heiter det i revisor si vurdering og konklusjon:

Utbetaling /kostnader til fosterheimen i arbeidsgodtgjersle, frikjøp og utgiftsdekning utover KS sine satsar utgjorde i 2015 ca 1,3 mill og vart utbetalt til 8 fosterfamiliar. Herøy kommune betalte ikkje utgiftsdekning utover KS sine satsar, men utbetalte i tillegg 718`til kjøp av klede , utstyr, dekking av barnehage/SFO, feriereisetilskot o.l .

Når det gjaldt arbeidsgodtgjersle har det blitt utbetalt dobbelt og trippel KS- sats ved eitt høve, men kommunen har nytta frikjøp frå arbeid i tillegg til arbeidsgodtgjersle i 6 av 8 tilfelle. Det har ikkje vore undersøkt om ekstra arbeidsgodtgjersle er frikjøp frå arbeid pga tapt arbeidsinntekt eller om desse hadde arbeidsinntekt utanfor heimen i tillegg. Vi registrerte at det var « alminneleg» praksis at det vart utbetalt både for frikjøp og samstundes arbeidsgodtgjersle. I flg. BUF dir. skal frikjøpet dekke tapt arbeidsinntekt og erstatning for arbeidsgodtgjersle, slik at når fosterforelder er tilbake i arbeid skal det utbetalast ordinær arbeidsgodtgjersle viss ikkje særskilde grunnar tilseier noko anna.
Sysselsetting i kommunene - nøkkeltall 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Volda	Hareid
Antall sysselsatte i kommune i alt	**943**	469	403	1158	738	1276	520
Antall avtalte årsverk i kommunen som konsern	**626**	306	271	792	551	842	369
Antall avtalte årsverk i kommunen i alt	**610**	304	266	784	510	833	361
Antall avtalte årsverk eksklusive lange fravær i kommunen som konsern (2014)	**549**	277	247	303	516	607	772
Antall avtalte årsverk eksklusive lange fravær i kommunen i alt (2014)	**535**	277	243	296	481	600	764

3.4 Deltid

Det går fram av årsmeldinga at det vert ført oversyn over kven som ynskjer å auke si faste stilling. Kartlegginga er basert på at den einskilde medarbeidar i lag med næraste leiar rapporterer til personal- og organisasjonsavdelinga.

Herøy kommune har vedteke mål om at alle tilsette innan 01.01.17 skal minimum ha ei stilling på 60%. Dette med unntak av reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvernet. Kommunen har redusert «ikkje ønska deltid» med 39 % eller frå 82 medarbeidarar i 2012 til 50 medarbeidarar i 2015. Dei fleste medarbeidarane i uønska deltid var kvinner (47 av 50) og jobba innanfor pleie og omsorgssektoren.

3.5 Sjukefråvær

Herøy kommune hadde i 2015 eit gjennomsnittleg totalt sjukefråværet på 8,42%. Dette er ein auke i høve 2014 på 0,44%. Sjukefråværet bestod av 2 % korttidsfråvær og 6,42% langtidsfråvær.

3.6 Administrativ organisering

Det er teke utgangspunkt i organisasjonskartet som ligg ute på Herøy sin arkivplan. Kommunen er organisert etter ein 2-nivåmodell Sjå modellen nedanfor for meir utfyllande informasjon.



3.7 Økonomi

Herøy kommune hadde i 2015 eit betydeleg betra brutto- og netto dritsresultat sett i høve til 2013 og 2014. I 2015 vart netto driftsresultat 1,1 millionar kr. Dersom ein held RDA midlane utanfor ville netto driftsresultat blitt på om lag 6,8 mill kr. I rekneskapen pr. 31.12.15 utgjorde kommunen sine disposisjonsfond om lag 7,6 mill kr, noko som er ein reduksjon på ca 3 mill kr frå 2014

KOSTRA: Følgjande kvalitetsindikatorar/tal er henta frå KOSTRA- Tabell A. Finansielle nøkkeltal og adm. styring og fellesutgifter.

Finanslelle nøkkeltal 2015	Herøy	Ulstein	Vanylven	Ørsta	Sande	Hareid	Volda	Møre og Romsdal
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**-0,2**	4,9	3,2	3,9	-4,8	2,3	3,1	2,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**0,6**	2,8	3,5	4,3	-3,1	2,6	3,1	2,2
Overskudd før lån og avsetninger i % av brutto driftsinntekter, konsern	**-6,3**	-7,8	3,9	1,7	-4,9	2,2	-3,4	-3,1
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter, konsern	**4,5**	8,6	4,2	3	3,3	4,5	4,1	5,1
Netto avdrag i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**3,1**	5,2	3,1	2,6	3	3,3	2,8	3,7
Netto finans i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**1,3**	3,4	1,1	0,4	0,3	1,2	1,3	1,4
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**1,3**	3,7	1,9	3,8	0	0,4	4,9	4
Akkumulert regnskapsmessig merforbruk i prosent av brutto driftsinntekter,	**0**	0,1	-5,1	0	2,2	1,5	0	1,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**16,9**	40,3	11,7	8,5	29	-0,9	17,9	19,9
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**99,2**	192,2	75,3	78,1	84,2	86,6	93	97,4
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	**243,3**	331,1	231	216,8	256,1	211,5	211,6	243,1
Nøkkeltall i kroner per innbygger, kommunekonsern								
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	**74472**	70278	82577	71096	92137	69245	83024	76476
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	**56213**	53362	72079	59276	81487	54961	68537	63647
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	**51997**	49646	57095	50729	65803	49950	52020	53802
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger, konsern	**74341**	73901	85298	74013	87887	70839	85656	78637
Netto driftsresultat i kroner per innbygger, konsern	**417**	2072	3009	3201	-2732	1822	2662	1708
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	**50661**	50359	56904	50064	60608	48652	49213	50314
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	**73722**	142029	64252	57772	74009	61352	79666	76629
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger, konsern	92548	75171	124005	97042	130176	84983	93897	98208

Nedanfor har ein kommentert nokon av dei mest sentrale nøkkeltala:

Brutto driftsresultat er resultat før dekning av kommunen sine rente- og avdragsutgifter, inntekter i form av utbytte og renter, samt eventuelle avsettingar og eigenfinansiering av investeringar. Avskrivingar påverkar også brutto driftsresultatet. Begrepet kan i stor grad samanliknas med "driftsresultat" i resultatoppstillinga til bedrifter med regnskapsplikt etter regnskapslova. Kommunen hadde eit prosentvis brutto driftsresultat på -0,2 %, medan gjennomsnittet for M&R var 2,7% i 2015.

Netto driftsresultat er eit mål på kor mykje kommunane sit igjen med av driftsinntekter etter at driftsutgifter, netto renter og avdrag er betalt. Målt i prosent av driftsinntektene viser netto driftsresultat kor stor andel av dei tilgjengelege driftsinntektene kommunen kan disponere til avsettingar og investeringar. TBU har gjennomført berekningar som indikerer at netto driftsresultatet over tid bør ligge på rundt 3 % av driftsinntektene for at kommunar og fylkeskommunar skal sitte igjen med tilstrekkelige midlar til avsettingar og investeringar (fram til 2015). Kommunen låg på 0,6% i 2015, og låg dermed under gjennomsnittet for fylket (2,2%). TBU har nedjustert resultatgraden til 2 % for kommunesektoren samla, p.g.a momskompensasjonen knytt til investeringar vert ført i investeringsrekneskapen (eigenfinansiering), og overføring av ansvar for riksvegar.

Langsiktig gjeld: I Herøy utgjorde den langsiktige gjelda 243,3% av brutto driftsinntekter i 2015, medan gjennomsnittet for fylket var 243,1%. Kommunen låg derfor på gjennomsnittet, men kommunen er sårbar med så høg lånegjeld. Når kommunen i tillegg betalar berre minsteavdrag tek det lang tid å nedbetale gjelda. I tillegg endra kommunen prinsipp i fjor frå tommelfinger regelen til vektingmodellen som gjer at kommunen betalar mindre avdrag enn tidlegare. Eventuell renteauke vil også tvinge kommunen til å frigjere midlar for å kunne handtere renteutgiftene. Ulstein hadde den høgaste andelen langsiktig lånegjeld av nabokommunane på Søre Sunnmøre med sine 331%.

4 Rådmann/stab

4.1 Informasjon om tenestene

Sentraladministrasjonen tek hand om dei sentrale stab- og støttetenestene i kommunen og bidreg såleis med administrative tenester til dei tenesteproduserande seksjonane i kommunen. Sentraladministrasjonen er inndelt i Servicetorget, fellessekreteriat (stab og støtteavdelingane), økonomiavdelinga, personal og organisasjonsavdelinga og IKT.

Fellessekretariatet hadde 2,5 årsverk fordelt på tre personar. Ved servicetorget var det 5,5 årsverk. Økonomiavdelinga hadde 7,3 årsverk fordelt på 9 personar, medan personal og organisasjonsavdelinga hadde 5 aktive årsverk. IKT hadde 3 årsverk.

4.2 KOSTRA

2015 Administrasjon., styring og fellesutg. - nøkkeltall (konsern)	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal
Brutto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb.,	5222	6568	7934	3888	4361	7990	4734	5028
Brutto driftsutgifter, administrasjon og styring, i % av tot.brt. driftsutg.	7	8	8,6	5,5	6,2	11,5	5,7	6,6
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb.	4725	5777	7413	3443	3922	5926	4395	4522
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i % av totale netto driftsutg.	9,1	10,1	11,3	6,8	7,9	11,9	8,4	8,4
Lønnsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb.	3566	4402	5139	2630	3336	4798	3200	3095
Lønn, administrasjon og styring, i % av totale lønnsutgifter	8,7	8,1	8,4	5,9	8,6	11,7	5,8	6,5
Brutto driftsutgifter for administrasjon, styring og fellesutgifter								
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring, i kr. pr. innb.	456	692	944	492	395	386	343	481
Brutto driftsutgifter til funksjon 110 Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb.	72	153	209	31	79	118	68	110
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb.	4536	5280	6201	3007	3713	6984	3618	3905
Brutto driftsutgifter til funksjon 121 Forvaltningsutgifter i eiendom, i kr. pr. innb.	18	167	35	162	446	8	187	160
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb.	140	277	545	196	-272	495	517	372
Brutto driftsutg. til F 170 og 171 (premieavvik), i kr. pr. innb.	688	1082	1063	383	792	683	1099	837
Brutto driftsutgifter til funksjon 172 Pensjon, i kr. pr. innb.	1	22	0	0	0	0	21	9
Brutto driftsutgifter til funksjon 173 Premiefond, i kr. pr. innb.	-924	-1471	-1569	-1292	-769	-694	-1412	-1111
Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb.	12	1	11	555	19	1	55	120
Brutto driftsutgifter til funksjon 190 Interne serviceenheter, i kr. pr. innb.	0	30	0	0	1	0	0	150

Herøy (5 222 kr) og Volda (4 734 kr) låg ca på fylkesgjennomsnittet (5028 kr) i høve brutto driftsutgifter pr. innbyggjar knytt til administrasjon og styring. Ørsta hadde dei lågaste kostnadane med 3 888kr. Ulstein hadde også låge kostnadar knytt til administrasjon og styring pr. innbyggjar(4 361kr). Hareid hadde dei høgaste utgiftene med 7 990 kr pr. innbyggjar, medan Sande (7 934kr) og Vanylven (6 568 kr) også hadde høge driftsutgifter knytt til administrasjon og styring. I desse tre kommunane var det spesielt utgifter knytt til administrasjon (funksjon 120) som gjorde utslaget samanlikna med dei andre kommunane.

4.3 Spørjeundersøking kommunestyre og kontrollutval

Økonomifunksjonen: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Budsjett og økonomistyring	0	0,0	0	0,0	1	16,7	2	33,3	3	50,0	6
KOSTRA-rapportering	0	0,0	0	0,0	3	50,0	1	16,7	2	33,3	6
Økonomisk rapportering	0	0,0	0	0,0	1	16,7	4	66,7	1	16,7	6
Finansreglement	0	0,0	0	0,0	3	50,0	1	16,7	2	33,3	6
Bemanning	0	0,0	0	0,0	2	33,3	3	50,0	1	16,7	6

Dei fleste respondentane meiner det er viktig med forvaltningsrevisjon innan økonomi. Over 80% meiner at det i stor eller svært stor grad bør gjennomførast innan *budsjett og økonomistyring*, eller *økonomisk rapportering*. *Om lag halvparten av respondentane* stilte seg nøytrale til *KOSTRA-rapportering og finans/finansreglement*.66,7% av respondentane ønskte i stor eller veldig stor grad ei analyse av *bemanning*.

IKT-funksjonen: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
IKT - drift og vedlikehald	0	0,0	0	0,0	3	50,0	3	50,0	0	0,0	6
IKT-samarbeid	0	0,0	0	0,0	4	66,7	2	33,3	0	0,0	6
Informasjonssikkring	0	0,0	0	0,0	3	50,0	2	33,3	1	16,7	6

Det var generelt størst interesse for eit forvaltningsprosjekt knytt til *IKT-drift og vedlikehald*, eller *informasjonssikring*. 33,3% meinte også at det i stor grad er viktig mht. *IKT-samarbeid.*

Personal og organisering: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Vikarbruk, overtid	0	0,0	1	16,7	1	16,7	4	66,7	0	0,0	6
Stillingsheimlar, tilsetting	0	0,0	0	0,0	2	33,3	3	50,0	1	16,7	6
Sjukefråvær	0	0,0	0	0,0	1	16,7	5	83,3	0	0,0	6
Bruk av konsulenthjelp	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6
Arbeidsmiljø	0	0,0	0	0,0	2	33,3	3	50,0	1	16,7	6

Innanfor personal og organisering var det generelt stor interesse for å få gjennomført forvaltningsrevisjon. 66,7% av respondentane meinte i stor grad at det burde gjennomførast forvaltningsrevisjon med fokus på *vikarbruk og overtid.* Størst oppslutning fekk *sjukefråvær* og *bruk av konsulenthjelp* der 83,3% meinte det i svært stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon. 66,7% meinte det i stor eller svært stor grad bør sjåast meir på *stillingsheimlar* eller på *arbeidsmiljø.*

Servicefunksjonen: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Praktisering av innsyn/openheit	0	0,0	0	0,0	0	0,0	3	50,0	3	50,0	6
Arkivering/journalføring	0	0,0	0	0,0	2	33,3	1	16,7	3	50,0	6

Innanfor servicefunksjonen meinte alle respondentane (100%) av respondentane at det stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor *praktisering av innsyn/openheit,* medan 66,7% meinte det same innanfor *arkivering/journalføring*.

Leiing og styringssystem: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Etikk/organisasjonskultur	0	0,0	0	0,0	3	50,0	3	50,0	0	0,0	6
Avvikshandtering	0	0,0	0	0,0	1	16,7	2	33,3	3	50,0	6
Internkontroll/internkontrollsystem	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6
Risikovurdering	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6
Varsling/varslingsrutiner	0	0,0	0	0,0	1	16,7	4	66,7	1	16,7	6

Innafor leiing og styringssystem meinte 83,3% at det i stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innan *avvikshandtering* eller *varsling/varslingsrutinar, risikovurdering* eller *internkontroll/internkontrollsystem.* 50% meinte i stor grad at det burde gjennomførast forvaltningsrevisjon knytt til *etikk/organisasjonskultur.*

Innkjøp: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Lov om offentlege innkjøp	0	0,0	0	0,0	2	33,3	3	50,0	1	16,7	6
Handtering av anbodsprssessar	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6
Bruk av konsulet/konsulenttenester	0	0,0	0	0,0	2	33,3	2	33,3	2	33,3	6

Innanfor innkjøp var det stor oppslutning for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. 66,7% av respondentane meinte at det i stor eller svært stor grad var viktig med forvaltningsrevisjon innanfor *lov om offentlege innkjøp eller bruk av konsulenttenester.* 83,3% meinte det same om *handtering av anbodsprosessar.*

4.4 Revisjonen sine vurderingar

Innkjøp:

Revisjonen meiner det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt som omhandlar anbodsreglar iht. lov om offentlige anskaffingar med tilhøyrande forskrift. Bakgrunnen for anbefalinga er at dette er et område med et omfattande regelverk og vesentlige kommunale midlar i omløp. Dette er også et område som skårar høgt i spørjeundersøkinga.

Eit anna sentralt emne som vert framheva i spørjeundersøkinga er bruk av konsulenttenester. Eit mogeleg prosjekt kan då vere å kartlegge/analysere konsulentbruken innanfor ei bestemt teneste (for eksempel teknisk).

Overtid og vikarbruk:

I spørjeundersøkinga er det stor oppslutning om å sjå på overtid og vikarbruk. Ser ein dette også i samanheng med det høge sjukefråværet (spesielt innanfor helse og omsorg) kan det vere relevant å gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt der ein ser nærmare på overtid og vikarbruk sett opp i mot fast tilsetting prosjektet bør då avgrensast innanfor ein bestemt sektor eller teneste.

Økonomi og budsjettstyring:

Økonomistyring og kvalitet på den økonomiske rapporteringa er særs viktig og kan få store konsekvensar for politikarane som skal ta avgjerdslar basert på det som blir rapportert. Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen siste åra vil det vere relevant med eit forvaltningsprosjekt innanfor økonomi og budsjettstyring. Dette emne scorar også høgt på spørjeundersøkinga. I eit slik prosjekt vil det vere naturleg å sjå nærmare på kvaliteten på den økonomiske rapporteringa, der ein samanliknar innrapporterte prognosar for dei ulike tenestene opp i mot budsjett og endeleg resultat ved årets slutt.

Det er planlagt gjennomføring av eit forvaltningsprosjekt knytt til økonomi og budsjettstyring hausten 2016. Det som eventuelt blir avdekt i denne revisjonen bør danne grunnlag for om det bør gjennomførast eit oppfølgingsprosjekt i komande periode.

Sjukefråvær:

Et anna prosjekt som vil være aktuelt er ei undersøking av kommunen sine tiltak i forhold til å få ned sjukefråværet blant kommunen sine tilsette og då spesielt retta mot helse og omsorgssektoren. Sjukefråveret har vore relativt høgt i kommunen i fleire år og spesielt innanfor enkelte einingar/tenester. Sjukefråvær skåra også høgt i spørjeundersøkinga.

KOSTRA-rapportering:

I samband med utarbeidinga av forvaltningsrevisjonar, KOSTRA-analyser og den overordna analysen registrerar ein at på mange funksjonar er det til dels store forskjellar mellom kva kommunane har rapportert inn til SSB. Ein har også fått tilbakemelding frå tilsette i kommunane om at ein ønskjer klarare informasjon om kva og korleis tala skal rapporterast inn. Eit mogeleg prosjekt vil derfor vere å gjennomføre ei KOSTRA analyse på enkelte tenester/funksjonar der ein samanlikna KOSTRA-tal opp i mot rekneskapen på hovudpostnivå. Eit slikt prosjekt vil vere mest hensiktsmessig å gjennomføre i fleire kommunar samtidig slik at ein også kan samanlikne KOSTRA-rapportering i kommunane. (sjå vedlegg for ei slik type analyse). For eksempel gjer det stor utslag korleis ein registrerar på funksjon 120, jfr. dei store variasjonane som gjekk fram under kap 4.2.

4.5 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt:

Sentraladministrasjon

- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa

Generelt:

- Overtid og vikarbruk (sektor/teneste/ avdeling?)
- Innkjøp/anbodsprosess (sektor/teneste/avdeling?)
- KOSTRA-analyse (sektor/teneste/avdeling?)
- Sjukefråvær (sektor/teneste/ avdeling?)

5 Oppvekst og utdanning:

5.1 Informasjon om tenestene

5.1.1 Grunnskule

Skuleavdelinga omfattar grunnskulen, kulturskulen, PPT og internasjonal skule.

Grunnskulen i Herøy består av 7 skular (5 barneskular og 2 barne og ungdomsskular). For skuleåret 2015/16 omfattar dette 1064 elevar der 755 er knytt til 1-7 årstrinn og 309 er knytt til 8-10 årstrinn. I tillegg er Møre barne og ungdomsskule lokalisert i myrvåg. Ved skulen var det i skuleåret 15/16 totalt 102 elevar.

Viktige moment frå årsmeldinga og tilstandsrapport for grunnskulen 2015:
Elevtalsutviklinga har samla sett siste åra vist ein gradvis nedgang jfr. folketalsregistreringa, men innvandring har jamna dette biletet noko ut ved skulestart.

I Herøy kommune var det i perioden 2011-2015 ein gradvis nedgang i undervisningsstillingar i forhold til elevtal. For inneverande skuleår kan vi sjå ein liten oppgang. Ein ser også at det er noko færre elevar pr. lærar inneverande skuleår Antal årsverk assistent har også gått gradvis ned siste åra Nedgangen heng saman med eit bevisst fokus på at all undervisning skal ha sitt utgangspunkt i klasseromet i regi av ein pedagog, og at behovet for spesialkompetanse også skal utøvast i klasseromet så langt det er til beste for eleven.

Nasjonale Prøver:

prøvetype	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 5. kl	46	49	50
Rekning 5.kl	48	49	50
Engelsk 5. kl	49	49	50

prøvetype	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	48	49	50
Lesing 9.trinn	50	53	53
Rekning 8.trinn	48	49	50
Rekning 9.trinn	52	53	54
Engelsk 8.trinn	48	49	50

Vi ser at vårt 5. trinn ligg klart under gjennomsnittet både i fylke og på landsbasis i lesing og rekning. Resultata for kommunen har ikkje endra seg sidan i fjor. I engelsk ligg resultatet meir på linje med både fylke og nasjon, men har rett nok gått ned med 1 skalapoeng. 9 For 8. trinn ligg resultata klart under snittet i både lesing, rekning og engelsk. Det ein derimot registrerer over år, er at resultata ser ut til å auke frå 8. til 9. trinn! For 9. trinn ser ein at

både fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet ligg over 50 skalapoeng både i lesing og rekning. Snittet for 9. klasse i Herøy kommune ligg ikkje langt unna med 50 og 52.

Det er også verdt å merke seg at Herøy kommune ligg lågt på fritak for gjennomføring av nasjonale prøver, både i forhold til elevar med ulike lærevanskar og elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Herøy er ein kommune som har aukande tal på elevar frå andre land enn Noreg. Vi har slike elevar i fleire av klassene, og dei gjennomfører prøva på lik linje med dei andre. Dette betyr at dei aller fleste vert kartlagde og er med i talgrunnlaget.

KOSTRA:
Tabellen nedanfor viser utvalde nøkkeltal for kommunen samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, fylket og landet.

Grunnskulen nøkkeltall 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per elev	**109 869**	137 401	164 719	108 749	102 827	110 352	121 673	111 016	112 474
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 22	**104 827**	134 224	159 066	104 772	96 943	104 537	113 020	105 118	105 434
Gruppestørrelse									
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	**13,5**	9,3	8,5	13	13,1	12	11,9	13	13,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn	**12,2**	8,1	6,6	13	11	13	12,3	12,5	13,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn	**13,9**	9,7	8	10,8	13,1	12,3	12,2	12,6	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	**14,9**	10	12	15,2	15,6	10,7	11,1	14	14,3
Dekningsgrader									
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (%)	**6,2**	9,8	4,4	6	6,5	9,3	8,1	8,6	7,9
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (%)	**14,5**	11,7	14,6	13,4	19,7	29,3	22,4	18,9	17,5
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	**5,4**	4,7	4,4	2,6	2,8	12,6	4	4,6	7
Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring	**3,4**	0	0	0	0	0	0	1,1	2,3
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	**64,9**	45,3	55,6	49,4	45,4	43,2	55,8	57,1	59,4

KOSTRA for grunnskulesektoren består av funksjonane 202 «grunnskule», 215 «skulefritidstilbod», 222 «skulelokale» og 223 «skyleskyss». Herøy, Ørsta og Hareid låg rett under fylkes- og landsgjennomsnittet med kostnadar mellom 108 000 – 110 500 kr pr elev. Volda og Vanylven var dyrare enn gjennomsnittet med hhv. 121 673 og 137 401 pr. elev. Sande hadde dei høgaste driftsutgiftene pr elev (164 719 kr) medan Ulstein hadde dei lågaste driftsutgiftene pr. elev med 102 827 kr.

Herøy, Ørsta og Ulstein hadde ein gjennomsnittleg gruppestørrelse på ca 13 elevar. Volda og Hareid låg litt under landsgjennomsnittet i høve gruppestørrelse frå 1-10 klasse med hhv. elevgrupper på 11,9 og 12 elevar. Sande og Vanylven hadde lågast gruppestørrelse med hhv. 8,5 og 9,3 elevar.

Produksjonsindeks grunnskule:
Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) utarbeider kvart år rapportar som tek sikte på å gi informasjon om utviklinga i kommuneøkonomien. For å måle effektiviteten innanfor grunnskulesektoren vert følgjande «indikatorar» lagt til grunn som i stor grad tek utgangspunkt i KOSTRA. Dei forskjellige indikatorane har også forskjellig vekting:

INDIKATOR	Vekt

Grunnskolepoeng (korrigert)	0,752
Læringsmiljø	0,188
Andel innbyggere i alderen 6-9 år med plass i kommunale SFO	0,030
Andel av brukerne av kommunale SFO med fulltidsplass	0,030

Nedanfor går det fram produksjonsindeksen for grunnskulesektoren. Landsgjennomsnittet er 100. Oversikta viser at Sande skårar høgast av kommunane på Søre Sunnmøre etterfølgt av Hareid som ligg akkurat over landsgjennomsnittet. Ørsta kommunen hadde den lågaste indeksen av kommunane på Søre Sunnmøre. Ulstein, Vanylven, Herøy, og Volda låg akkurat under landsgjennomsnittet.

Kommune	Grunnskule
Vanylven	99,5
Sande	104,1
Herøy	**97,9**
Ulstein	97,1
Hareid	101,2
Ørsta	95,9
Volda	98,9
Møre og Romsdal	99,3

5.1.2 PPT

Herøy kommune har eige pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). På Søre Sunnmøre har Ørsta/Volda felles PP-teneste, det same har Ulstein/Hareid og Sande/Vanylven. Tenesta er heimla i opplæringslova §5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkyndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Dette er ei gjennomgåande teneste for aldersgruppa 0-19 år og for vaksne som har rett til spesialundervisning. I 2013 var 4,55 årsverk knytt til PPT-tenesta i Herøy.

Spesialundervisning:

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 6,2% av elevane i Herøy tok i mot spesialundervisning i 2015. Dette er under gjennomsnittet for fylket, og berre Sande og Ørsta hadde lågare andel av kommunane på Søre Sunnmøre. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 14,5% og er tredje lågast av alle nabokommunane og godt under fylkesgjennomsnittet.

Spesialundervisning 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	**6,2**	9,8	4,4	6	6,5	9,3	8,1	8,6
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	**5**	2,9	4,2	3	4,5	7,9	5,5	6,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	**3,8**	10,6	4,7	7,7	9,2	10,4	9,2	9,7
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	**9,9**	14,8	4,3	8,7	6,2	10,1	10,7	10,5
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	**14,5**	11,7	14,6	13,4	19,7	29,3	22,4	18,9

Spesialundervisning fordelt på klassetrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane. I Herøy ser ein ein veldig høg andel på ungdomstrinnet samanlikna med småskulen og storskulen.



Det kan vere fleire grunnar til at ein ser ein auke i spesialundervisning i forhold til klassetrinn. Ein grunn kan vere at spesialundervisninga ikkje har effekt, eller at av ein eller anna grunn ikkje kjem i gong med spesialundervisninga før.

5.1.3 Barnevernstenesta:

Barnevernstenesta er organisert som ein del av avdeling Bar, familie og Helse i kommunen. Kommunen hadde 7,5 stillingar tilknytt tenesta i 2015.

Barnevernstenesta si årsmelding:

Barnevernet arbeidde med 95 barn i løpet av 2015. Vidare går det fram at barn som går under omsorg ved fylte 18 år, ynskjer å bli følgt opp med ettervernstiltak. Desse sakene blir prioriterte. Barnevernet har tilsyn med 15 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommunar. Barnevernet hadde ikkje fristoverskridingar i høve barneversundersøkingar i 2015.

Nøkkelinformasjon henta frå årsmeldinga 2015:

Nøkkelinformasjon	2015	2014
Melding	53	67
Antall undersøkingar	50	36
Avslutta undersøkingar	42	46
Barn under omsorg Barn på midlertidig tiltak (4-6,2). Beredskapsheim	8 0	9 0
Barn med hjelpetiltak i løpet av året	68	81
Barn i fosterheim	8	9
Barn i ungdomsheim Barn i barneverninstitusjon	1	1
Barn i ettervern (etter fylte 18 år)	10	9

Kommunebilde fylkesmannen

I april 2014 gjennomførte fylkesmannen tilsyn med barnevernsverksemda sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheimar. Det vart ikkje funne brot på regelverket på området.

Rapporteringa til fylkesmannen for andre halvår 2014 viser at kommunen i stor grad etterlever lovkrava på dette området også siste halvår. Rapporteringa viser vidare at fristane for saksbehandling i gjennomførte undersøkingssaker er brotne i 23,5% av sakene dette halvåret. Sidan kommunen har få undersøkingssaker, må ein vere forsiktig med å tolke dette talet. Likevel er dette eit område kommunen bør følgje nøye framover.

Andelen barn med tiltak frå barnevernet pr. innbyggjar 0-17 år er noko høgare i Herøy enn i fylket og kommunegruppa. Samtidig brukar kommunen mindre per innbyggjar 0-17 år til barnevernet. Ei forklaring på dette kan vere at andelen barn som får hjelp i heimen er høgare enn gjennomsnittet for fylket medan andelen barn som er plassert utanfor heimen er lågare enn gjennomsnittet for fylket. Tiltak utanfor heimen er vanlegvis langt meir kostnadskrevjande enn tiltak i heimen.

KOSTRA

Tabellen nedanfor viser utvalte nøkkeltal for barnevernet for kommunane på Søre Sunnmøre samanlikna med fylke- og landsgjennomsnittet.

Barnevern - nøkkeltall 2015	Herøy	Sande	Ørsta	Ulstein	Vanylven	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	6490	4230	7611	8723	11400	8331	7874	7691	8378
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	5	5,1	4,6	3,9	6,2	4,9	6,8	5,1	4,8
Andel meldinger med behandlingstid innen 7 dager	87	100	96	84	100	94	91	98	98
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	70	67	52	49	93	38	53	70	83
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	82	82	87	81	87	84	84	82	86
Andel meldinger som går til undersøkelse	96,3	76,2	87,8	90,9	100	91,4	83,6	81	80,3
Andel undersøkelser som førte til tiltak	45,5	66,7	38	34,3	50	32,1	54,8	44,9	41,7
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	3,5	4,9	3,1	3,4	5	4,6	4,9	3,8	4,3
Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak	81,4	:	83,5	77,1	81,2	86,2	86,2	81,2	83,5
Andel barn med omsorgsplan av barn under omsorg	90	:	92,3	93,3	100	62,5	64,3	83,2	91,8
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk	17,9	13,8	22,1	16,3	15,9	19,2	16,4	18,3	16,1

Kommunane tilknytt det interkommunale barnevernet hadde netto driftsutgifter på mellom (7611 kr – 8723 kr) Fylkesgjennomsnittet var 7 691 kr pr. innbyggjar i alderen 0-17 år i høve barnevernstenesta. Vanylven hadde det høgast registrerte utgiftsnivået av kommunane på Søre Sunnmøre (11 400kr), medan Sande hadde det lågaste (4230 kr). Herøy hadde 6490 kr pr. innbyggjar.

I Herøy gjekk 96,3% av meldingar vidare til undersøking. Dette er over land- og fylkesgjennomsnitt.

Det vert vidare vist til KOSTRA-analyse som ligg ved (vedlegg 1) for ei detaljert samanlikning mellom dei ulike kommunane mht. KOSTRA-tal for barnevernstenesta.

Fylkesstatistikk

Kommunane rapporterer kvart halvår informasjon om barnevernstenesta til Barne-, likestillings- og inkluderings-departementet via Fylkesmannen. Kommunen si rapportering gir blant anna informasjon om meldingar og undersøkingar, for eksempel henleggingar og fristoverskridingar, og om oppfølging av barn i fosterheim. Nedanfor går det fram tal for 2015. Tabellane som gjeld hjelpetiltak og omsorgstiltak har ein nytta gjennomsnittet for første og andre halvår 2015.

Meldingar

2015 Kommune	Gjennomgåtte meldingar	Henlagte meldingar	% henlagt	Antall fristoverskridingar	% fristoverskridingar
Ulstein	44	4	9,1	7	15,9
Hareid	70	5	7,1	1	1,4
Herøy	53	2	3,8	7	13,2
Sande	21	5	23,8	0	0,0
Vanylven	23	0	0,0	0	0,0
Volda	65	11	16,9	3	4,6
Ørsta	82	10	12,2	3	3,7
Total	358	37	10,3	21	5,9

Ovanfor går det fram informasjon om korleis barnevernstenesta har handsama innkomne meldingar i perioden. Ulstein og Herøy hadde begge sju fristoverskridingar i perioden. Ørsta og Volda hadde begge tre fristoverskridingar. Hareid hadde ei fristoverskriding i perioden, medan Sande og Vanylven ikkje hadde fristoverskridingar.

Undersøkingar

2015 Kommune	Ant. nye undersøkelser	Ant. avsluttede undersøkelser	Antall henlagt	% henlagt	Vedtak om tiltak fra BVtjenesten	Ant. saker oversendt fylkesnemda	Antall fristoversittelser	% fristoversittelser
Ulstein	40	34	22,0	55,0	12,0	0	14	35,0
Herøy	51	43	23,0	45,1	19,0	1	4	7,8
Sande	16	9	3,0	18,8	6,0	0	0	0,0
Hareid	65	56	38,0	58,5	17,0	1	21	32,3
Vanylven	23	30	15,0	65,2	15,0	0	0	0,0
Volda	54	62	27,0	50,0	35,0	0	14	25,9
Ørsta	72	75	48,0	66,7	27,0	0	17	23,6
Total	321	309	176,0	54,8	131,0	2	70	21,8

Ovanfor viser informasjon om undersøkingar gjennomført av barnevernet i perioden.). I Herøy var det registrert 4 stk. Ein registrerte at Ørsta hadde ein høg andel fristoverskridingar (17stk (23,6%)), men både Ulstein, Hareid og Volda hadde også eit høgt antal fristoverskridingar (14-21 stk) I Sande og Vanylven var det ikkje rapportert inn fristoverskridingar i løpet av året.

Hjelpetiltak

2015 Kommune	Antall barn i hjelpetiltak totalt	Antall barn med tiltaksplan	% andel med tiltaksplan
Ulstein	52	45	87,4
Herøy	71	66	93,6
Sande	18	15	83,3
Hareid	30	27	88,3
Vanylven	17	15	85,3
Volda	85	76	88,8
Ørsta	70	62	87,9
Total	**342**	**304**	**88,9**

Alle born som får hjelpetiltak skal ha utarbeida tiltaksplan. I dei fleste kommunane hadde mellom 85-90% av alle barn med hjelpetiltak fått utarbeida tiltaksplan. Herøy kommune hadde størst prosentvis andel born som hadde fått utarbeida tiltaksplan med 93,6%. Der 66 av 71 born hadde fått utarbeida tiltaksplan.

Omsorgsplan

2015 Kommune	Antall barn under omsorgs	Antall barn med omsorgs plan	% andel med plan	Antall barn uten omsorgs plan	% andel uten plan
Ulstein	15	14	93,3	1	6,7
Herøy	10	9	94,7	1	5,3
Sande	2	2	100,0	0	0,0
Hareid	16	11	71,0	5	29,0
Vanylven	7	6	85,7	1	14,3
Volda	11	9	81,8	2	18,2
Ørsta	15	15	96,7	1	3,3
Total	75,0	65,5	87,3	10	12,7

Når barnevernet tek over omsorga for eit barn skal det utarbeidast ein midlertidig omsorgsplan, og i løpet av eit år utarbeidast ein endeleg omsorgsplan. I Herøy var det 1 barn som ikkje hadde fått plan (3,3%).Hareid hadde det høgast antal born utan omsorgsplan (5 stk). I Sande hadde alle barna under omsorg fått utarbeida ein omsorgsplan. I Vanylven, Ulstein og Ørsta hadde 1 barn ikkje fått utarbeida plan, medan i Volda var det 2 barn.

5.1.4 Barnehage:

Årsmelding/Årsrapportar

Herøy kommune har 4 kommunale og 5 private barnehagar. Tal på årsverk i barnehageavdelinga/kommunale barnehagar var pr. desember 2015 30,6. Dette inkluderer barnehageleiar og til saman 2,7 ekstra ressurs til barn med særskilte behov.

Kommunen hadde etter barnehageopptaket 2015 full barnehagedekning. Det er ikkje gitt avvik til nokon av barnehagane der det har vore ført tilsyn med etter barnehagelova i 2015. Kommunen fekk to klager på vedtak om kommunalt tilskot etter rekneskapsavslutninga for 2015. Sakene er vidaresendt fylkesmannen.

Av hovudutfordringar/prioriteringar 2016 blei det vist til:

- Oppretthalde god kvalitet med stor rammeinnsparing
- Tidleg oppdaging av barn som treng hjelp

- Pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning i samsvar med pedagognorma i lov om barnehagar
- God tenesteyting trass høgt sjukefråvær
- Gjennomføre kompetanseutvikling etter vedtatt plan
- Trygge uteområde i barnehagane

Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Rekruttering:
Kommunen hadde 20,3 prosent av styrarar og pedagogiske leiarar på dispensasjon frå utdanningskravet i des. 2013. Det betyr 12 av 59 på dispensasjon. Herøy kommune synest såleis å ha betydelege utfordringar med å få rekruttert kvalifisert personell til barnehagane. Sett i forhold til SSB sine prognosar for befolkningsutviklinga, vil behovet for tilsette i barnehagane vere aukande på lang sikt (2020-2040), med pluss 16 tilsette i 2020, og minus 2 fram mot 2040. Dette i forhold til dagens bemanningsnivå, og erstatning av tilsette som sluttar/ går av med pensjon kjem i tillegg.

Likestilling:
I basisverksemda med styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar er det i barnehagane i Herøy ca 2 % menn, dvs 3 av 147, mot fylkessnittet på 4,5%

Innhaldet i barnehagen og utviklinga av kvalitet i barnehagen:
Fylkesmannen sin kjennskap til innhaldet i barnehagesektoren kjem i det vesentlege frå klagesaker, gjennomførte tilsyn og kontakt i samband med tildeling av utviklingsmidlar, konferansar, møte m.m Det er stabilt arbeid på kommunenivået med det barnehagefaglege ansvaret over tid. Kommunen har utvikla lokal rammeplan for barnehagane for perioden 2012 – 2016. Deltakande på FM sine samlingar, aktiv og engasjert både når det gjeld oppgåvene kommunen har som eigar og som myndigheit. Fylkesmannen opplever eit godt samarbeid i det regionale barnehagenettverket på Søre-Sunnmøre, 7-stjerna. Det vart gjennomført tilsyn i 2012 utan avvik eller merknader.

Økonomisk likeverdig behandling:
I Herøy kommune er det 4 kommunale barnehagar og 5 ikkje-kommunale. Praktiseringa av forskrift om likeverdig økonomisk behandling av ikkje-kommunale barnehagar er såleis eit svært aktuelt tema.

KOSTRA:

2015 Barnehagar - nøkkeltall	Herøy	Vanylven	Ørsta	Ulstein	Sande	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	**14,1**	10,6	15,8	15,2	9,5	15,8	13,6	14,1	14,8
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger	**7364**	6035	8008	7737	6292	7883	7075	7594	7891
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (%)	**93,6**	92,1	94,2	95,2	85,6	92,3	97,9	92,6	90,4
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (%)	**24,3**	56,1	59,3	13,5	44,6	43,9	52,6	47,8	50,7
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	**160 450**	175 635	178 742	202 507	222 222	179 561	173 551	176 317	178 162
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	**81,4**	83,3	95,9	91,4	76,5	87,9	96,9	88,7	91,8

I Herøy kommune var 14,1 % av kommunen sine totale netto driftsutgifter knytt til barnehagar. Dette gav korrigerte brutto driftsutgifter på 160 450 kr pr barn noko som er under gjennomsnittet pr barn i høve land- og fylkesgjennomsnittet, samt lågast av nabokommunane. Herøy som har låg andel styrarar/pedagogisk leiarar har også låge driftsutgifter pr. barn. I Herøy gjekk 24,3% av alle barna i barnehage i ein kommunal barnehage.

Produksjonsindeks:

For å måle effektiviteten innanfor grunnskulesektoren vert følgjande «indikatorar» lagt til grunn som i stor grad tek utgangspunkt i KOSTRA. Dei forskjellige indikatorane har også forskjellig vekting:

INDIKATOR	Vekt
Korrigert opphaldstimar i kom. og priv. barnehagar i forhold til behovskorrigert innbyggartal	0,8
Andel ansatte med førskuleutdanning	0,1
Antal m^2 leike og uteareal per barn i alle barnehagar	0,1

Nedanfor går det fram produksjonsindeksen for barnehagesektoren. Landsgjennomsnittet er 100. Oversikta viser at Volda, Herøy, Ørsta og Hareid låg rett over landsgjennomsnittet i forhold til produksjonsindeksen for barnehagar. Sande (trass høge kostnadar) og Vanylven skårar lågare enn landsgjennomsnittet. Ulstein kommunen hadde den høgaste indeksen av kommunane.

Kommune:	Barnehage
Vanylven	91,7
Sande	92,2
Herøy	**105,2**
Ulstein	112,1
Hareid	100,3
Ørsta	105,6
Volda	102,2
Møre og Romsdal	103

5.2 Spørjeundersøking kommunestyret og kontrollutval:

Det blei stilt spørsmål ved viktigheita av forvaltningsrevisjon innanfor ulike tenestene i oppvekstsektoren. Svarresultata går fram nedanfor:

Grunnskule: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Spesialundervisning	0	0,0	0	0,0	2	28,6	2	28,6	3	42,9	7
Tilpassa opplæring	0	0,0	0	0,0	2	28,6	4	57,1	1	14,3	7
PPT	0	0,0	0	0,0	1	14,3	3	42,9	3	42,9	7
Organisering og ressursbruk	0	0,0	0	0,0	3	42,9	2	28,6	2	28,6	7
Måloppnåing i grunnskulen	0	0,0	0	0,0	3	42,9	1	14,3	3	42,9	7

Ca 71,4% av respondentane meinte at det i stor eller i svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor spesialundervisning, tilpassa opplæring, og 85,8% ønska det same innanfor PPT. Innanfor organisering/ressursbruk og måloppnåing i grunnskulen ønska 57,1% i stor eller veldig stor grad forvaltningsrevisjon innanfor emna.

SFO: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Organisering og ressursbruk	0	0,0	0	0,0	5	71,4	2	28,6	0	0,0	7
Tilbod og etterspørsel	0	0,0	0	0,0	5	71,4	2	28,6	0	0,0	7

Innanfor SFO stilte dei fleste respondentane seg nøytrale til forvaltningsrevisjon (71,4%). 28,6% av respondentane meinte at det i stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor organisering og ressursbruk eller tilbod og etterspørsel.

Barnevern: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Meldingar/undersøkingar	0	0,0	0	0,0	1	8,3	8	66,7	3	23,1	12
Tiltak i heimen/ omsorgsovertaking	0	0,0	0	0,0	2	15,4	5	38,5	6	50,0	13
Kontroll/tilsyn i høve omsorgsovertakinga	0	0,0	0	0,0	3	25,0	3	25,0	6	50,0	12
Akuttvedtak/ omsorgsovertaking	0	0,0	0	0,0	3	25,0	4	33,3	5	41,7	12
Ressursbruk (analyse)	0	0,0	0	0,0	1	8,3	7	58,3	4	33,3	12

Innafor barnevern er det relativt høg oppslutning for at det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon i neste periode. Dei to emna som fekk mest oppslutning var meldingar/undersøkingar og ressursbruk. På desse emna ønska 91,7% av respondentane at det i stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon. Innan tiltak i heimen og kontroll og tilsyn i høve omsorgsovertaking ønskte 50% av respondentane at det i svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon.

Barnehage: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Tilsyn ved private barnehagar	0	0,0	0	0,0	4	57,1	3	42,9	0	0,0	7
Tilskot til private barnehagar	0	0,0	0	0,0	2	28,6	4	57,1	1	14,3	7
Ressursbruk og kvalitet (bemanni	0	0,0	0	0,0	4	57,1	3	42,9	0	0,0	7
Spesialpedagogiske tiltak	0	0,0	0	0,0	3	42,9	2	28,6	2	28,6	7

Innanfor barnehage var det størst ønske for at det vart gjennomført forvaltningsrevisjon der ein ser nærmare på tilskot til private barnehagar eller eit prosjekt der ein ser nærmare på spesialpedagogiske tiltak i barnehagen (tidleg innsats).

5.3 Revisor si vurdering:

Grunnskule/PPT (Spesialundervisning/tilpassa opplæring)

I 2014 gjennomførte revisjonen forvaltningsprosjekt i Herøy innan spesialundervisning. I prosjektet undersøkte ein bl.a. at elevar som hadde fått tildelt spesialundervisning hadde fått utarbeida sakkyndig vurdering, individuelle opplæringsplanar og årsrapportar. Det som prosjektet ikkje hadde fokus på var den tidlege innsatsen og kartleggingsprosessen til PPT. Derfor kan det vere aktuelt og relevant med ei forvaltningsprosjekt der ein ser på kartleggingsprosessen (bla. sakshandsamingstid) og kartleggingsarbeidet til PPT. PPT fekk også høg score på spørjeundersøkinga.

Barnehage:

Det er også veldig viktig at born med særskilte behov får oppfølging og tilrettelegging så tidleg som mogeleg derfor er det viktig at samarbeid mellom barnehage og PPT fungerer tilfredstillande, og at det vert sett i verk tiltak tidleg. Tidleg innsats kan ha stor effekt på barna og gjere store utslag i borna si utvikling. Eit mogeleg prosjekt vil derfor vere å sjå på PPT sitt arbeid i høve tidleg innsats i barnehagen. Dette emnet fekk også høg score i spørjeundersøkinga.

Det kan også vere relevant å samanlikne og analysere ressursbruk og kostnadar mellom private og offentlege barnehagar.

Barnevern:

Rapporteringa til fylkesmannen viser at Herøy har relativt mange barn i fosterheimar, frå eigen og andre kommunar, og kommunen har hatt utfordringar med å oppfylle lovkrava om tilsyn av desse barna. I 2016 er det under arbeid eit forvaltningsprosjekt som tek føre seg tilsynsførarordninga i alle kommunane på Søre Sunnmøre. Det som eventuelt vert avdekt i dette prosjektet bør også takast med i vurderinga av eit eventuelt oppfølgingsprosjekt.

5.4 Aktuelle områder for forvaltningsrevisjon:

Grunnskule /PPT

- Tidleg innsats
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

Barnevernstenesta

- Sakshandsaming i barnevernstenesta (behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar)
- Oppfølging av born med tiltak
- Oppfølging av born ved omsorgsovertaking

Barnehagar

- Tidleg innsats/ samarbeid med PPT
- Samanlikning/analyse mellom offentlige og private barnehagar

6 Kommunalteknisk:

6.1 Informasjon om tenestene:

6.1.1 Anleggs- og driftsavdelinga

Anlegg og driftsavdelinga har bl.a. ansvar for:

- Idrett
- Sentrum og grøntanlegg
- Veg og gatelys
- Vegvedlikehald
- Hamner
- Avløp
- Brann og ulukkesberedskap, samt førebygging
- Feiing

I årsmeldinga blir det vist til at ein i 2015 ikkje har registrert skriftelege klager etter forvaltningslova, samt at tenestene har tilfredstillande dekningsgrad.
Gjennomføringa ev ein del planlagde driftstiltak og investeringar har vorte forseinka i forhold til oppsette målsetjingar. Årsakene til dette er samansette og skuldast mellom anna manglande kapasitet i avdelinga, manglande finansiering, uføresette krav om regulering osv.
Det ver knytt 12,8 årsverk til anlegg og drift.

KOSTRA:

Årsgebyr:

2015 Gebyrsatser/ brukerbetaling	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva.	..	2910	5897	2340	2751	**3489**	2362	3344	3377
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva.	**4062**	2489	3147	2311	2234	**2078**	676	3117	3781
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva.	**3142**	2307	3146	1800	3141	**3142**	1800	2732	2618
Årsgebyr for septiktømming - ekskl. mva.	**925**	1035	1018	1215	800	**918**	1215	1114	..
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva.	**242**	181	316	481	369	**335**	423	415	431

Gebyret er oppgitt for år n+1, dvs. at for år 2015 er det rapportert gebyret per 1. januar 2016. Gebyret er i KOSTRA-rapporteringa utan meirverdiavgift. Tala er basert på ein standardbustad på 120 m2.

Ser ein på vassgebyret hadde Volda og Ørsta dei lågaste av nabokommunane. Hareid hadde eit årsgebyr som låg litt over fylke og landsgjennomsnittet. Sande hadde dei desidert høgaste årsgebyra knytt til vassforsyning. Ulstein låg lågare enn både fylke- og landsgjennomsnittet, medan Herøy kommune har ikkje kommunalt vassverk og går derfor ikkje fram i KOSTRA-rapporteringa.

I høve årsgebyr for avløp var Herøy dyrast av alle nabokommunane med 4062 kr. Volda hadde det lågaste gebyret med 676 kr og skuldast vedtak om redusert gebyr for 2016 pga. utjamning av sjølvkostfond. Hareid låg under land og fylkesgjennomsnittet med 2078 kr. Sande (3 147kr) var blant dei dyraste av kommunane på Søre. Ulstein, Ørsta og Vanylven låg alle under land- og fylkesgjennomsnittet med gebyr på mellom 2200-2500 kr.

I høve avfall og renovasjon registrerar ein at kommunane tilknytt Søre Sunnmøre reinhaldsverk (Herøy, Ulstein, Sande og Hareid) har relativt høge årsgebyr (ca 3142 kr) samanlikna med nabokommunane og fylke- og landsgjennomsnittet . Volda og Ørsta hadde dei lågaste med 1800 kr medan Vanylven hadde eit årsgebyr på 2307 kr.

Kvalitet på sjølvkosttenestene:

Kvalitet på tenestene 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Hareid	Ulstein	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Avfall og renovasjon									
Dager pr år med utvidet åpningstid for mottak av avfall	144	50	52	76	10	..	76	63	72
Antall hentinger av avfall som inneholder matavfall, pr år	26	26	26	52	26	26	52	43	36
Andel levert til materialgjenvinning inklusiv biologisk behandling	50	22	50	43	50	50	43	33	38
Farlig avfall fra husholdningene levert til kommunale mottak per årsinnbygger	5	9	5	5	5	5	5	..	..
Vatn									
E.coli: Andel innbyggere tilknyttet med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	100	100	100	100	100	99,8	99,6
Intestinale enterokokker: Andel innbyggere med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	100	100	100	100	100	99,6	98,9
Farge: Andel innbyggere tilknyttet med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	87,4	100	100	100	95,9	99,2	98,7
pH: Andel innbyggere tilknyttet med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	67	4,6	100	..	91	86,5	96,9
Gjennomsnittlig årlig avbruddstid i vannforsyningen (totalt)	..	0,26	2,7	0,17	1,22	0,42	2,86	0,99	0,66
Gjennomsnittlig årlig avbruddstid i vannforsyningen (ikke-planlagt)	..	0,06	2,21	0,06	0,68	0,42	2,83	0,56	0,21
Andel fornyet ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år	..	1,72	4,27	0,71	1,03	4,01	0,76	0,7	0,69
Estimert vannlekkasje per meter ledning per år (m3/m/år)	..	2,3	12	10,9	2,1	10,3	3,6	3,9	4,7
Avløp									
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der rensekrav er oppfylt	95,1	96,6	..	0,3	..	7,5	98,1	47,6	32,1
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der rensekrav ikke er oppfylt	..	..	..	..	..	73,1	..	12,9	52,8
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der oppfyllelse av rensekrav ikke kan vurderes	4,9	3,4	..	99,7	..	19,4	1,9	39,5	15
Antall kloakkstopper i avløpsledninger og kummer per kilometer spillvannsnett	0	0,18	..	0,017	0,019	..	..	0,048	0,048
Andel fornyet spillvannsnett, gjennomsnitt for siste tre år	0,12	1,25	..	0,24	0,41	0,14	0,16	0,33	0,57

I høve kvaliteten på sjølvkosttenestene registrerar ein for Herøy kommune at antal hentingar av avfall er dobbelt så høgt i Volda og Ørsta enn i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Dette er merkverdig sett i samanheng med at Ørsta og Volda har dei desidert lågaste årsgebyra tilknytt tenesta.

6.1.2 Brann og feiing

